



Møteinncalling

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik, Møterom biblioteket
Dato:	29.05.2024
Tid:	09:00

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Anders Kristoffer Opheim
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024	2024/8	
GK 7/24	Godkjenning av protokoll frå møte 07.05.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 9/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet.	2022/226	
PS 10/24	Årsrekneskap og årsmelding for Ulvik herad 2023 - uttale frå kontrollutvalet.	2024/56	
	Referat saker		
RS 4/24	VS: Nytt fra FKT april 2024	2023/503	
RS 5/24	Krav om avslutting av sak 22/440, 68/3 - Grusbrekko	2022/272	
	Politiske saker		
PS 11/24	Eventuelt	2022/227	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Ulvik herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2024/8-5

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	6/24	29.05.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 16.02.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll frå KU i Ulvik herad - 16.02.2024.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Biblioteket,
Dato:	16.02.2024
Tid:	10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Oppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Harald Gorm Johnsen	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Lars Helge Ljone	Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	SV

Ingen av dei andre varamedlemane kunne møte for Hans Åge Ohnstad-Johansen

Andre som møtte

Trygve Solberg	Økonomisjef
Janne Eraker	Revisjonssjef/dagleg leiar, Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor, Vestlandsrevisjon IKS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Anders Kristoffer Oppheim
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12.10.2023	2022/223	
	Politiske saker		
PS 1/24	Forvaltningsrevisjon – kjøp av tenester frå andre kommunar frå andre kommunar - handlingsplan	2022/337	
PS 2/24	Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad	2022/329	
PS 3/24	Orientering frå kommunedirektør – nytt frå heradet	2022/226	
PS 4/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll perioden 2024-2028	2023/418	
PS 5/24	Årsmelding 2023 for kontrollutvalet	2024/21	
PS 6/24	Møteplan 2024 for kontrollutvalet	2024/27	
PS 7/24	Eventuelt	2023/503	
	Referat saker		
RS 1/24	Møteprotokoll frå møte i Heradsstyret 13.12.2023 gjeldande budsjettsaka for kontrollutvalet	2024/18	
RS 2/24	Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023	2024/16	
RS 3/24	FKT – medlemsinformasjon desember 2023	2022/221	

Godkjenningsaker

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 8/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.12.2023

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til møteprotokoll frå møte 07.12.2023.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 07.12.2023 vart godkjent.

Politiske saker

PS 01/24 Forvaltningsrevisjon – kjøp av tenester frå andre kommunar - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplan gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til møte 05.09.2024

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef orienterte om handlingsplan slik det kjem fram av saksframlegg og vedlegg til saka, og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplan gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til møte 05.09.2024

PS 2/24 Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad til orientering.
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2025, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2025.

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef orienterte gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad, og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad til orientering.
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2025, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2025.

PS 3/24 Orientering frå kommunedirektør – nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef orienterte mellom anna om:

- Ny møteromsavdeling i Sentrumsbygget
- Anna nytt om kommunale bygg
- Ny stilling på samfunn og plan
- Raset på Tveito
- Brøyting
- "Familiens Hus"
- Status flyktningar
- 10 faktor medarbeidarundersøking
- Sommarjobb 2024 - søknadsfrist 4 mars
- Isbre AS
- Anbudskonkurranse ERP - økonomi og personalsystem
- Skifte av leiar i Benchmark
- Prosjekt for etablering av Katharine Kølle senter

Presentasjonen er send til utvalsmedlemmane 26.02.2024, slik det vart avtalt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 4/24 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll perioden 2024-2028

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vestlandsrevisjon orienterte kort om saka.

Kontrollutvalet og sekretariatet vart ikkje informert på førehand om at denne saka måtte flyttast til eit seinare møte.

Vedtak i saka var samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vart utsett til maimøte.

PS 5/24 Årsmelding 2023 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til årsmeldinga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet.

PS 6/24 Møteplan 2024 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
16.02.2024
29.05.2024
06.09.2024
29.11.2024

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte møteplan og forslag til møtedato for 2024.

Kontrollutvalet vart einig i å endre septembermøte til 5. september og novembermøte til 28. november.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
16.02.2024
29.05.2024
05.09.2024
28.11.2024

PS 07/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Orientering frå Vestlandsrevisjon IKS gjeldande Hardanger Barnevern

Kontrollutvalet vart einig i å lukke møte før saka vart handsama med heimel i Kom.l. § 11 - 5, 2. og 3. ledd (jamfør Off.l. § 13 og Forv.l. § 13, 1 ledd.)

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Referat saker

RS 1/24 Møteprotokoll frå møte i Heradsstyret 13.12.2023 gjeldande budsjettsaka til kontrollutvalet

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 2/24 Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 3/24 FKT -medlemsinformasjon desember 2023

Saksprotokoll 16.02.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Ulvik herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2024/8-6

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	7/24	29.05.2024

Godkjenning av protokoll frå møte 07.05.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 07.05.2024 vert godkjent

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll 070524

**Møteprotokoll**

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik, sentrumsbygget, Storsalen
Dato:	07.05.2024
Tid:	09:00 – 14:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Opheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Harald Gorm Johnsen	Medlem	SV
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune

Anders Kristoffer Opheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 8/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll perioden 2024-2028	2023/418	

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 16.02.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til protokoll frå møte 16.02.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 16.02.2024 vart godkjent.

PS 8/24 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll perioden 2024-2028

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/226-14

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	9/24	29.05.2024

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Samandrag

Kommunedirektør er invitert til dette møte. Målsettinga med denne saka er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad har gjort vedtak om at utvalet ønskjer at kommunedirektør kan kome og orientere utvalet om «nytt frå heradet» i kvart møte.

«Kontrollutvalet ønskjer sak «Nytt frå heradet». Målsettinga er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøter framover. Det er ikkje sikkert kommunedirektør har moglegheit til å møte kvar gong i kontrollutvalet, men kommunedirektør vil med dette verte invitert til kvart møte.

Konklusjon

Informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/56-6
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	10/24	29.05.2024

Årsrekneskap og årsmelding for Ulvik herad 2023 - uttale frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2023

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2023 for Ulvik herad. Uttalen skal følgje saka vidare til heradsstyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale årsrekneskap 2023 Ulvik herad
- 2 Revisjonsmelding_Ulvik_2023
- 3 Ulvik_Rapport etter revisjonen av årsrekneskapen 2023
- 4 Arsrapport 2023 e rev
- 5 Årsrekneskap_2023_e_rev3

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 29.05.2024, behandla utvalet sin uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er heradsstyret sitt ansvar å forvalte heradet sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare heradsstyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Heradsstyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at heradsstyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsb, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå kommunedirektør, motteke 10.05.2024
- Kommunedirektør si årsmelding, motteke 10.05.2024
- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2024
- Rapport om årsrekneskapen nr. 4 2024, dagsett 15.04.2024
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjerrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til heradet

- I tillegg har ansvarleg revisor og kommunedirektør supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon IKS

Heradet sin revisor, Vestlandsrevisjon IKS, har lagt fram ei revisjonsmelding, vedlegg 2. Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

Vi har revidert årsrekneskapen for Ulvik herad som viser eit netto driftsresultat på kr -6 001 281. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav,
- og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Revisor er nøgd med avlegging av årsrekneskap i heradet har levert ei såkalla «rein» eller «normal revisjonsmelding».

Revisjonsrapport nr. 4 for rekneskapsåret 2023 frå Vestlandsrevisjon IKS

Revisjonsrapport nr. 4 for rekneskapsåret 2023 frå Vestlandsrevisjon IKS til heradet, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke revisjonsrapport nr. 4, dagsett 15.04.2024 og denne vert lagt fram for kontrollutvalet i møtet. (Vedlegg 4)

Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Revisor skriv slik:

Ulvik herad har for året 2023 levert eit godt dokumentert og fullstendig rekneskap i høve til oppstillingar og informasjon i notar etter krava i kommunelov og forskrift. Rekneskapen vart levert tilnærma rettidig etter lovkrav. Årsmelding vart levert rettidig. Våre spørsmål undervegs i revisjonsprosessen har blitt raskt avklara og eventuelle oppdateringar og korreksjonar har vorte handtert på ein rask og god måte. Dette bidreg til at vi får gjennomført og avslutta revisjonsarbeidet innan lovpålagt frist.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå kommunedirektør sin uttale i årsmeldinga:

«Ved slutten av 2022 oppsummerte me året med at meirforbruket på 3,5 mill kunne relaterast til pandemien, og etteverknader etter den, særleg mtp sjukefråveret og behov for ekstra vikarbruk. I 2022 fekk me godkjent at kostnaden var relatert til pandemien, og me fekk refundert det meste av meirforbruket frå staten. I 2023 er det ikkje slik.

I startgropa til 2023 såg året ut som mykje skulle gå betre. Prognosar om skyhøge straumprisar tilsa 10 millionar i meirinntekter og Helse og velferd hadde ikkje synlege skjær i sjøen. Slik vart det dessverre ikkje. Det budsjetterte mindreforbruket på drygt 16 millionar vart redusert til tre. Meirforbruket på 13 millionar skuldast i stor grad særleg høge utgifter til vikarinneleige på helse og store ekstra kostnader knytt til enkelttiltak, samt ekstraordinær prisvekst i kjøpte tenester (barnevern, mv) over tid som det ikkje har vore teke høgde for i budsjettet. I tillegg kjem uføresette hendingar på avløp, jf orienteringar undervegs i året.

Som orientert om før, så har det vore naudsynt å sjå nærare på dei store og aukande kostnadane me har hatt på kjøp av tenester frå eksterne, både frå private teneste-leverandørar og frå andre kommunar. Kommunedirektøren ba difor Kontrollutvalet om å endre prioriteringa på forvaltningsrevisjon, og å gjennomføra forvaltningsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar. Slik revisjon er gjennomført i 2023, og med den konklusjon at det er dels mangelfullt samsvar mellom rekneskap og avtalt kostnads-deling, samt at kostnadane har skote i vêret siste åra. Særleg gjeld dette innan barnevern.

Som ein konsekvens av dette har kommunedirektøren sagt opp avtale om felles barnevernteneste med Ullensvang kommune, samt avtale med Voss herad om kjøp av PPT og kommunepsykolog. No skal heradet nytta 2024 til å finna ut kva som er lurt å gjera vidare, frå 2025, for å sikra forsvarleg tilbod og kontroll på tenestene, inkludert økonomien. Tilsvarande skal me også sjå på kjøp av tenester frå ulike konsulentfirma, særleg på eining for samfunn og plan, med mål å få ned kostnaden på kjøp av tenester frå eksterne.

Med bakgrunn i at me stadig vert færre yrkesaktive arbeidstakarar per pensjonist, så har heradet gått inn som deltakar i eit nasjonalt prosjekt kalla TØRN. Dette er eit program der ein skal snu den negative utviklinga på helse generelt (nasjonalt), og det skal mellom anna skje gjennom oppgaveoverføring og rett person på rett plass i organisasjonen, m.v.

Dei ekstraordinære inntektene, særleg relatert til sal av konsesjonskraft er inntekter me, med dagens kunnskap, kan rekna med at me vil ha nokre år framover, men uvisst kor lenge. Det er uansett viktig at me ikkje brukar desse midlane til ein generell vekst i drifta, men at me set av det me kan av ekstraordinære inntekter, slik at me kjem i posisjon til å gjera dei investeringar me ser vil koma, mellom anna sentrumsutvikling, skule og barnehage. Ny brannstasjon er også noko me veit er på trappene, og som det ligg krav om at me får på plass.»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til heradsstyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Kommunedirektør har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av heradet i 2023.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig

- betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
 - e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
 - f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2023.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i heradet byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå heradet.

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»


Ulvik herad har løyst dette ved å rapportere om internkontroll og tilsyn som ein del av årsmeldinga.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapa for 2023 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativ med kr. – 6 001 000, dvs. netto resultatgrad på – 3,18% (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 0,8 % for 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Ulvik herad har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2019 (0,80%), 2020 (5,40%), 2021 (2,74%), 2022 (-1,27%) og 2023 (-3,18%) sjå graf nedanfor. Dette er andre året i 5 års perioden Ulvik herad har eit netto driftsresultat som er negativt og vesentleg svakare enn både tilrådinga frå TBU og gjennomsnittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad heradet sin handlefridom og evne til å tole svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Lånegjelda for Ulvik herad er for 2023 under tilrådinga med 69,61% av driftsinntektene.

Disposisjonsfondet i 2023 er på 6,65 % av driftsinntektene, altså over Riksrevisjonen si tilråding på minst 5 %.men monaleg svakare enn i 2022

Heradet si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør vere under 5%. I 2023 er netto rente og avdragsutgifter 5,35%.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig meirforbruk i høve regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 4 for 2023
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Ulvik herad har i 2023 eit negativt netto driftsresultat og disposisjonsfond og lånegjeld som innfrir tilrådingane frå Riksrevisjonen.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til heradsstyret.



Til Ulvik herad ved heradsstyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023

Kontrollutvalet har 29.05.2024 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023 for Ulvik herad som motteke frå heradet 10.05.2024, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.2024.

Heradet har i 2023 eit netto negativt driftsresultat på kr – 6 001 000. Revisor har levert ei normal (rein) revisjonsmelding.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga tilrår kontrollutvalet etter ei samla vurdering at årsrekneskap og årsmelding for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på – 3,18% av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Lånegjeld er berekna til 69,61% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er at ein ikkje bør ha meir i lånegjeld enn 75 % av driftsinntektene.
- Gjeldsbelastning er berekna til 5,35% av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsbelastninga ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 6,65% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%.

Kontrollutvalet registrerar at alle nøkkeltala for heradet i det alt vesentlege er noko betre enn tilrådingane, med unntak av driftsresultatet.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmelding av 15.04.2024 og revisjonsrapport nr. 4 av 15.04.2024, har kontrollutvalet ikkje merknader til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2023.

Kopi:
Formannskapet

Til heradstyret i Ulvik herad

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ulvik herad som viser eit netto driftsresultat på kr -6 001 281. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav,
- og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgave å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 31. mars 2023 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og Kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i internkontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Ulvik herad si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Isdalstø, 15. april 2024

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur", De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Eraker, Janne

Statsautorisert revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-04-15 21:36:23 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: GK8FG-DE0CG-WSFEW-Q36PE-HEVSI-EZJZE

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



RAPPORT OM ÅRSREKNESKAPEN 2023, NR 4

Ulvik herad

Innleiing

Vi har revidert heradet sin årsrekneskap for 2023. Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil.

Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og omfattar mellom anna stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

Uavhengig melding frå revisor er for 2023 ei såkalla normalberetning. Det inneber at revisjonen ikkje har avdekket og påvist vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen eller i heradet si øvrige rapportering. Vi har ved våre testar av kontrollar og vurdering av kommunens interne kontrollsystem ikkje avdekt svakheiter av vesentleg betydning.

Med vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen meinast feil og manglar som ville kunne påverke brukarane av rekneskapen si oppfatning og vurdering av den økonomiske rapporteringa. Med vesentlege manglar i Ulvik herad sitt interne kontrollsystem, meinast vesentlege feil og manglar som ikkje blir løpande avdekt av administrasjonen sine eigne rutinar og system.

Vi har for 2023 avgitt ein normalberetning, men det er det nokre tilhøve vi vurderer som forbetningsområde og ønskjer å sette fokus på. Dette blir gjort i denne rapporten som oppsummerer nokre av tilhøva som følgjer av vår revisjonsgjennomgang dette året. Vi vil også vise til forenkla etterlevingskontroll for 2023 som blir rapportert til kontrollutvalet innan 30. juni 2023.

Generelt

Årsrekneskap og årsmelding vart avlagt av administrasjonen og oversendt til revisjonen i all hovudsak innan lovpålagt frist. Fristen for å avlegge årsrekneskapen er 22. februar året etter rekneskapsåret medan årsmelding har frist 31. mars. Vi har avslutta arbeidet og datert revisjonsmeldinga 15. april 2024.

Internkontroll

Internkontroll på økonomiområdet er eit sentralt område. Vi vurderer internkontrollen som generelt god. Det er ingen vesentlege avdekte kontrollsvakheiter. Men vi oppmodar heradet til å vidareutvikle kontrollhandlingar som vert utført på ulike område og dokumentere desse, slik at desse vert etterprøvbare. Ein velfungerande internkontroll bidreg til at risikoen for feil og misleg framferd blir så låg som mogleg. Vi har gjennom vårt arbeid i 2023 ikkje avdekt misleg framferd.

Fokusområde i revisjonsarbeidet

Område vi har særskilt fokus på i revisjonsarbeidet er:

- Inntekter
- Innkjøp (både innan drift og investering)
- Løn og pensjon
- Avstemmingsrutinar ulike område
- Periodiseringar og estimat
- Meirverdiavgiftskompensasjon
- Bundne fond
- Oppstillingar, formelle og øvrige tilhøve

Inntekter

Rammetilskot og skatt utgjer hovuddelen av inntektene i heradet. Tala her er avstemt mot oversiktar frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) utan avvik. Øvrige inntekter er kontrollert og avstemt mot underdokumentasjon og eller på stikkprøvebasis utan vesentlege avvik. Kontroll retta mot riktig periodisering av inntektene, med fokus på gjennomgang av siste del av 2023 og første del av 2024 avdekte ingen vesentlege avvik.

Innkjøp/kostnader

Gjennomgang av innkjøp i Ulvik herad omfattar både driftsrelaterte kostnader samt investeringar. Når det gjeld investeringar har vi eit ekstra fokus retta mot skilje drift og investering. Hovudårsaka til det er at det ikkje er lov å lånefinansiere drift. Det er etablert god intern kontroll på området, med arbeidsdeling ved godkjenning av faktura. Vi kontrollerer ei rekke bilag gjennom heile året i samband med attestasjon på dei terminvise oppgåvene knytt til meirverdiavgiftskompensasjon. Eventuelle feil vi oppdagar blir kommunisert og blir korrigert løpande i året. Vi kontrollerer også at periodiseringa av kostnader er riktig. Her gjennomgår vi både periodiseringane heradet sjølv har gjort, samt at vi kontrollerer ei rekke kostnader rundt årskiftet. Vi har ikkje avdekt vesentlege avvik knytt til innkjøp i heradet i rekneskaper for 2023, men vi har nokre kommentarar knytt til innrapportering av tredjepartsopplysningar:

- Offentlege og kommunale myndigheiter har plikt til å sende inn tredjepartsopplysningar, dette går fram av Lov om skatteforvaltning kapittel 7.
- Ulvik herad har rapportert tredjepartsopplysningar, ytingar til livsopphald, for 2023, men ved ein feil ved rapportering er nokre rapportar sendt inn med null. Innrapporterte tal stemmer derfor ikkje med rekneskap for 2023. Rapportar frå NAV sitt program viser differansar med uvesentlege beløp.
- Vi rår til å arbeide vidare med rutine knytt til tilfredsstillande dokumentasjon, avstemming og korrekt rapportering av opplysningar knytt til tredjepartsopplysningar.

Løn og pensjon

Løn og pensjon utgjer ein stor del av kostnadane i heradet. Vi utfører ulike kontrollar knytt til dette området. Vi har blant anna gått gjennom rutinar og prosess på lønsområdet, både når det gjeld rutinar for lønskjøring og rutinar for avstemming og dokumentasjon. Vår gjennomgang avdekte ingen vesentlege avvik og viste at det er god orden på lønsområdet. Vi har også testa eit utval reiserekningar.

Vidare har vi utført analytiske kontrollar, der vi ser etter uvanlege utslag. Vi fant ingen indikasjonar på vesentlege avvik. Det er god oppfølging på området knytt til sjukelønsrefusjon.

Vi har kontrollert avstemmingane knytt til pensjonskostnad og årets premieavvik, og bokførte tal knytt til pensjon er avstemt mot aktuarberekning.

Vi har ikkje avdekt vesentlege feil i rekneskapen knytt til løn og pensjon.

Avstemmingsrutinar og dokumentasjon av balansen

Vi har innhenta og kontrollert avstemmingar på ulike område, både når det gjeld avstemmingar undervegs i året og per 31.12. Det er generelt gode avstemmingsrutinar på mange område, bl.a. bank, meirverdiavgiftskompensasjon og løn. Når det gjeld dokumentasjon av balansen stiller Bokføringsloven strenge krav. Dokumentasjon av balansen skal underbygge balansepostane si:

- Fullstendigheit (alle balansepostar er bokført)
- Gyldigheit/Realitet (berre balansepostar som eksisterer og gjeld den bokføringspliktige er bokført)
- Nøyaktigheit (balansepostane er korrekt bokført, herunder riktig periodisert og verdsatt)

Vi rår til framleis å ha fokus/prioritering på kvalitet på balanseavstemmingane, samt fokus på jamleg avstemming gjennom året. Dette gjer avstemmingsarbeidet enklare og raskare når ein kjem til årsoppgjeret. Revisjonen ser ei positiv utvikling i kvalitet på avstemmingar og dokumentasjon av rekneskapen frå tidlegare år.



- Anleggsregister

Sal av "Oppgjer for Bagne skule gnr 34 bnr 10 er redusert med tilførte kostnader og salssum framkjem ikkje med heilt rett beløp i investeringsrekneskapen. Vi vurderer ikkje dette som vesentleg feil.

Periodiseringar, manuelle postar og estimat

Vi utfører kontrollar knytt til riktig periodisering i rekneskapen, dette har vi omtala tidlegare. Vi gjennomgår også manuelle postar og estimat, her under avsetjingar, til dømes avsetjing for tap på krav. Vi har ikkje funne vesentlege avvik på dette området.

Meirverdiavgift og kompensasjon for meirverdiavgift

Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon kan vere relativt komplisert for kommunar, med mange utfordrande problemstillingar. Vi har gjennomgått rutinar og analysert meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon i høve til aktuelle tenesteområde og prosjekt i rekneskapen. Vi har ikkje avdekket vesentlege feil med behov for korreksjonar i samband med gjennomgangen. Vår vurdering er at meirverdiavgift og kompensasjon for meirverdiavgift har fokus i organisasjonen og det er god intern kontroll på området.

Bundne fond

Vi har gjennomgått bundne fond og føringar mot desse i 2023, her under fond knytt til sjølvkost.

Vi rår til at heradet også vidare jamleg vurderer bundne fond i rekneskapen, særleg der det ikkje er føringar dei siste år. Ved gjennomgangen bør ein vurdere aktualiteten til dei ulike fonda og sjå etter om midlar eventuelt må vurderast tilbakeført.

Oppstillingar, formelle og øvrige tilhøve

- Rekneskapsdokumentet er i all hovudsak i tråd med krava i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.
- Årsmeldinga inneheld lovpålagt informasjon.
- Bruk av disposisjonsfond til finansiering av investering:
 - Heradsstyret har i 2023 vedteke å nytte kr 7,5 millionar av disposisjonsfond til investeringsføremål. Det er derfor bokført bruk av fond med dette beløpet. Det er også budsjettert med overføring til investering med tilsvarande beløp. På grunn reglane om avslutning av kommunerekneskapen er denne overføringa til investering stroke. Det er derfor ikkje nytta av disposisjonsfond for å finansiere investeringa i 2023. Heradet kan seinare år

vurdere om vedteke bruk av disposisjonsfond bør førast tilbake til disposisjonsfond dersom det er ein situasjon der det må gjennomførast stryking i driftsrekneskapen ved årsslutt.

Avsluttande kommentarar

Ulvik herad har for året 2023 levert eit godt dokumentert og fullstendig rekneskap i høve til oppstillingar og informasjon i notar etter krava i kommunelov og forskrift. Rekneskapen vart levert tilnærma rettidig etter lovkrav. Årsmelding vart levert rettidig. Våre spørsmål undervegs i revisjonsprosessen har blitt raskt avklara og eventuelle oppdateringar og korreksjonar har vorte handtert på ein rask og god måte. Dette bidreg til at vi får gjennomført og avslutta revisjonsarbeidet innan lovpålagt frist.

Vi takkar for eit godt samarbeid.

Med venleg helsing,
Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor



Ulvik herad
Perla i Hardanger



Årsrapport 2023

2023



Innholdsliste

1	Ulvik.....	4
2	Stab	24
3	Oppvekst.....	41
4	Helse og velferd	57
5	Samfunn og plan	77
6	Finans (290).....	97

1 Ulvik

1.1 Kommunedirektøren si innleiing

TILBAKEBLIKK PÅ 2023 - SLIK KOMMUNEDIREKTØREN SER DET

Ved slutten av 2022 oppsummerte me året med at meirforbruket på 3,5 mill kunne relaterast til pandemien, og etteverknader etter den, særleg mtp sjukefråveret og behov for ekstra vikarbruk. I 2022 fekk me godkjent at kostnaden var relatert til pandemien, og me fekk refundert det meste av meirforbruket frå staten. I 2023 er det ikkje slik.

I startgropa til 2023 såg året ut som mykje skulle gå betre. Prognosar om skyhøge straumprisar tilsa 10 millionar i meirinntekter og Helse og velferd hadde ikkje synlege skjær i sjøen. Slik vart det dessverre ikkje. Det budsjetterte mindreforbruket på drygt 16 millionar vart redusert til tre. Meirforbruket på 13 millionar skuldast i stor grad særleg høge utgifter til vikarinneleige på helse og store ekstra kostnader knytt til enkelttiltak, samt ekstraordinær prisvekst i kjøpte tenester (barnevern, mv) over tid som det ikkje har vore teke høgde for i budsjettet. I tillegg kjem uføresette hendingar på avløp, jf orienteringar undervegs i året.

Som orientert om før, så har det vore naudsynt å sjå nærare på dei store og aukande kostnadane me har hatt på kjøp av tenester frå eksterne, både frå private teneste-leverandørar og frå andre kommunar. Kommunedirektøren ba difor Kontrollutvalet om å endre prioriteringa på forvaltningsrevisjon, og å gjennomføra forvaltningsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar. Slik revisjon er gjennomført i 2023, og med den konklusjon at det er dels mangelfullt samsvar mellom rekneskap og avtalt kostnads-delning, samt at kostnadane har skote i vêret siste åra. Særleg gjeld dette innan barnevern. Som ein konsekvens av dette har kommunedirektøren sagt opp avtale om felles barnevernteneste med Ullensvang kommune, samt avtale med Voss herad om kjøp av PPT og kommunepsykolog. No skal heradet nytta 2024 til å finna ut kva som er lurt å gjera vidare, frå 2025, for å sikra forsvarleg tilbod og kontroll på tenestene, inkludert økonomien. Tilsvarande skal me også sjå på kjøp av tenester frå ulike konsulentfirma, særleg på eining for samfunn og plan, med mål å få ned kostnaden på kjøp av tenester frå eksterne.

Med bakgrunn i at me stadig vert færre yrkesaktive arbeidstakarar per pensjonist, så har heradet gått inn som deltakar i eit nasjonalt prosjekt kalla TØRN. Dette er eit program der ein skal snu den negative utviklinga på helse generelt (nasjonalt), og det skal mellom anna skje gjennom oppgåveoverføring og rett person på rett plass i organisasjonen, m.v.

Dei ekstraordinære inntektene, særleg relatert til sal av konsesjonskraft er inntekter me, med dagens kunnskap, kan rekna med at me vil ha nokre år framover, men uvisst kor lenge. Det er uansett viktig at me ikkje brukar desse midlane til ein generell vekst i drifta, men at me set av det me kan av ekstraordinære inntekter, slik at me kjem i posisjon til å gjera dei investeringar me ser vil koma, mellom anna sentrumsutvikling, skule og barnehage. Ny brannstasjon er også noko me veit er på trappene, og som det ligg krav om at me får på plass.

Me har jobba med kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanens samfunnsdel, heile 2023, og målet er å få vedteke planen i løpet av 2024. Det same gjeld beredskapsplanar og heilskaplet ROS, som også skal vedtakast på nyåret 2024.

Tidlegare omtalte næringsinteresser i Osa og på Bruravik har det ikkje skjedd så mykje meir med i 2023, men begge desse sakene vert arbeidd med i administrasjonen. Det same gjeld andre moglege prosjekt som kan skapa grunnlag for vekst i heradet.

Bustadfeltet på Hjelmavoll 1, dvs bustadfeltet som vart bygd for nokre år sidan, har framleis nokre uselde tomter att. Desse tomtane har administrasjonen starta eit arbeid med å utgreie med tanke på rask bygging av attraktive bustader, enten for leige eller eige. I tillegg jobbast det med fleire områdeplanar, mellom anna Sentrum, der også vidare bruk av Skeie-tomta inngår. Nye bustader i gamle sjukeheimen har førebels ikkje enda i nokon konkret søknad frå eigar, så administrasjonen vil jobba for å få avklaring på dette i 2024.

Av større investeringar i 2023 bør ombygging av sentrumsbygget nemnast særskilt.

Det vart løyvd midlar til ombygging av Sentrumsbygget, slik at me får på plass eit viktig og etterlengta møterom, og kan frigjera kantina til det den er tenkt brukt til. Arbeidet med detaljar rundt dette har vore jobba med i 2023, med mål om ferdigstilling i 2024. Det var budsjettert med ny heis i 2023, men på tampen av året ser me at denne ikkje kjem på plass før i 2024. Dette skuldast tilhøve hjå leverandør.

Økonomien er ganske god, sjølv om meirforbruket har vore for høgt på enkelte område. I organisasjonen er me fulltallige på leiarsida, etter at det vart tilsett ny kommunalsjef for samfunn og plan, ny kommunalsjef for helse og velferd og utlyst og tilsett ny kommunal-sjef for oppvekst, der skule og barnehage er samla under den nye kommunalsjefen. Mellomleiarar på helse er tilsett og ass.rektor på skulen reknar me med å ha på plass våren 2024.


Det var kommunestyreval hausten 2023, med det resultat at det vart ny samansetjing i heradsstyret og at me fekk ny ordførar. Ca halvparten av heradsstyremedlemene vart bytt ut med nye, og fleire av dei nye er relativt unge. Samarbeidet mellom administrativt og politisk nivå er godt og framtidretta, noko me meiner det er viktig å verna om.

Heradet har stabile og kompetente medarbeidarar på alle ledd i organisasjonen, frå reinhaldarar og driftspersonale i samfunn og plan til tilsette i helse, NAV, oppvekst og i stab, inkl IKT og kultur.

Ulvik har hatt folketalsvekst dei siste par åra. Dette, i kombinasjon med auka inntekter, spanande næringsprosjekt i emning, budstader under planlegging og planar som er i støypeskeia, så har kommunedirektøren stor tru på at utviklinga til heradet vil halda fram med å vera positiv, og at me står klare til å møte dei utfordringar som evt vil koma.

Hovudfokuset til administrasjonen skal framleis vera å levera gode tenester til innbyggjarane, å levera det ein politisk vedtek og å utgreie alle saker med høg integritet og god kvalitet, som sikrar god flyt.

1.2 Årsmeldinga sitt føremål



Årsmeldinga er heradstyret sitt verkty for å kontrollera om heradet møter sine lovpålagte forpliktingar og har etterlevd vedteke budsjett for året som var.

Årsmeldinga er heimla i kommunelova §§14-2 og 14-7 og skal utarbeidast for føregåande rekneskapsår, innan 31. mars kvart år og vedtakast samtidig som årsrekneskapan.


Årsmeldinga skal skildra status for og resultat av verksemda, økonomisk status og opplysa om høva for likestilling, forsvarleg kontroll og høy etisk standard i verksemda. Økonomiske avvik i høve årsbudsjettet skal skildrast med årsakar.

Ovannemde vurderingar danner grunnlaget for avklaringar i 2023 og oppfylgingsbehov i økonomiplan 2024-2027.

1.3 Organisasjon

1.3.1 Organisasjonskart

Administrativ organisering pr. 01.09.2023:



Resultateiningsmodellen er ein organisasjonsmodell med to avgjerdsnivå: Kommunedirektør (tidl. rådmann) og resultateiningsleiarane. Resultateiningsleiarane er kommunalsjefar for sine einingar.

Kva er ei resultateining?

Ei resultateining er ei tenesteytande verksemd (til dømes ein skule eller ein barnehage) som har fått delegert det fulle ansvar og mynde innafør eige budsjett i arbeidet med å oppnå målsettinga med verksemda.

Ved innføring av resultateiningsmodellen i kommunal organisering er målsettinga å styrka heradet sin rolle som samfunnsaktør, bruka ressursar effektivt og sikra god kvalitet på yta tenester. Heradet skal venda seg meir mot innbyggjarane som brukarar og borgarar og betre kontakt med private og andre offentlege aktørar.

Resultateiningsprinsippet baserer seg på tanken om "fridom og ansvar hand i hand" der medarbeidaren er ressursen. Større fridom og ansvar i møte med brukaren tillèt meir fleksibilitet og kreativitet i viset medarbeidarane løyser førespurnadar på. Prinsippet baserer seg vidare på lagorganisering og eigen medverknad og fordrar kompetanseutvikling og oppnåing av målbare resultat.

For at resultateiningane skal fungera etter intensjonen må leiarane for desse ha mynde i alle saker som rører ved personalet, som tilsetjingar, endring av stillingar og oppseiingar.

Det vart tilsett kommunalsjef for Oppvekst hausten 2023, dermed er barnehage og skule no blitt til

ei eining: Oppvekst.

1.3.2 Nøkkeltal for personalområdet og likestilling

Personalstatistikk for 2023	
Tal tilsette (uavhengig av stillingsbrøk)	180
Tal menn	59
Tal kvinner	121
Gjennomsnitt løn (i heile tusen)	552
Gjennomsnitt løn (menn)	555
Gjennomsnitt løn (kvinner)	551
Del deltidstilsette (menn)	19 %
Del deltidstilsette (kvinner)	33 %
Del midlertidig tilsette (menn)	3 %
Del midlertidig tilsette (kvinner)	6 %
Tal veker foreldrepermisjon (menn) - ikkje snitt	16
Tal veker foreldrepermisjon (kvinner) - ikkje snitt	66

Når det gjeld deltid, er det fleire årsaker til at me har dette:

1. Det er nokre tenester som har mindre omfang, t.d. brannmannskap som er tilsett i 2 % stillingar, kinopersonale, etc. Slike stillingar kan aldri verta fulltid i Ulvik, men dei kan sjølvsagt inngå i ei 100 % stilling.
2. Det er nokre tilsette som, av ulike årsaker ynskjer å jobbe deltid. Dette kan vere grunngeve i små barn, at ein har økonomisk fridom til det, at ein jobbar deltid hjå annan arbeidsgjevar eller driv eiga verksemd på deltid, f eks eigen gard, etc.
3. Redusert arbeidstid grunna helsemessige utfordringar
4. Med turnusarbeid er det vanskeleg å berre ha heile stillingar, det vil bli noko deltid, m.a. på grunn av helgevakter
5. Så lenge me har frivillig/ynskja deltid, er det vanskeleg å unngå ufrivillig deltid

Det vart gjennomført ei kartlegging av frivillig og ufrivillig deltid vinteren 2022, der det viste seg at den ufrivillige deltida i Ulvik utgjer 25 %. Resultatet frå kartlegginga er jobba vidare med inn i Kompetanseplanen (sjå eige avsnitt om dette).

Ulvik herad sitt likestillingsarbeid har som mål at alle skal setjast pris på og ha like moglegheiter for deltaking i samfunnet, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, alder, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet.

Lønsmessig er det liten skilnad på menn og kvinner i Ulvik, men menn tener i gjennomsnitt så vidt meir.

1.3.3 Sjukefråvær

Sjukefråvær 2023	Fråværsprosent	Korttidsfråværsprosent	Langtidsfråværsprosent
Stab	2,88 %	1,31 %	1,56 %

Sjukefråvær 2023	Fråværsprosent	Korttidsfråværsprosent	Langtidsfråværsprosent
Oppvekst	9,37 %	3,57 %	5,80 %
Helse og velferd	8,71 %	2,04 %	6,66 %
Samfunn og plan	7,55 %	0,45 %	7,10 %
Ulvik herad	8,10 %	2,26 %	5,84 %

Sjukefråværsutvikling	2020	2021	2022	2023
Totalt (eigenmelding og legemeldt kort- og langtidsjukefråvær)	6,30 %	6,78 %	8,53 %	8,10%

Sjukefråværet for 2023 ligg framleis langt over før-pandemiår, men likevel lågare enn 2022, så det er von om at me har nådd toppen, også med tanke på long-covid-tematikken, og at me i åra framover igjen kan nytta meir ordinære verkty til å handtera og førebyggja fråvær.

Det er framleis langtidsfråværet som dominerer, med høge tal på alle einingar utanom stab.

1.3.4 Kompetanseutvikling

Me har starta på arbeidet med Kompetanseplan for Ulvik herad i 2023 og målet er å ferdigstilla denne i 2024. Det er eit partsamansatt utval som jobbar med denne planen: 3 Kommunalsjefar, 2 hovedtillitsvalde, 1 tillitsvald og 1 hovedverneombud. Det er gjort kartlegging og vurdert tiltak for både å halda på kompetanse og tiltrekka seg ny kompetanse. Dette er eit viktig arbeid og tiltak frå kompetanseplanen vil bli innarbeidd i økonomi- og handlingsplanen.

Stab

Økonomiavdelinga og stabssjef deltek på aktuelle kurs innan personal, tariff og økonomi. Tenestetorget deltek på kurs innan arkiv og sakshandsamingssystem, kultur deltek på fagdagar innan kultur og idrett, reiselivs- og næringssjef deltek på kurs og konferansar innan næring og samfunn, og IT deltek på fagdagar innan IT-feltet og digitalisering.

Stab har arrangert kurs for tilsette innan økonomistyringsprogramma Stratsys og Arena, Avvikssystemet Compilo og sakshandsamingsprogrammet Websak Focus. I tillegg har stab arrangert fleire kurs innan personal og arbeidsrett, HMT-feltet for leiarar, mellomleiarar og verneombod.

Me har to tilsette som deltek på fylgjande høgskuleutdanning og som har inngått avtale om vidareutdanning: 1) Masterutdanning i kommunal ledelse, 2) Vidareutdanning i veiledning. Ein tilsett har gjennomført studie innan Arbeidsrett i offentleg sektor ved Juridisk fakultet i UiB (10 stp.)

Oppvekst

For heile personalgruppa i barnehage og skule:

- Inkluderande barnehage og skule miljø – personal i barnehage og skule samt alle foreldra frå

barnehage og skule. Samla i Idrettshallen. Innleigd føredragshaldar Guttorm Helgøy

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø – personal i barnehage og skule samla. Heil planleggjingsdag i Kongresessen. Innleigd føredragshaldar Guttorm Helgøy
- Opplæring BTI (betre tverrfagleg innsats) Ved Anja Helene Bergo. Idrettshallen. personal i barnehage og skule samla

For heile personalgruppa i barnehage:

- 1-hjelp, opplæring for heile personalgruppa
- Opplæring i avvikskrivning ved verneombod, heile personalgruppa
- Kurs- Leik som fremjar barns språkutvikling - fagleg utvikling for heile personalgruppa
- Kurs- ein god barndom varer heile livet - fagleg utvikling for heile personalgruppa
- Personalmøter kvar mnd, a 2 timar – fagleg utvikling for heile personalgruppa
- Barnehagen som lærande organisasjon, Ved Åshild Underdal. fagleg utvikling for heile personalgruppa
- 6 planleggjingsdagar pr år. Fagleg utvikling for heile personalgruppa
- 10-faktor opplæring heile personalgruppa
- Opplæring faginnstruktør for lærling – ein fagarbeidar
- Snakke med barn, kurs 2 pedagogar. Pedagogane held kurs for resten av personalgruppa
- 10 – faktor opplæring, tillitsvalde, verneombod og styrar
- Teamsopplæring - pedagogane og styrar
- Bedriftshelsetenesta opplæring Nordheimsund verneombod og styrar
- Bedriftshelse kurs, rolleavklaring, tillitsvald, verneombod, styrar

Styrar og leiarar frå andre etatar

- Leiarutvikling via Hardanger/Voss kompetanseregion 2 enkelt dagar
- Etatsleiarssamling for skule og barnehage 2 dagar
- Arbeidsrett opplæring
- Webbsak opplæring
- Leiarsamling Kvam 2 dagar
- Avvik handtering
- Compilo opplæring
- Juridisk rådgjvar innan personalrett
- Agresso kurs
- HMS- dag Voss
- 10-faktoropplæring
- PPT (pedagogisk, psykologisk tenestekontor) Voss. 1 dag
- Studietur til Aadland barnehage, saman med stabsjef Anette T Hjeltnes
- Ekstern brnehagevurdering 4 dagar samanhengande
- Styraar RUP (Regional utviklingspartnar) etter ekstern vurderiung, saman med Høgskulen Vestland.

Helse og velferd:

Lungesjukepleiar har delteke på praktisk spirometri

Fysioterapeutane har delteke på:

KS sitt læringsnettverk – Gode pasientforløp

Kurs: Fysioterapeuten i Skulehelsetenesta, regi av NFF

Konferanse: Rehabiliteringskonferanse

Sjukepleiarar har teke kurs i mestring og verdigheit. Tillitsvald for NSF har teke naudsynnte kurs for å utføra rolla.

Tilsette på legekantoret har teke kurs i laboratorie og kvalitetssikring, spirometri og diabetes.

Ergoterapeut har teke kurs i ergoterapi for barn og unge og delteke på fagkongress og læringsnettverk. Også teke sakshandsamarskulen på nett.

Helsesjukepleiar har vore på seminar om perinatal helse og på samlingar hjå Statsforvaltaren.

Miljøterapeutane i rus- og psykisk helse-prosjektet har delteke på fleire kurs og konferansar gjennom året.

Generelt er det eit stort behov for opplæring og kursing for dei tilsette, særleg på omsorgs-tunet. Dette vil takast inn i kompetanseplanen som skal vedtakast i 2024.

1.3.5 Helse, miljø og tryggleik - HMT

AMU er eit administrativt organ der 3 kommunalsjefar, 2 tillitsvaldrepresentantar, 1 hovudverneombod og 1 representant frå bedriftshelsetenesta deltek. Arbeidsgjevarsida har hatt vervet med Eivind Bergo som leiar (Marita S. Berg som vara tok over vervet sommaren 2023).

Arbeidsmiljøutvalet skal:

- arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i heradet
- delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i heradet
- følgje nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet

Det er oppretta eigne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det har vore gjennomført vernerundar på alle verneområde, og det vart delt ut midlar til tiltak basert på funn i vernerundane. Det er årleg sett av inntil 80 000 til dette føremålet. Det er verneomboda som bestemmer fordeling av midlane.

Ulvik herad har trimaksjon med den digitale kampanjen dytt.no, som skapte mykje engasjement og høg deltaking. I tillegg sponsar Ulvik herad treningskort og anna aktivitetskort med inntil kr. 600,-

Det har vore stor aktivitet innan HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møte mellom administrasjon og hovudverneombod. Det har vore gjennomført helsekontrollar for tilsette, støymåling, oppfølging av miljøretta helsevern i skule og barnehage, vaksinerings, oppdatering og utarbeiding av HMT-dokument og digitale system, m.m. Ulvik herad samarbeidar med Bedriftshelse1 om HMT-arbeidet.

AMU har hatt 4 møte i 2023 og har handsama 58 saker mot 41 saker året før:

- Årsrapport Bedriftshelse 1 2022
- Årsmelding AMU 2022
- Suppleringsval AMU
- Reglement for lading av elbilar i Ulvik herad
- plan for oppfølging av avvik - rapport frå tilsyn 25.10.2022 i barnehage
- Orientering ombygging sentrumsbygget
- Orientering anbod skule og ombygging
- Nybygg ved barnehagen
- Miljøretta helsevern Brakanes skule. Status
- Trimaksjon
- HMT handlingsplan Ulvik herad 2023
- Avvik Ulvik herad 2022
- Suppleringsval AMU. Arbeidsgjevarsida
- Status vernerunde 2023 og tildeling HMT midlar
- Retningsliner for dei tilsette sin ferdsle i trafikken (i teneste) Ulvik herad
- Personalfest 24. august 2023. Orienteringssak
- Ombygging skulen- status
- Nytt hovudverneombod (HVO)
- Ny leiar for AMU frå 1.august til november 2023 og ny vara. Arbeidstakarsida
- HMT Handlingsplanar einingane 2023 - status
- Godkjenning av leverandør til totalentreprise ved ombygging av Sentrumsbygget
- Vedlikehaldsplan UH, informasjon til AMU
- Val av ny leiar og nestleiar i AMU for perioden november 2023 til november 2025. Arbeidsgjevarsida
- Val av AMU for perioden november 2023 til november 2027
- Timar Bedriftshelse 1 Ulvik herad
- Tillegssnotat til evaluering av sommarfesten
- Suppleringsval, nytt varamedlem for HVO og HTV
- Status vernerunde 2023 og gjennomføring av tiltak
- Status for einingsvise handlingsplanar
- Status einingsvise HMT planar - Barnehagen
- Status digitalisering IK system
- Opplæring for AMU medlemmane
- Ombygging skulen status
- Ombygging sentrumsbygget status per desember 23
- Ombygging sentrumsbygget status
- Møteplan AMU 2024
- Miljøretta helsevern Brakanes skule. Oppfølging etter tilsyn
- Medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Status
- Mandat lokalt arbeidsmiljøutval helse og velferd
- Informasjon om årets jolegåve med jolebrev - til alle tilsette desember 2023
- Informasjon om brannstasjon til AMU
- Gjennomføring av medarbeidarundersøking 10. faktor
- Evaluering sommarfesten 2023

- Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 Nokre av sakene, som t.d.. Status for ombygging av sentrumsbygget har vore oppe til AMU fleire gonger gjennom året.

I Ulvik herad har me fast desse ordningane og aktivitetane

- Årleg utarbeiding av HMT planar i samarbeid med bedriftshelsetenesta
- Medarbeidarsamtale for alle tilsette
- Gjennomgang av Rutinar for avvik
- Gjennomgang av sjukefråværsrutinar
- Jamnlege personalmøte med aktuelle saker
- Arbeidsmiljøgruppe der einingsleiar informerer VO og tillitsvalgte
- Trimtiltak og trimaksjon dytt.no
- Opplæring av verneombod og AMU-medlem
- Julehelsing til alle tilsette

10-faktor- medarbeidarundersøking med høg deltaking

I 2023 har Ulvik herad teke i bruk organisasjonsutviklingsverktøyet 10 - faktor. For å byggja denne kompetansen i eiga organisasjon er det investert ein god del tid og ressursar på opplæring og å setja organisasjonen. Leiarane har hatt opplæringssamlingar i regi av KS. I tillegg har konsulent frå KS hatt førebunde samlingar for både mellomleiarar, tillitsvalde, verneombod og alle tilsette. I desember gjennomførde me 10- faktor medarbeidarundersøkinga med ein svarprosent på 75.76%, noko som er svært bra.

Einingane har utarbeidd HMT planar og gjennomført vernerunder. BHT har bistått i arbeidet med HMT planane og har halde opplæring innan vald og truslar i fleire einingar. Det har vore ei større ombygging på heradshuset til ny heradsstyresal. Verneombodet/HVO har delteke i prosjektgruppa her.

Trass ein del utskifting i AMU opplever medlemene at utvalet har jobba godt med og hatt god kontinuitet i saker innan arbeidsmiljø.

1.3.6 Beredskap

Det har vore arbeidd mykje med beredskap i Ulvik herad dei siste åra, både operativt, opplæringsmessig, utstyrsmessig og planmessig.

Det at me har stått i ein operativ beredskaps- og krisesituasjon over lang tid har forsinka arbeidet med beredskapsplanverket. Me har oppdatert relevant planverk for pandemisituasjonen og atomberedskap.

Me er i sluttfasen med fylgjande planar: Heilskapleg Ros for Ulvik herad 2024 - 2028, Opplæringsplan for Ulvik herad 2024 - 2028, Overordna beredskapsplan for Ulvik herad 2024-2028. Desse planane vil koma opp til politisk handsaming på nyåret 2024.

Det er bestemt i organisasjonen at 1. kvartal kvart år er satt av til beredskapsarbeid i alle einingar. Det er årleg oppdatering av ressurslister og justeringar av planar i samsvar med lover og forskrifter. Det er viktig at einingane gjer vurderingar av risiko og sårbarhet i eiga eining/drift. Det er viktig at alle einingar har gode, operasjonelle planar, rutinar og kunnskap om beredskap i si eining og drift, det vil vera eit viktig arbeidsfelt i neste økonomiplanperiode.

Det skal kallast inn til møte i Beredskapsrådet i løpet av 1. kvartal kvart år. Beredskapsrådet består

av viktig eksterne aktører som me samarbeidar med i krisesituasjonar.

Det er innført eit nytt krisekommunikasjonsverktøy som Statsforvaltarane og kommunane skal nytta, det heiter Rayvn. Tilsette frå Ulvik herad har deltatt i opplæring i dette systemet hausten 2023, og i løpet av 2024 skal me ha internopplæring i dette systemet.

Det har vore 2 samarbeidsmøter i det regionale forumet for beredskapsarbeid der Ulvik, Voss, Eidfjord og Ullensvang møtes.

Det er utarbeidd ny brannordning for Ulvik herad. Brannordninga inneber beredskapsanalyse, risiko- og sårbarheitsanalyse og anna lovpålagt dokumentasjon på organisering og dimensjonering av brann- og redningstenesta i heradet. Det er utarbeidd ny ROS analyse for Ulvik brannvern, og analyse og plan for førebyggjande arbeid for brannførebyggjande tiltak. Det er har òg vore jobba med utgreiing av moglege løysingar for å få på plass godkjent brannstasjon.

Risiko- og sårbarheitsanalyse og Beredskapsplanar innan VA-feltet er under revidering og vil bli jobba vidare med til neste år.

Heradet deltek jamleg på beredskapsmøter i regi av Statsforvaltar, her er det varierende tema: Krigssituasjonen i Ukraina, status kjernekraftverk, flyktningar, ras- og skredførebuing, fugleinfluensa, m.m.

Kommunal kriseleiing deltek på årlege fagsamlingar i regi av Statsforvaltar.

Det gjenstår fortsatt ein del arbeid innafor temaspesifikke planar i einingane, pluss gode operative beredskapsplanar på einingsnivå. Dette vil vera eit viktig arbeid for kommunalsjefane framover.

1.3.7 Etikk

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Ulvik herad vart vedteke i 2022.

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Ulvik herad. Tilsette og folkevalde møter alle med ei blid, open og imøtekommande haldning, slik at alle kjenner seg ivaretekne. Me er løysingsorienterte, viser respekt, og møter alle med likeverd.

Det vart vald nytt heradsstyre hausten 2023, og etikk er eit tema som er del av folkevaldopplæringa i januar 2024.

1.3.8 Klima og miljø

Heradet arbeidar målretta vidare for å nå miljømåla i energi-, klima- og miljøplanen. Klima og miljø vil og vera fokusområde i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Overgang til energisparande lyskjelder, opprusting av varmeanlegg og oppfylgjing av energikostnader er i fokus. Alle gamle HQL-armaturer i kommunal vegbelysning er no skifta ut med energisparande LED-armaturer. Når Vestland fylkeskommune har funne akseptabel løysing for styring, vil og dei fylkeskommunale veglysa verta skifta. Dette vert gjort i løpet av 2023.

Heradet praktiserer framleis ombruk av datautstyr.

Fleire miljømål stadfesta i kommunedelplan for vatn, avlaup og miljø, mellom anna god kvalitet på drikkevatt og tilfredstillande reseipientundersøking. God kvalitet på drikkevattnet er stadfesta gjennom jamlege tilsyn frå Mattilsynet. Ved siste tilsyn i 2020 var det ikkje avvik.

Arbeidet med ny VA-plan er starta opp, og vil leggje opp til eit tett samarbeid med VannVest med tanke på miljømål i planarbeidet

Me har lagt til rette for meir bruk av elbilar i heradet. Omsorgstunet og Sentrumsbygget har no 4 godkjende ladarar kvar, som kommunale tilsette (-og andre med app) kan nytta. Det er lagt opp til vidare utbygging av ladestruktur ved alle kommunale bygg i 2023. Kommunale køyretøy skal vera elektriske, når mogeleg.

Miljøfyrtårn

Sentrumsbygget er resertifisert som miljøfyrtårn verksemd til mai 2025. Me har vedtak om at alle kommunale bygg skal miljøfyrtårnsertifiserast, men dette arbeidet er omfattande og har ikkje vore prioritert. Om me skal utvida sertifiseringa til fleire bygg, må det tilførast ressursar til å gjennomføra dette arbeidet.

Miljøfyrtårn er eit verktøy for å jobba konkret med berekraft innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøgruppa på Sentrumsbygget har årshjul for dette arbeidet og leverer årleg inn klima- og miljørapport innan 1.april. Rapporten vert lagt fram som melding for politikarane.

Miljø er eit område som ein Cittaslow-kommune bør ha fokus på.

1.3.9 Økonomisk berekraft

1. Finansielle måltal og premiss

Kommunelova har eigne reglar for økonomisk berekraft:

- «Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.»
- «...på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko...»
- «...samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets utvikling.»

Måltal

Heradet har hatt nokre måltal over lengre tid, men frå og med budsjettåret 2021 har fire tall vore formalisert på overordna nivå:

1) *Netto driftsresultat: Mål om at dette over tid skal vera over 1,75% av driftsinntektene. – Målet er brote for einskilde år i økonomiplanperioden*

- Målalet er noko unyansert og me vurderer om det skal gjerast korreksjon for midlertidige inntekter/kostnadar som ikkje utliknast i innteningsåret. For budsjettåret 2024 er dette ikkje gjort.
- Vurderer om økonomiplanperioden bør ta omsyn til vidare løn og prisvekst og prognose for storleik på rammetilskot utover prognose frå KS – For budsjettåret 2024 er dette ikkje gjort.

2) *Disposisjonsfondsgrad: Mål om at dette over tid skal vera over 10% av driftsinntektene.*

Måltal for å sikra at heradet har nok tilgjengelege midlar til å klara seg gjennom eitt-to dårlege år

der inntekter svikter eller kostnader er vesentleg høgare enn normalt.

3) *Brutto renter og avdrag: Mål om at dette over tid skal vera lågare enn 10% av driftsinntektene.*

Måltal for å kontrollera at finanskostnader over tid ikkje legg beslag på for stor del av inntektene som skal nyttast til tenester.

4) *Netto lånegjeld: Mål om at dette over tid skal vera lågare enn 95% av driftsinntektene*

Måltal for å simulera at den totale gjeldsbyrda til heradet i teorien kan nedbetalast på eitt år med tilgjengelege inntekter.

Me har lagt inn premissar i budsjettokumentet frå og med budsjettåret 2021. Etter erfaring frå 2022, særleg innan helsesektoren, samt plan og bygg har me sett eit behov for meir detaljerte premiss. Me hadde ambisjonar om å få betra detaljnivå på alle einingane for budsjettet for 2024, men dette vart ikkje gjennomførbart til budsjettfristane. Alle einingane har fått i oppgåve å vurdere eigna måltal fram til budsjettet for 2025, og mykje om ikkje alt vil vera på plass til neste budsjettår. Budsjettprosessen for 2025 er alt starta opp i einingane.

Premissane me har lagt vekt på i budsjettet for 2024 er fylgjande:

- Tal årsverk
- Tal elevar og barnehageplassar
- Plassar på omsorgstunet med historisk gjennomsnittsinntening
- Pasientliste for legekantoret
- Historisk gjennomsnittsinntening for kjøkken og fysioterapeut
- Faktisk prisvekst på eksterne tenester (legevakt, barnevern, institusjonsplass, mv)
- Straumprisar
- Pris- og lønnsvekst
- Pensjonsprognose
- Gjeldsrenter
- Sjølvkostprinsipp på gebyrsatsar, med unntak av VA (vedteke subsidiering) – merk at dette prinsippet er brote av heradstyrevedtaket med subsidiering på både vatn og avløp for perioden 2024-2025.

For 2025 ynskjer me i tillegg å få inn:

- For plan og bygg vil det verta lagt til grunn historiske tal saker pr år, som grunnlag for å rekne ut forventa kostnad per saksområde i budsjettperioden.
- For helse og omsorg har kommunalsjef fått i oppgåve å konkretisera minimumsbemanning og naudsynt auke/reduksjon i kostnad og bemanning med tanke på brukarar i heimetenesta og pasientar på omsorgstunet fram mot budsjettarbeidet for 2025. Dette må sjåast i relasjon til demografi og «Leva heile livet»-reformen. Det er her starta ein prosess for også å sjå på moglegheit for sal av plassar til andre kommunar.

2. Aktuelle regelverk

Ulvik herad har eit vedteke økonomireglement, som også omfattar finansreglement. Reglementet er revidert i 2021, der endringar i gjeldande lovverk på økonomi- og finansområdet vart teke inn. Det vart også gjort endringar gjeldande frå 2020, med bakgrunn i ny kommunelov.

Kommuneplanens samfunnsdel er under revidering og skulle etter planen vedtakast etter neste kommuneval, dvs hausten 2023. Som ein del av dette planarbeidet vert det no jobba med å utarbeide

eit omfattande kunnskapsgrunnlag for Ulvik herad. Me har tilsett eigen ressurs for dette kommuneplanarbeidet. Berekraftsmål, herunder økonomiske vil vera ein sentral del av den nye samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen er «alle planers mor», og vil verta førande for alle andre planar framover, herunder budsjett- og økonomiplan, som i praksis er handlingsdelen til kommuneplanen. Planen vart utsett til 2024 og vil vera del av folkevaldopplæringa i januar som ein «workshop».

Me har gått til innkjøp av Stratsys for å få ei betre rapportering på økonomiområdet. Me vurderer no å utvide Statsys til ein full planplattform, der kommuneplanen vert knytt opp mot øvrige planar, heilt fram til budsjett- og økonomiplan. Dette vil vera ei forbetring, der systemet kvalitetssikrar arbeidet me gjer. I ljøs av behov for utskifting/oppgradering av økonomisystem vurderast det også å gå for andre tilsvarande løysingar, som t.d. Framsikt.

Me har også ein gjennomgang av vårt økonomisystem (Agresso), då det har vist seg å vera lite oppdatert i høve dagens krav og standardar. I tillegg er vi ein av få kommunar i vår region som framleis nyttar Agresso. Leverandøren har varsla at vår versjon ikkje lenger vil støttast etter utgangen av 2024, og heradet utlyste difor anbuds konkurranse for nytt system i november 2023. Konkurransen er enno ikkje avslutta, men er no over i prekvalifiseringsfasen som skal vera avslutta med tilbod til vurdering 23. februar. Endeleg utfall vil etter planen vera avklart 12. mars. Visma, X-ledger og TietoEvry som er dei tre største leverandørane på marknaden vart alle særskilt inviterte til å deltaka. X-ledger tok i forkant av konkurransen kontakt og sa at dei ikkje ville deltaka.

3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:

a) Heradet sine bygg?

Vedlikehaldsplan 2019-2031 gjeld heradet sine bygg, dvs 21,5 mill kroner. Sjå meir omkring estimerte kostnader i pkt 4 nedanfor. Me er stort sett i rute med gjennomføring av tiltak, i tråd med planen.

I tillegg til det som kjem fram i planen er det gjennomført tilsyn med miljøretta helsevern i skule og barnehage i 2022, og nye tilsyn vart gjennomført hausten 2023. Det er utarbeidd eigne planar i 2023 for å få godkjent skule og barnehage, men det står att utbetring av nokre manglar før godkjenning kan verta gitt. Mange tiltak er allereie gjennomført, medan noko er meir omfattande og må innarbeidast i vedlikehaldsplan, evt løyvvast som ekstra-ordinært tiltak.

b) Heradet sine vegar, inkludert tunnelar og bruer?

Heradet har ein eigen plan for vedlikehald av vegar, tunnelar og bruer. Denne var sist vedteken i 2019. I planen er det estimert vedlikehaldsbehov med kr 11 mill for perioden 2020-2027. Nokre av tiltaka er allereie gjennomført, i tråd med planen. Det vart utarbeidd eit excel-ark som viste planlagt vedlikehaldsarbeid på kommunale vegar i 2023, der kostnaden var estimert til i underkant av kr 2 mill. Tiltaka er delvis gjennomførte.

I ettertid av vedteken plan er Sotenes bru nedprioritert. Dette fordi det er varsla eit reguleringsarbeid frå Eviny i det aktuelle området, og ein vil sjå på korleis dette kan samordnast. I tillegg har det kome på bordet behov for nytt tiltak på Hallanger bru, for sikring mot ras og flaum. Dette tiltaket er kostnadsvurdert men enno ikkje gjennomført.

Heradet har ingen kommunale tunnelar.

c) Heradet sine kaianlegg?

Heradet har løyvd kr 300 000 til utbetring av kaianlegg for perioden 2020-2027. Løyvinga er gjort i samband med at Handlingsplan for kommunale vegar, kaiar og bruer og er planlagt utført i 2025. Nokre av desse tiltaka har vore prioritert opp og er delvis gjennomført allereie (dampskipskaia).

d) Annan infrastruktur i heradet, som vatn og avløp

Investeringsbudsjettet inkluderer kostnader til gradvis utskifting av det kommunale vatn- og kloakknettet. Løyving til dette føremålet vert gjort årleg. I tillegg vert utskifting av røyr gjort i samband med evt behov for tiltak som krev «opning» av bygg eller veg, som allereie er knytt til nettet. Reinse- og vassanlegg er frå 2017 og har enno ikkje behov for omfattande vedlikehald. Det er usikkert kva krav som vil komma i samband med revidert EU-direktiv for avlaup. Dette vil ein truleg få kjennskap til i 2024, men nye krav kan medføra eit investeringsbehov innan relativt kort tid.

Bygga er del av den løpande vedlikehaldsplanen (2019-2031).

4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?

Me har ein vedteken vedlikehaldsplan (2019-2031) og denne vert rullert jamleg. I planen er det estimert eit vedlikehaldsbehov tilsvarande kr 21 500 000 fram til 2031.

Vedlikehaldsetterslepet er, så vidt me har kunnskap om, fanga opp i vedteken vedlikehalds-plan, men der avsette midlar i planen har utgangspunkt i tal frå 2019. Det betyr at jo lenger ut i planperioden me kjem, jo større er risikoen for at det ikkje er estimert tilstrekkeleg med midlar til dei einskilde tiltaka. Dette har me allereie erfart, særleg med bakgrunn i ein kraftig auke i bygge- og material-kostnader dei siste åra, noko som har medført at me fleire gonger har vore nøyddde til å justera vedteken plan, når vedlikehaldsarbeidet skulle utførast. Me veit ikkje reell kostnad før me har henta inn konkret tilbod på dei einskilde tiltaka. Me fylgjer «lov om offentlege innkjøp» og gjennomfører tilbodsinnhenting eller full anbodskonkurrans i tråd med lova.

Vedlikehaldsplanen er omfattande, og detaljert. Det same gjeld vårt investeringsbudsjett. Me har difor orientert politisk nivå om at me vil vurdere å leggja fram ein revidert vedlikehalds-plan til hausten, som i større grad skil mellom drift og investeringar. Dette skal vera spegla i investeringsbudsjettet frå 2024.

Framtidig investeringsbehov utover vedlikehald:

Vedlikehaldsplanen inneheld ikkje større investeringar som vil vera naudsynt i kommande år, anten av omsyn til konkurransereglar eller av di storleik på investeringane enno ikkje er kjend, sjølv på teoretisk nivå. Dette omfattar mellom anna ny brannstasjon, ny eller ombygd barnehage, ny eller ombygd skulebygning, sentrumsplanar m.v. Om prognosane for rentebana held seg ved lag vil dette vera overkommelege kostnader, men med dagens rentenivå vil sjølv ein av desse investeringane leggja press på dagens tenestenivå.

1.4 Internkontroll og tilsyn

1.4.1 Internkontroll

Kvalitetssystemet Compilo

- Dokumentmodulen:

I år tok me i bruk dokumentmodulen til Compilo. Eitt av måla me har satt oss for Internkontrollen

er at all dokumentasjon som skildrar prosessar, rutinar mm skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg for alle tilsette frå ein stad. Den tilsette skal altså kun måtte forhalda seg til Compilo og sleppe å leite i permar, mappeområde og liknande.

Kvalitetssystemet Compilo:

- Avviksmodulen

Me har allereie nytta avviksmodulen i Compilo i 3 år. For 2023 vart det meldt inn 269 avvik i heile organisasjonen- ein god auke mot 142 avvik året før. Likevel er dette eit alt for lågt tal mtp. kva ein kan forventa. Det er viktig å skapa ein kultur der det er forventa at den tilsette melder inn avvik.

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesetilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Arkivplan:

Me har ein nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling (arkivplan.no). Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar og vert revidert årleg. Arkivplanen gjev bindande retningslinjer for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar

Personvern, GDPR:

Ulvik herad kjøper personvernombodsteneste av Bergen kommune. Me nyttar systemet Draftit i personvernarbeidet og har verkstad i dette ca. kvar 6.veke. Arkivleiar er intern GDPR-kontakt for heradet og har løypande dialog med personvernombod i Bergen kommune. Kommunalsjefane i heradet har lokalt ansvar for GDPR-arbeidet for sitt respektive område. Tryggleiksforum er kommune-direktørens leiargruppe, men skal vera dynamisk og evt. andre ressurspersonar kan kallast inn til forumet – t.d. IKT-ressurs. Faste møte mellom GDPR kontaktperson og kommunedirektør, med Personvernombodet i Bergen kommune. Eigen intern IKT-ressurs som har overordna IKT-ansvar for heile organisasjonen. Årsmelding frå Tryggleiksforum vert årleg oversendt Kontrollutvalet. Malar og rutinar for personvernarbeidet er lagt inn i Compilo.

Vedtaksoppfølging:

Me har rutinar for vedtaksoppfølging. Politisk møtesekretær legg på vedtakskode i WebSak+. Sakshandsamarane og leiarane har fått eigne korger i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Malar:

Tenestetorget jobbar kontinuerleg for å utvikla gode digitale malar og skjema for å minimera feil og for å letta arbeidet til sakshandsamarane og innbyggjarane.

Jamleg opplæring:

Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet for alle sakshandsamarar ca. kvar 6. veke

1.4.2 Tilsyn

Stab

Staben har ikkje hatt tilsyn i 2023.

Oppvekst

Skuleog barnehage har hatt nytt tilsyn på miljøretta helsevern. Det er kome avviksrapport for begge, og det er utarbeidd plan for lukking av avvik, og fleire av avvika er no lukka. Det er likevel viktig å ha fokus på å lukka alle avvika.

Eindell av avvika er så omfattande at konklusjonen i tilsynet er at ein bør vurdera nybygging. Særleg gjeld dette barnehagen, men det trengs og ein avklaring på om ei evt. framtidig nybygging skal ha utgangspunkt i samlokalisert oppvekstbygg.

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Helse

Det har vore gjennomført branntilsyn ved Ulvik Omsorgstun i 2023.

Samfunn og plan

Matilsynet hadde tilskyn på internkontrollsystem for vatn og avløp sommaren 2023. Mindre ting som vart påpeika vart løyst med eigne ressursar.

1.5 Økonomisk status

§5-6 Økonomisk oversikt drift

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Ulvik				
Rammetilskudd	-65 549 000	-64 545 000	-64 545 000	-64 843 000
Inntekts- og formuesskatt	-28 630 000	-28 215 000	-28 215 000	-29 530 000
Eiendomsskatt	-11 434 000	-11 593 000	-11 593 000	-9 458 000
Andre skatteinntekter	-16 686 000	-15 900 000	-15 900 000	-16 852 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-231 000	-202 000	-202 000	-125 000
Overføringer og tilskudd fra andre	-49 891 000	-44 449 000	-44 991 000	-51 257 000
Brukerbetalingar	-6 521 000	-6 891 000	-6 891 000	-5 830 000
Salgs- og leieinntekter	-9 830 000	-11 237 000	-11 237 000	-9 357 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	-188 773 000	-183 032 000	-183 575 000	-187 252 000
Lønnsutgifter	91 679 000	81 313 000	88 466 000	87 321 000
Sosiale utgifter	20 870 000	22 193 000	22 544 000	20 095 000

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Kjøp av varer og tjenester	61 739 000	50 134 000	49 500 000	52 959 000
Overføringer og tilskudd til andre	19 276 000	16 240 000	20 263 000	21 791 000
Avskrivninger	10 521 000	10 383 000	10 383 000	10 338 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	204 084 000	180 263 000	191 156 000	192 505 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	15 311 000	-2 769 000	7 581 000	5 253 000
Renteinntekter	-4 844 000	-4 405 000	-4 405 000	-3 552 000
Utbytter	-6 325 000	-4 152 000	-6 325 000	-2 144 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 574 000	0	0	1 510 000
Renteutgifter	8 788 000	8 376 000	8 376 000	5 998 000
Avdrag på lån	6 166 000	6 843 000	6 843 000	5 641 000
NETTO FINANSUTGIFTER	1 211 000	6 663 000	4 490 000	7 454 000
Motpost avskrivninger	-10 521 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 338 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	6 001 000	-6 490 000	1 688 000	2 369 000
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0
Overføring til investering	0	767 000	8 667 000	0
Avsetninger til bundne driftsfond	17 974 000	6 105 000	7 518 000	15 162 000
Bruk av bundne driftsfond	-15 504 000	-9 542 000	-13 937 000	-18 658 000
Avsetninger til disposisjonsfond	11 442 000	15 812 000	15 881 000	3 971 000
Bruk av disposisjonsfond	-19 913 000	-6 651 000	-19 816 000	-2 843 000
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 001 000	6 490 000	-1 688 000	-2 369 000
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	0

§5-5 1. ledd Løyvingsoversikt investering

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Ulvik				
Investeringer i varige driftsmidler	29 334 000	23 115 000	47 046 000	8 143 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 984 000	0	1 551 000	5 766 000
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 038 000	0	0	793 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	35 536 000	23 115 000	48 297 000	14 702 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-5 621 000	0	-3 848 000	-1 127 000
Tilskudd fra andre	-200 000	0	0	-435 000
Salg av varige driftsmidler	-278 000	0	-375 000	-3 734 000
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	-761 000
Bruk av lån	-12 456 000	-16 118 000	-18 803 000	-12 333 000
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-23 160 000	-16 118 000	-23 026 000	-18 390 000
Videreutlån	2 770 000	5 000 000	2 315 000	0
Bruk av lån til videreutlån	-2 770 000	-5 000 000	-2 315 000	0
Avdrag på lån til videreutlån	692 000	100 000	100 000	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 836 000	-100 000	-100 000	0
NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN	-1 144 000	0	0	0
Overføring fra drift	0	-767 000	-8 667 000	0
Avsetninger til bundne investeringsfond	1 344 000	0	0	288 000
Bruk av bundne investeringsfond	-4 038 000	0	0	0

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Avsetninger til ubundet investeringsfond	236 000	0	341 000	3 734 000
Bruk av ubundet investeringsfond	-13 200 000	-6 230 000	-13 200 000	-334 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-15 658 000	-6 997 000	-21 526 000	3 688 000
Fremført til inndekning i senere år udekket beløp	0	0	0	0

Økonomiske måltall

Type nøkkeltal	Resultat 2023	Mål for 2023	Avvik mot mål
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-3,08 %	1,75 %	-4,83 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	6,65 %	10 %	-3,35 %
Brutto renter og avdrag i % av driftsinntekter	7,9 %	<10%	Lågare enn krav
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	74,37 %	<95%	Lågare enn krav

2 Stab

2.1 Organisasjon

2.1.1 Nøkkeltal for personalområdet og likestilling

Nøkkeltal for personalområdet innan stab:

Tal tilsette: 16

Tal årsverk: 11,50

Andre stillingar/tilsette registrerte på stabsområdet (I tillegg til 11,50 faste årsverk): 1 prosjektleiar (100 % stilling) midlertidig tilsett, sesongtilsette på turistkontoret, hovedtillitsvald 30 % stilling, 1 ordførar (100 % stilling)

Årsaken til at det er mange tal tilsette i forhold til årsverk er:

- Det er 3 personar som har 6,5 %-stilling på kino.
- Det er eit par deltidsstillingar grunna helseutfordringar.
- 1 juridisk rådgjevar 6 % stilling

Kjønnsbalanse, fast tilsette:

Det er 8 kvinner og 8 menn i stab

Kjønnsfordeling fulltid/ deltidsstillingar:

Menn

- Heiltid: 38 %
- Deltid: 62 %

Kvinner

- Heiltid: 62 %
- Deltid: 38 %

Tal mellombels tilsette per kjønn:

- Menn: 0
- Kvinner: 1

Tal veker foreldrepermisjon per kjønn

- Menn: 0
- Kvinner: 0

2.2 Drift og økonomi

2.2.1 Innleiing

Staben har fylgjande teneste på sitt budsjett:

1000	Heradstyre/formannskap
1001	Politiske råd og utval
1003	Val
1004	Revisjon, kontrollutval
1005	Politiske komiteer
1200	Felles administrasjon
1201	IKT
1204	Personal - felles
1804	Eldreråd
1805	Ungdomsråd
3250	Tilrettelegging næringsliv
3252	Turistkontor
3650	Kulturminneforvaltning
3700	Ulvik folkebibliotek
3730	Kino
3750	Museum
3770	Kunstformidling
3800	Støtte idrettsorganisasjonar
3850	Kulturadministrasjon
3851	Lokalhistorisk arkiv
3852	Andre kulturaktivitetar
3900	Kyrkja

2.2.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarsininger

2.2.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - drift

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Stab				
Driftsinntekter	-3 290 000	-298 000	-383 000	-2 716 000
Driftsutgifter	33 759 000	29 246 000	31 986 000	32 062 000
Netto	30 469 000	28 947 000	31 603 000	29 346 000

Frå og med 2023 rapporterar einingane netto driftsresultat og ikkje netto resultat som i åra før. Nettoresultatet i Stab er etter budsjett, med eit mindreforbruk på kr. 150.000. Dette kan forklarast ved sjukefråvær som ikkje er erstatta, og eit fokus på å halda utgiftene så låge som mogleg.

Netto driftsresultat, i rapporten over, viser eit mindreforbruk på kr. 1.134.000. Dette skuldast lågare kostnader til tilskotsutdelingar finansiert frå næringsfondet. Avvik på kostnadssida skuldast momskompensasjon og lønskostnader til prosjektstilling reiseliv som er finansiert med eksterne tilskotsmidlar. Avvik på inntektssida skuldast momskompensasjon og dei eksterne tilskotsmidlane.

Me skal ha ein gjennomgang av korleis føring av fondsinntekter og kostnader dekkja av fondsmidlar blir ført i rekneskapen. I normale år vil Stab ha eit budsjett som ligg 6-10 millionar høgare enn åra før 2023 då driftsinntektene til næringsfondet budsjetterast på overordna nivå, teneste 290 Finans, mens driftskostnadane ved aktivitetar dekkja av fondsmidlar ligg på stabseininga.

§5-5 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - investering

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Stab				
2 104	IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)				
	Inntekt IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	0	0	-5 000	0
	Utgift IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	25 000	350 000	205 000	0
	Netto IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	25 000	350 000	200 000	0
2 111	Acos innsyn+ 2023-2025				
	Utgift Acos innsyn+ 2023-2025	146 000	100 000	100 000	0
	Netto Acos innsyn+ 2023-2025	146 000	100 000	100 000	0
2 115	Oppgradering Acos 2018				
	Utgift Oppgradering Acos 2018	0	250 000	0	0
	Netto Oppgradering Acos 2018	0	250 000	0	0
2 120	Ny trådløs infrastruktur 2019				
	Utgift Ny trådløs infrastruktur 2019	0	100 000	0	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Netto Ny trådløs infrastruktur 2019	0	100 000	0	0
2 122	Ikt politikar 2019 - 2023				
	Utgift Ikt politikar 2019 - 2023	179 000	0	184 000	0
	Netto Ikt politikar 2019 - 2023	179 000	0	184 000	0
2 124	Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020				
	Inntekt Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020	0	0	-6 000	0
	Utgift Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020	34 000	375 000	11 000	196 000
	Netto Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020	34 000	375 000	5 000	196 000
2 135	Møterom kultur				
	Utgift Møterom kultur	12 000	0	2 000	0
	Netto Møterom kultur	12 000	0	2 000	0
2 136	Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025				
	Utgift Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025	0	0	375 000	0
	Netto Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025	0	0	375 000	0
2 191	Møblar turistinformasjon 2023				
	Utgift Møblar turistinformasjon 2023	92 000	0	18 000	0
	Netto Møblar turistinformasjon 2023	92 000	0	18 000	0
2 192	ACOS skybasert løysing 2023-2025				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Utgift ACOS skybasert løysing 2023-2025	147 000	0	324 000	0
	Netto ACOS skybasert løysing 2023-2025	147 000	0	324 000	0
2 193	Compilo IK 2023-2024				
	Utgift Compilo IK 2023-2024	0	0	100 000	0
	Netto Compilo IK 2023-2024	0	0	100 000	0
2 194	Mobilt sentralbord 2023-2024				
	Utgift Mobilt sentralbord 2023-2024	88 000	0	100 000	0
	Netto Mobilt sentralbord 2023-2024	88 000	0	100 000	0
2 242	Frå Telenor til Telia 2022-2023				
	Utgift Frå Telenor til Telia 2022-2023	22 000	0	4 000	0
	Netto Frå Telenor til Telia 2022-2023	22 000	0	4 000	0
4 499	Ombygging Sentrumsbygget				
	Utgift Ombygging Sentrumsbygget	0	1 500 000	1 500 000	0
	Netto Ombygging Sentrumsbygget	0	1 500 000	1 500 000	0
4 501	IKT-investeringar Stab 2022-2025				
	Utgift IKT-investeringar Stab 2022-2025	0	100 000	0	0
	Netto IKT-investeringar Stab 2022-2025	0	100 000	0	0
5 062	Skeietomta 2022				
	Utgift Skeietomta 2022	0	0	0	5 038 000

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Netto Skeietomta 2022	0	0	0	5 038 000
5 070	Eigarskap i Plato AS				
	Inntekt Eigarskap i Plato AS	0	0	-1 551 000	0
	Utgift Eigarskap i Plato AS	1 551 000	0	1 551 000	0
	Netto Eigarskap i Plato AS	1 551 000	0	0	0
5 114	Bookingselskap Hardanger AS				
	Inntekt Bookingselskap Hardanger AS	0	0	0	-334 000
	Utgift Bookingselskap Hardanger AS	0	0	0	334 000
9 055	Intern kostnadsfordeling				
	Inntekt Intern kostnadsfordeling	0	0	13 000	0
	Utgift Intern kostnadsfordeling	-13 000	0	-13 000	0
	Netto Intern kostnadsfordeling	-13 000	0	0	0
	Inntekt	0	0	-1 548 000	-334 000
	Utgift	2 283 000	2 775 000	4 461 000	5 568 000
	Netto	2 283 000	2 775 000	2 913 000	5 234 000

Desse investeringane/prosjekta er gjennomførte:

1. Digitalt/ AV-utstyr til nytt møterom, midlane er avslutta og tilført prosjekt under Samfunn og plan
2. Avlevering til Arkiv 2023 - 2025 er påstarta
3. Innsyn +/- modul nettside er fullført
4. Mobilt sentralbord er innført og avslutta
5. Sakssystemet er oppgradert til skybasert løysing og prosjektet vert vidareført inn i 2024
6. Det er kjøpt inn nye møblar til turistkontoret, Næringsfond (NF)
7. Det er planlagt og påstarta integrasjon mellom avvikssystem og andre system, dette prosjektet fortset inn i 2024
8. Me har gjennomført 10-faktor undersøkjing (medarbeidarundersøkjing) og er midt i prosjektperioden på dette, dette prosjektet går fram til 2025
9. Alle prosjekta som er budsjettert på Næringsfondet er i rute

Prosjekt, drift og investering, vil koma opp som eiga sak i juni-møtet der det blir tatt ein

gjennomgang av føringar (eventuelt korrigeringar), avslutning og vidareføring av prosjekt.

2.2.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
210	13,8	11,50	1

Det er 11,5 faste årsverk i Staben.

I tillegg er det:

- 100 prosjektleiar, midlertidig
- 30 % stilling hovudtillitsvald
- 100 % stilling ordførar

2.2.2.3 Oppfølging av mål satt i økonomiplan

1. Oppgradera IKT-struktur i Ulvik herad

Eit av fokusområda i 2023 var IT-tryggleiken i heradet. Dette arbeidet er tids- og ressurskrevjande og må heile tida fylgjast opp. Av konkrete tiltak som vart gjennomført i 2023 var auka tryggleik innan Vann- og avlaup. Her sikra me tilgangen mot serverane og endra innloggingsprosessen for dei tilsette.

Me gjennomførte tryggleiksmånaden i oktober. Oktober er nasjonal tryggleiksmånad. Her var fokuset retta mot tilsette. Bevisstgjerjing via informasjonsvideoar, kurs og anna informasjon vart gjort tilgjengeleg. Dette er arbeid som vil halde fram og ha fokus i åra framover.

Heradet har lenge vore medlem av HelseCert og Kommune Csirt. Dette er nasjonal organisasjonar som jobbar med It-tryggleik ut mot det offentlege. Hausten 2023 vart Helsecert nasjonal Kommune Cert utpeikt av regjeringa. Dette vert er ei statleg ordning som alle kommunar i landet er medlem av.

Tenestetorget og kommunelegekontoret fekk ny mobil sentralbordløsning. Dette skal gje innbyggjarar betre service og dei tilsette får ein betre arbeidskvardag.

Overgangen til ny versjon og flytting av sak- arkivsystemet til heradet ut i sky krevde mykje ressursar både til planlegging, oppsett og testing. Mykje skal koordinerast innad i organisasjonen og ut mot leverandør. Dette vert sett i drift fyrste veka i januar-24.

Planlegging og oppfølging av byggeprosessen på sentrumsbygget har vore ei sentral arbeidsoppgåve hausten 2023.

IT var og ein del involvert i kommunevalet og bidrog med teknisk bistand.

Ulvik har i fleire år vore i eit it-samarbeid med Eidfjord og Kvam, der me kjøper tenester frå Kvam. Ein har sett dei siste åra, at om ein skal henge med på alle krav og oppfordringar som kjem frå

statleg hald, må nok dette samarbeidet utvidast. Kvam har no saman med Voss herad og Sogndal kommune start opp eit Indre Vestland IT-samarbeid. Dette er no inni ein pilotfase og vil utviklast vidare i 2024

2. Digitalisera arbeidsprosessar i Ulvik herad

Heimesider, app og Sosiale Medier (SoMe): Redaksjonsgruppa møtast 1 gong i månaden. Agenda er revisjon og utvikling. Me jobbar kontinuerleg med å gjera heimesidene meir tilgjengelege slik at brukarane får løyst sine oppgåver digitalt 24/7. 60% av våre skjema som ligg på heimesida er no digitalisert. Me har ikkje nådd målet på 90% for fjoråret. Me har likevel digitalisert mykje arbeidsprosessar internt med interne digitale skjema.

Friskus- digital aktivetskalendar: Me har linka til denne frå heradet si heimeside. Alle som ynskjer kan oppretta arrangement via friskus.

Profil og omdømmebygging: Me arbeider kontinuerleg med å vidareutvikla malar innanfor profil. I år har me laga fine nye Power point malar.

E-signering: Me nyttar i aukande grad E-signering av dokument for å forenkla dokumentflyten.

3. Internopplæring av tilsette i fag- og sakssystem

Det er opplæring i sakshandsamingssystemet vårt cirka kvar 6. veke, både for nytilsette og sakshandsamarar.

Det er jamleg opplæring i økonomisystem og rutiner rundt dette for leiargruppa.

Det er opplæring i personal og arbeidsrett, samt HMT-relaterte tema for leiarar. I tillegg er det samlingar der både verneombod, tillitsvalde og leiarar har felles opplæring.

Alle fagansvarlege i stab deltek jamleg i fagnettverk og på fagrelevante arenaer/konferansar. Det er svært viktig med fagleg påfyll då dei tilsette i stab arbeidar over mange ulike fagfelt.

4. Rullering og vedtak av planverk og retningslinjer

Me har fullført fleire planar i 2023:

- Overordna beredskapsplan for Ulvik herad 2024 - 2028
- Opplæringsplan beredskap for Ulvik herad 2024 - 2028
- Heilskapleg Ros for Ulvik herad 2024 - 2028
- Plan for førebygging av vald og truslar mot tilsette i Ulvik herad
- Forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle og velferdsgode, Ulvik herad, Vestland

Desse planane vart påstarta i 2023 og er under utarbeiding:

- Kompetanseplan for Ulvik herad
- Personalpolitiske retningslinjer, revidering

Desse planane er ikkje påstarta:

- Rammer for arbeidsgjevarpolitikken i Ulvik herad (2007)

5. HMT (Helse, miljø og tryggleik)

Staben har ansvar for det overordna systemet for HMT og aktivitetar som er på tvers av organisasjonen, difor er dette skildra her og på overordna nivå. Staben fylgjer alle rutinar for HMT-aktivitetar som er på tvers av organisasjonen.

AMU er eit administrativt organ der 3 kommunalsjefar, 2 tillitsvaldrepresentantar, 1 hovudverneombod og 1 representant frå bedriftshelsetenesta deltek. Arbeidsgjevarsida har hatt vervet med Eivind Bergo som leiar (Marita S. Berg som vara tok over vervet sommaren 2023).

Arbeidsmiljøutvalet skal:

- arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i heradet
- delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i heradet
- følgje nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet

Det er oppretta eigne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det har vore gjennomført vernerundar på alle verneområde, og det vart delt ut midlar til tiltak basert på funn i vernerundane. Det er årleg sett av inntil 80 000 til dette føremålet. Det er verneomboda som bestemmer fordeling av midlane.

Ulvik herad har trimaksjon med den digitale kampanjen dytt.no, som skapte mykje engasjement og høg deltaking. I tillegg sponsar Ulvik herad treningskort og anna aktivitetskort med inntil kr. 600,-

Det har vore stor aktivitet innan HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møte mellom administrasjon og hovudverneombod. Det har vore gjennomført helsekontrollar for tilsette, støymåling, oppfølging av miljøretta helsevern i skule og barnehage, vaksinerings, oppdatering og utarbeiding av HMT-dokument og digitale system, m.m. Ulvik herad samarbeidar med Bedriftshelse1 om HMT-arbeidet.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har hatt 4 møte i 2023 og har handsama 58 saker mot 41 saker året før, sjå overordna nivå (kap. 3.5) for å få oversikt over kva saker.

I Ulvik herad (inkludert staben) har me desse faste ordningane og aktivitetane:

- Årleg utarbeiding av HMT-planar i samarbeid med bedriftshelsetenesta
- Medarbeidarsamtale for alle tilsette
- Gjennomgang av Rutinar for avvik
- Gjennomgang av sjukefråværsrutinar
- Jamnlege personalmøte med aktuelle saker
- Arbeidsmiljøgruppe der einingsleiar informerer verneombod og tillitsvalgte
- Trimtiltak og trimaksjon dytt.no
- Opplæring av verneombod og AMU-medlem
- Julehelsing til alle tilsette

10-faktor- medarbeidarundersøking med høg deltaking

I 2023 har Ulvik herad teke i bruk organisasjonsutviklingsverktøyet 10 - faktor. For å byggja denne kompetansen i eiga organisasjon er det investert ein goddel tid og ressursar på opplæring og å setja organisasjonen. Leiarane har hatt opplæringssamlingar i regi av Kommunenes Sentralforbund (KS). I tillegg har konsulent frå KS hatt førebunde samlingar for både mellomleiarar, tillitsvalde, verneombod og alle tilsette. I desember gjennomførde me 10- faktor medarbeidarundersøkinga med ein svarprosent på 75.76%, noko som er svært bra.

Einingane har utarbeidd HMT planar og gjennomført vernerunder. Bedriftshelsetenesta (BHT) har bistått i arbeidet med HMT planane og har halde opplæring innan vald og truslar i fleire einingar. Det har vore ei større ombygging på heradshuset til ny heradsstyresal.

Verneombodet/hovudverneombodet har delteke i prosjektgruppa her.

6. Beredskap

Det har vore arbeidd mykje med beredskap i Ulvik herad dei siste åra, både operativt, opplæringsmessig, utstyrmessig og planmessig.

Det at me har stått i ein operativ beredskaps- og krisesituasjon over lang tid har forsinka arbeidet med beredskapsplanverket. Me har oppdatert relevant planverk for pandemisituasjonen og atomberedskap.

Me er i sluttfasen med fylgjande planar: Heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) for Ulvik herad 2024 - 2028, Opplæringsplan for Ulvik herad 2024 - 2028, Overordna beredskapsplan for Ulvik herad 2024- 2028. Desse planane vil koma opp til politisk handsaming på nyåret 2024.

Det er bestemt i organisasjonen at 1. kvartal kvart år er satt av til beredskapsarbeid i alle einingar. Det er årleg oppdatering av ressurslister og justeringar av planar i samsvar med lover og forskrifter. Det er viktig at einingane gjer vurderingar av risiko og sårbarhet i eiga eining/drift. Det er viktig at alle einingar har gode, operasjonelle planar, rutinar og kunnskap om beredskap i si eining og drift, det vil vera eit viktig arbeidsfelt i neste økonomiplanperiode.

Det skal kallast inn til møte i Beredskapsrådet i løpet av 1. kvartal kvart år. Beredskapsrådet består av viktig eksterne aktørar som me samarbeidar med i krisesituasjonar.

Det er innført eit nytt krisekommunikasjonsverktøy som Statsforvaltarane og kommunane skal nytta, det heiter Rayvn. Tilsette frå Ulvik herad har deltatt i opplæring i dette systemet hausten 2023, og i løpet av 2024 skal me ha internopplæring i dette systemet.

Det har vore 2 samarbeidsmøter i det regionale forumet for beredskapsarbeid der Ulvik, Voss, Eidfjord og Ullensvang møtes.

Det er utarbeidd ny brannordning for Ulvik herad. Brannordninga inneber beredskapsanalyse, risiko- og sårbarheitsanalyse og anna lovpålagt dokumentasjon på organisering og dimensjonering av brann- og redningstenesta i heradet. Det er utarbeidd ny ROS analyse for Ulvik brannvern, og analyse og plan for førebyggjande arbeid for brannførebyggjande tiltak. Det er har òg vore jobba med utgreiing av moglege løysingar for å få på plass godkjent brannstasjon.

Risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplanar innan vatn- og avløpsfeltet er under revidering og vil bli jobba vidare med til neste år.

Heradet deltek jamleg på beredskapsmøter i regi av Statsforvaltar, her er det varierende tema: Krigssituasjonen i Ukraina, status kjernekraftverk, flyktningar, ras- og skredførebuing, fugleinfluensa, m.m.

Kommunal kriseleiiing deltek på årlege fagsamlingar i regi av Statsforvaltar.

Det gjenstår fortsatt ein del arbeid innafor temaspesifikke planar i einingane, pluss operative beredskapsplanar på einingsnivå. Dette vil vera eit viktig arbeid for kommunalsjefane framover.

7. Kultur

Kino: Kinobesøket går sakte men sikkert oppover. Det totale besøket på kinoen i 2023 var 1279 besøk, medan det i 2022 var 1161. Det er eit stykke fram til vi når nivået vi var på for nokre år tilbake.

Desse filmene vart mest besøkt på Ulvik kino i 2023:

Film	Besøk
Folk og røvere i Kardemommeby	94
Richard Storcken og den mystiske juvelen	92
Trolls trommer sammen	90
Oppenheimer	86
Den første julen i Skomakergata	83
Barbie	68

- Norske barnefilmer har vore godt besøkt
- «Richard Storcken» vart vist som gratis 17.mai-framsyning.
- Det vart arrangert skulefilmframsyning for alle klassar på Brakanes Skule. 3 ulike filmar vart vist.
- Helga 1.-3.des var det julegateopning. Med godt besøk vart det vist film for barn og ungdom både fredag, laurdag og søndag.

Kinoutstyret byrjar å bli «gamalt» og det nærmar seg tid for utskifting, det ligg inne som tiltak i Økonomi- og handlingsplanen for 2024.

Kulturelle skulesekken

Frå fylket har vi fått tilskot på kr.19.000.- til føremålet i 2023, i tillegg har vi eigne midlar til rådvelde. Midlane har vort nytta til desse aktivitetane.

- Skulekonsert med VIBE
- Ylva og Villgeitene, samarbeid med Haugesenteret.
- Skulefilm for alle elevar på skulen.
- 10.klasse har vore på glasblåsing i verkstaden til Silje Syse.
- Skogsprisessa, framsyning på dagsturhytta, i samarbeid med skule/barnehage

Kulturelle Spaserstokken

Frå fylket har vi fått tilskot på kr 35 737,- til føremålet i 2023. Det har vore 7 arrangement i regi av kulturelle spaserstokken i 2023.

Arrangementa har vore gratis for pensjonistar. Konsertane er lagt til dagar der det er Seniortreff i omsorgstunet. På den måten når ein ut med tilbodet til fleire eldre.

Kulturvernmidlar

Vi handsama 1 søknad om kulturvernmidlar i 2022. Osa Grendalag fekk ei løyving på kr 50.000.

Kulturprisen

Kulturprisen 2023 vart tildelt Daniel Hydle. Prisen, ein diplom og sjekk på kr 10.000 vart utdelt av varaordføraren på 17.mai.

Kulturmidlar

Det var løyvd kr 60 000 i tilskot til ålment kulturarbeid. 10 søknader kom inn. UIL har størst medlemsmasse og høg aktivitet, og dei fekk kr 10 000 av midlane , medan dei resterande organisasjonane fekk kvar frå 4 – 8000 i støtte.

Ymse tilskot/frie kulturmidlar.

Heradet yter tilskot til lag og organisasjonar som skipar til større arrangement eller har særskilde investeringar m.m. Det vart løyvd midlar UIL v/Kvasshovden OPP, kulturarrangement Kvemmadokkje og til Voss skyttarlag, landskyttarstemne.

Idrett

Prioriterte tiltak som det er søkt spelemidlar for i 2023, er nytt bygg ved Ulvik Vass-skiklubb, Dagsturhytte i Åsen og lysanlegg i Holmen. Dagsturhytta vart innvilga tilskot på 379 000 og tilskotet er utbetalt. Dei 2 andre anlegga vert fornya i 2024. Anlegg som har vorte bygt i 2023 er Pump-track bane på Brakanes skule. Her har Ulvik Idrottslag søkt spelemidlar for 2024.

Dagsturhytte

Dagsturhytta har blitt drifta på ein svært god måte av Ulvik Turlag, der mange frivillige bygdefolk har teke del i tilsynet. Hytta er framleis mykje besøkt, og er eit kjærkome tilbod både for innbyggjarar og tilreisande.

Heradet har det overordna ansvaret for dagsturhytta, medan Ulvik Turlag har teke på seg driftsansvaret, ein avtale som gjeld til 31.12.2026

Finse Forum

Ulvik herad har sekretariatsfunksjon for Finse Forum, der aktørar med ulike Finse interesser møtest. Det har vore gjennomført 1 møte i 2023.

Hardanger Kulturråd

Hardanger Kulturråd er eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane. Rådet har hatt 1 møte i 2023. I dette møtet vart tildeling av utlyste midlar i Regionalt kulturfond i Hardanger handsama. Kommunesamanslåing og ny kommunestruktur har medverka til få møter og endring i korleis kommunane arbeider med kultur.

Vi har bestemt at det skal vera 2 møter i året for Hardanger kulturråd.

Bagnstrond Skule

Etter at Bagnstrond skule vart seld, har Ulvik herad sikra seg eit utval av gjenstandar frå skulen, og vil no freista å gjenskapa eit lite skulemiljø på eit rom i biblioteket. Der ønskjer me å tilretteleggje lokalet til formidling og presentasjon av skulehistorien. Arbeidet med dette er godt i gang.

Catharine Kølle (1788-1859)

Ønskje om å løfte fram C.Kølle er forankra/vedteke i temaplan for kulturarv og i strategisk nærings- og utviklingsplan. Oppdraget/rapporten som vart sett i verk, er ei tinging frå næringssjefen. Her skulle ein drøfte visjon, målsetting, innhald, målgrupper, organisering, finansiering og vegar til realisering av eit Kølle-senter i Ulvik.

Arbeidet vart sett i gang i juni og er fullført. Referansegruppa for rapporten er kunsthistorikar Jorunn Veiteberg, direktør for Holocaust-senteret Guri Hjeltnes og Stein Ove Rolland, administrerande direktør i Fjord Norge, Eyvor Gyllander frå Holmen Kulturpark og kulturkonsulent Anne Marit Lekve i Ulvik herad. Geir Netland, tidlegare leiar for Haugesenteret, har vore prosjektleiar.

For å vidareføre dette arbeidet har heradet lyst ut engasjement som prosjektleiar for prosjektet «Formidling av Catharine H Kølle sitt liv og virke»

Bibliotek

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er å dekkja behova til ulike brukargrupper i alle samfunnslag, og arbeide kontinuerleg med samlingsutvikling, aktiv formidling og tilrettelegging av biblioteket som «ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt», jamfør Lov om folkebibliotek § 1.

Arrangement på biblioteket i 2023

- Besøk frå barnehage: 4
- Besøk frå skuleklassar: 6
- Teater for barnehage og skule: 2
- Barseltreff: 1
- Forfattarbesøk: 1
- Lesesirkel: 3
- Filosofi på biblioteket: 4
- Foredrag: 1
- Sjakk på biblioteket: 5
- Sommarles: 58 påmeldte deltakarar, 19 leste meir enn 10 bøker og deltok på sommarlesfest.

Utlåns- og besøksstatistikk:

År:	2020	2021	2022	2023
Samla utlån:	2903	3113	3076	3126
Samla besøk:	1271	1328	1414	1667

Kommentar til statistikk:

Det har vore oppgang i samla besøkstall og utlån for 2023 samanlikna me føregåande år. Vi har hatt kulturarrangement for born og ulike andre arrangement som er med på å fylle formålsparagrafen til folkebiblioteka.

Samarbeid

Biblioteket har samarbeid med skule og barnehage, Nynorsk kultursentrum/Haugesenteret og Ulvik sjakklag. Møterommet til biblioteket er i bruk av ulike lag i Ulvik. Samarbeidet med andre bibliotek i Hardanger/Voss er tatt opp att, med formidling av arrangement for born.

Digitale tenester

Biblioteket inngjekk i 2023 avtale med Bibliotek24 om dei digitale innhaldstenestene Filmoteket, Pressreader og FLIPP, som gjer det mogleg å strøomme film og få tilgang til ulike aviser, magasin og tidsskrift på biblioteket. I tillegg tilbyr biblioteket digitale bøker og lydbøker gjennom applikasjonen bookbites.

Fjernlån

Biblioteket formidlar fjernlån via det nasjonale websøket, www.biblioteksøk.no. Fjernlån blir mykje nytta, vi har mottatt 264 bøker frå andre bibliotek, og har sjølv sendt ut 253 bøker

8. Næring, reiseliv og bukommune

Reiseliv

Book Hardanger AS tilsette dagleg leiar som starta 1. april. Selskapet er godt i gang med å etablere avtalar med lokale bedrifter, og har signert avtale på digital bookingløyising. Det er inngått samarbeidsavtale med Visit Hardangerfjord om marknadsføring. Nærings- og reiselivssjef vart i generalforsamling i juni vald til styreleiar for selskapet.

Ingrid Prestegard tok til som prosjektleiar for omstillingsprosjektet for reiselivet i Ulvik og Eidfjord 1. juni. Prosjektet jobbar med å kartlegge og gjennomføre tiltak som vil gje auka trafikk i lågsesong, og eit grunnlag for fleire heilårs arbeidsplassar. Det er etalbert ei styringsgruppe med ordførarar, næringssefjar og privat næringsliv frå begge kommunar. Kartlegging av status og moglege tiltak hatt fokus første del av prosjektet.

Ulvik turistkontor var ope alle dagar frå 14. mai til 15. august, og fem dagar i veka fram til 15. oktober, i tillegg til feriar og langhelger. I vintermånadane er det ope fredag og laurdag. Det vart tilsett tre ungdommar med lokal tilknytning som sommarvertar, i tillegg til fast ressurs på 20% - stilling og to deltidstilsette på timar haust og vår.

I juni og juli selde turistkontoret to turar med minibuss til nærområda, Osa og rundtur over Espelandsdalen, etter ei løyving til testprodukt på kr 300.000 i heradsstyret i 2022. To år med prøving har gitt låg interesse. Det har vist seg vanskeleg å marknadsføre og selje «over disk», og kan få betre resultat med førehandssal gjennom Book Hardanger.

Oppfølging av «Plan for turruter i Ulvik herad» vart følgt opp med skilting av to nye turruter, og vedlikehald av eksisterande ruter som er prioritert i planen. Oppdraget med skilting, merking og vedlikehald vart lyst ut, og tildelt etter søknad. «Stolpejakten», som er eit samarbeid med Ulvik turlaget, vart utvida frå 15 stolpar i 2022 til 43 stolpar i 2023. Dette er eit attraktivt tilbod for dei fleste aldersgrupper.

Sommarsesongen 2023 hadde ei god auke i turistar og omsetnad lokalt, og ein er snart på høgde med sesongen 2019 (før pandemien).

Cruiseskipet «The World» ankom Ulvik for andre gong, noko som kravde stor innsats frå både turistkontor og lokale verksemder i planlegging og gjennomføring dei to dagane dei var her. Mange ulike opplevingar vart levert med høg kvalitet, og med gode tilbakemeldingar.

Næring

Aktiviteten i lokalt næringsliv har tatt seg opp igjen etter pandemiåra. Det har vore gjennomført nyttårsmøte, bransjetreff for reiselivet og bedriftskonferanse for lokale bedrifter.

Butikk1, Joker, varsla på nyåret at dagleg leiar ville pensjonere seg og drifta ville bli avvikla innan 1. mai. Eigedomsselskapet Plato AS vart lagt ut for sal. Heradsstyret gjorde vedtak om å kjøpe Plato as og annonsere lokala for leige til butikkdrift. Det vart inngått leigeavtale med Snarkjøp Ulvik as, og ny butikk opna i oktober.

Kafélokala heradet eig på Promenaden 7, vart lyst ut for leige etter vedtak i heradsstyret i desember.

Intensjonsavtalen med Benchmark Genetics Norway om opsjon på kjøp av kommunal tomt i Osa vart følgt opp med eit ope informasjonsmøte for innbyggjarane i Osa 31. januar. Ei mogleg etablering ligg nokre år fram i tid, men avtalen er det første, viktige steget på vegen. Responen i møtet var særers positiv og heradet har jamnleg kontakt med Benchmark.

Arbeidet med Skeie Tre AS (Pallefabrikken) har halde fram med gjennomføring av dialogkonferansar med moglege utbyggjarar. Reguleringsplanarbeidet for sentrum vart starta opp.

Heradet fekk støtte frå fylkeskommunen til arbeid med sentrumsutvikling, og det vart sett ned ein politisk komité som utarbeidde eit utkast til utforming av sentrum, som innspel til reguleringsplanen. Utkastet skulle sjåast i samanheng med bruk og utvikling av tomta til Skeie Tre AS. Nærings- og reiselivssjef varsekretær for arbeidet, som la fram ei innstilling til heradsstyret i starten av september.

Den gode kontakten med Næringsshagen i Hardanger og Voss har halde fram, med faste kontordagar i Ulvik og gjennomføring av felles samlingar for næringslivet. 5. oktober vart det gjennomført ei samling på Brakanes hotel forbedrifter og gründerar i heile regionen.

Nærings- og reiselivssjef har vore involvert i fleire større næringsprosjekt, som Bruravik utvikling og bustadprosjektet på gamle sjukeheimen. Ho har og representert Ulvik i Team Hardanger, og deltatt i fellesmøte med Vestland fk og andre samarbeidspartnarar.

Bukommune

Folketalsutviklinga i 2023 har vore særst positiv med 56 fleire innbyggjarar, og av desse er det ein stor andel innanlands tilflytting.

Heradet har fått ei oppdatert brosjyre, både i papirversjon og digitalt. Denne er eigna for tilreisande og for marknadsføring av Ulvik som bukommune. I samband med Terra madre, ein festival i regi av Slow Food Hardanger i Holmen i juni, lagde Arne Hjeltnes og Tellus productions ein film retta mot tilflytting. Denne inngår i den digitale brosjyra.

Den største utfordringa for vidare folketalsvekst er framleis familiebusstader for sal og leige. Dette er utfordrande og må løysast for å få auka tilflytting av særleg familiar med små born.

Cittaslow

Cittaslowrådet har hatt 5 møte, og har jobba med mellom anna sertifisering av fleire verksemder. Det er i alt 17 verksemder som er sertifiserte. Det har komme opp vimplar i sentrum med Cittaslow-logo på, og Ulvik var vertskap for nordisk nettverkstreff i juni. Programmet over tre dagar viste fram dei mykje lokalt næringsliv, og både besøkande og lokale representantar vart betre kjend med bygda. Særst gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Videre har rådet arbeidd med arrangement som Oktobertorg-helg og Adventhelg. Det vart gjort ein del endringar på desse arrangementa, noko bygda tok godt imot. Rådet har kjøpt inn stolar og bord, og eit større telt som gjer det enklare å gjennomføre arrangement sjølv om veret ikkje spelar på lag.

Cittaslowrådet fungerer godt, og har eit større fokus på konkrete, synlege lokale aktivitetar som kjem bygda til gode og som er i tråd med Cittaslowprofilen, i tillegg til dei faste arrangementa gjennom året.

2.2.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Vigsel

Me har gjennomført 4 vigsler i 2023. Alle i Ulvik.

Tv-aksjonen 2023

Med 9. klasse som bøssebærarar og Formannskapet som sjåførar, saman med små og store hjelparar i bygda, fekk me ein vel gjennomført tv-aksjon.

Innsamla beløp: kr 104 220,- I underkant av kr. 99,- pr innbyggjar. Litt auke frå året før.

17. mai 2023

Budsjett auka til kr. 50.000,- i år. God komité, og vel gjennomført 17. mai.

Årets komité er ikkje einig i måten komiteen vert vald på og ønskjer endring. Det vart difor ikkje vald komité til 2024.

2.2.3 Internkontroll og tilsyn

Kvalitetssystemet Compilo

- Dokumentmodulen:

I år tok me i bruk dokumentmodulen til Compilo. Eitt av måla me har satt oss for Internkontrollen er atall dokumentasjon som skildrar prosessar, rutinar mm skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg for alle tilsette frå ein stad. Den tilsette skalaltså kun måtteforhaldase til Compilo og sleppe å leite i permar, mappeområde og liknande.

Kvalitetssystemet Compilo:

- Avviksmodulen

Me har allereie nytta avviksmodulen i Compilo i 3 år. For 2023 vart det meldt inn 269 avvik i heile organisasjonen, ein god auke mot 142 avvik året før. Likevel er dette eit alt for lågt tal mtp. kva ein kan forventa. Det er viktig å skapa ein kultur der det er forventa at den tilsette melder inn avvik.

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesetilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Arkivplan:

Me har ein nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling (arkivplan.no). Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar og vert revidert årleg. Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar

Personvern, GDPR:

Ulvik herad kjøper personvernombodsteneste av Bergen kommune. Me nyttar systemet Drafit i personvernarbeidet og har verkstad i dette ca. kvar 6. veke. Arkivleiar er intern GDPR-kontakt for heradet og har løypande dialog med personvernombod i Bergen kommune. Kommunalsjefane i heradet har lokalt ansvar for GDPR-arbeidet for sitt respektive område. Tryggleiksforum er kommune-direktørens leiargruppe, men skal vera dynamisk og evt. andre ressurspersonar kan kallast inn til forumet, t.d. IKT-ressurs. Faste møte mellom GDPR-kontaktperson og kommunedirektør, med Personvernombodet i Bergen kommune. Eigen intern IKT-ressurs som har overordna IKT-ansvar for heile organisasjonen. Årsmelding frå Tryggleiksforum vert årleg oversendt Kontrollutvalet. Malar og rutinar for personvernarbeidet er lagt inn i Compilo.

Vedtaksoppfølging:

Me har rutinar for vedtaksoppfølging. Politisk møtesekretær legg på vedtakskode i WebSak+. Sakshandsamarane og leiarane har fått egne korger i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert, endrar sakshandsamar sjølv status.

Malar:

Tenestetorget jobbar kontinuerleg for å utviklagode digitale malarog skjema for å minimera feil og for å letta arbeidet til sakshandsamarane og innbyggjarane.

Jamleg opplæring:

Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet for alle sakshandsamarar ca. kvar 6. veke

Tilsyn

Staben har ikkje hatt tilsyn i 2023.

3 Oppvekst

3.1 Drift og økonomi

3.1.1 Innleiing

Oppvekst 220 og 230

Eininga oppvekst har ansvar for tenester knytt til born og unge.

Barnehagen omfattar Barnehage 2010 og Spesialpedagogisk tilbod 2110

Organisering av oppvekst

Barnehage

Styrrar 100%

4 pedagogiske leiarar

Totalt årsverk: 16

14,44 fast tilsette

2 mellombels tilsett

Grunnskule 35,76 heile årsverk fordelt på:

2020 Skule: 30,37

2150 SFO: 2,05

2310 Ungdomsklubb 0,4

2310 Ungdomsråd 0,2

3830 Kulturskule 1,86

1200 Kommunalsjef 1,0

Vaksenopplæring kjøper tenester frå Voss.

PPT kjøper tenester frå Voss

8,69 av stillingane i oppvekst var i 2023, mellombelse..

1|. august 2023 vart det tilsett kommunalsjef for oppvekst i 100%. Kommunalsjef har overordna ansvar for barnehage, 1-10 grunnskule, SFO, kulturskule, ungdomsklubben Ameron, ungdomsråd, PPT og vaksenopplæring og er med i politisk råd for levekår og helse som repersentat frå administrasjonen.

Kommunalsjef har det overordna ansvar for vidareutvikling av organisasjonen, retteling og støtte til rektor, styrrar, ungdomsarbeidarar/kooridnator ungdomsrå. K sjef har i tillegg kontakt med vaksenopplæringa og PPT i overordna saker. Kommunalsjef er med i styringsgruppa i Hardanger-Voss kompetanseregion og styringsgruppe i Vestland, Nettverk for forebygging av vald og seksuelle overgrep mot born og unge.

Heradet fekk tilsett rektor i desember 2023, etter lengre tid med konstituering.

Utviklingsarbeid og undersøkingar

Hovudsatsinga i oppvekst er inkluderande skule- og barnehagemiljø og organisasjonskultur. I 2023 har oppvekst hatt nokre felles planleggingdagar der tema har vore inkluderande barnehage og skulemiljø. Læringsmiljøsentret UIS er samarbeidspartnar og samarbeidet vil halda fram i 2024.

Oppvekst hadde opplæring i 10 faktor, som er medarbeidarundersøking og verktøy for utvikling av organisasjonen. Resultat etter undersøking vert arbeidd vidare med, og lagt inn i utvikling av organisasjonen 2024 og 2025.

Foreldreundersøking i barnehagen 2023, syner at borna trivst og utviklar seg.

Kulturskulen har godt og variert tilbod. Mange born og unge nyttar tilbodet.

Det har vore god og positiv aktivitet i ungdomsklubben og i ungdomsrådet i 2023.

Heradet har sagt opp avtalen med PPT Voss (Pedagogisk psykologisk teneste) og barneverntenesta i Ullensvang med verknad frå 1. januar 2025. Kommunalnsjef oppvekst og kommunalsjef helse - velferd ser på ulike løysingar for å etablere eining for barne- og familietenester, lokalt i Ulvik. Eininga skal mellom anna jobba tverrfagleg og førebyggjande. Eininga vert truleg sett saman av barnevern, PPT og barnekoordinator. Det vert vurdert om andre aktuelle også skal liggja under eininga. Planarbeidet tok til hausten 2023.

Utfordringar i oppvekst

2023 har på mange måtar vore eit hektisk og utfordrande år. Det har vore utfordring med å rekruttere og behalda kompetanse. Det har vore høgt sjukefråvær/fråvær og vanskar med å få skaffa personale med rett kompetanse. Dette har merkast ved auka press og utfordringar for dei tilsette, leiarane og at borna ikkje får den læringa dei har krav på.

Oppvekst vil frå 1. august 2024 freista å tilsetja kompetent personale på topp for å kunna dekkja noko av fråværet. Ressurs vert teken av vikarbudsjet.

Skulen har vore utan assisterande rektor i 2023, noko som har vore krevjande for skulen. Frå mai 2024 er det tilsett assisterande rektor.

Foreldreundersøkinga i barnehagen syner at foreldra ynskjer betre informasjon. Undersøkinga syner også dei er ikkje nøgde med det fysiske inne- og utemiljøet i barnehagen.

Elevundersøkinga som vart gjennomført i 2023, syner at eit stort tal av elevane opplever mobbing på digitale flater. Dei er mindre motiverte og opplever ikkje at læringskulturen er optimal.

Barnehagen vart ikkje godkjend etter tilsyn av **miljøretta helsevern**. Det er sett av 400.000 i budsjett samfunn og plan, til utgreiing i 2024.

Nasjonale prøvar

Det har i 2023 vore gjennomført nasjonale prøvar for 5. 8. og 9. trinn. Elevane skårar lågare enn snitt for landet i rekning. På 8. og 9. trinn skårar elevane lågare enn landssnittet også i lesing.

I engelsk skårar elevane likevel høgt og 5. trinn ligg over landssnittet både i lesing og i engelsk.

Økonomi

Negativt nettoresultat 2023 skuldast uføresette kostnadar ved kjøp av tenester frå andre kommunar og private. Halvparten av avviket skuldast kjøp av PPT-teneste frå Voss.

Skulen og barnehagen har elles god økonomistyring.

3.1.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarsseininger

3.1.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - drift

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Oppvekst				
Driftsinntekter	-7 158 000	-4 637 000	-6 096 000	-7 761 000
Driftsutgifter	50 619 000	42 834 000	48 013 000	42 941 000
Netto	43 461 000	38 197 000	41 917 000	35 181 000

Barnehagen

Barnehagen hadde eit lite meirforbruk i 2023. Forklaring på dette er at barnehagen fekk uføresett kostnad då bemanninga måtte aukast noko før jul. Det er investert i naudsynt kjøkkenutstyr, faglitteratur, inne- og uteleikeutstyr til borna, formingsmateriell til borna og tryggleiksutstyr til born og vaksne. Alle fire avdelingar i gamlebygget har fått nye garderober.

Delar av investeringane til uteområdet, via prosjektet "Leik og le", kom på plass i 2023, med eit nytt klatre og sanse tårn. resten av invisteringane er sett litt på vent for å sjå om teknisk etat har kapasitet våren/sommaren 2024.

Undervisning

Skulen har god økonomistyring.

Avvik skuldast uføresett auka kostnad i høve til kjøp av tenester frå andre kommunar. Halvparten av avviket er knytt til kjøp av pedagogisk psykologisk teneste, kløp av private tenester og til elevar frå Ulvik som bur i andre kommunar, gjesteelevar. Meirforbruk av totalbudsjett er kostnader skulen ikkj styrer sjølv.

§5-5 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - investering

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Oppvekst				
2 105	IKT skule				
	Utgift IKT skule	303 000	250 000	311 000	202 000
	Netto IKT skule	303 000	250 000	311 000	202 000
2 241	Beredskapslager				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Utgift Beredskapslager	0	100 000	100 000	0
	Netto Beredskapslager	0	100 000	100 000	0
3 015	Inventar undervisning 2021				
	Utgift Inventar undervisning 2021	0	0	0	112 000
	Netto Inventar undervisning 2021	0	0	0	112 000
4 430	Inventar barnehage 2019				
	Utgift Inventar barnehage 2019	0	0	0	191 000
	Netto Inventar barnehage 2019	0	0	0	191 000
4 447	Uteområde undervisning				
	Utgift Uteområde undervisning	0	300 000	300 000	0
	Netto Uteområde undervisning	0	300 000	300 000	0
4 451	Inventar undervisning 2020				
	Utgift Inventar undervisning 2020	167 000	300 000	301 000	0
	Netto Inventar undervisning 2020	167 000	300 000	301 000	0
4 475	Aktivitetssløype Brakanes skule				
	Inntekt Aktivitetssløype Brakanes skule	0	0	0	-288 000
	Utgift Aktivitetssløype Brakanes skule	0	0	0	288 000
4 482	Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan				
	Utgift Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan	0	0	0	5 000

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Netto Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan	0	0	0	5 000
4 503	Investeringar barnehagen 2022-2025				
	Utgift Investeringar barnehagen 2022-2025	763 000	1 000 000	1 153 000	0
	Netto Investeringar barnehagen 2022-2025	763 000	1 000 000	1 153 000	0
	Inntekt	0	0	0	-288 000
	Utgift	1 233 000	1 950 000	2 164 000	798 000
	Netto	1 233 000	1 950 000	2 164 000	510 000

Barnehagen

Alle fire avdelingar i gamlebygget har fått nye garderober.

Me har dette barnehageåret nytta fire avdelingar. Den femte avdelinga har stått ubrukt i 2023 og bør ikkje nyttast utan at det er strengt naudsynt. Dette ut frå byggteknisk tilstand.

Delar av investeringane til uteområdet, via prosjektet "Leik og le", kom på plass i 2023, med eit nytt klatre og sanse tårn. resten av invisteringane er sett litt på vent for å sjå om teknisk etat har kapasitet våren/sommaren 2024.

Undervisning

Inventar

Noko av inventar i klasserom og på personalrom vart oppgradert i 2023 og det er framleis trong for yttarlegare opprusting. Til dette har det vore løyvd 300.000 årleg.

IKT

Skulen har interaktive skjermar på alle klasserom. Elev- og lærar PC-ar/iPad-ar, samt ladeskåp og anna tilbehøyr treng fornyast med jamne mellomrom. I 2023 vart det investert i nye PC ar til 4. og 8. trinn, i tillegg til fornying av PC ar til fleire tilsette.

Uteområdet

Det har vore arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur – og idrettsavdelinga på fylket. Det vart vedteke at det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for uteområdet ved skulen. Hausten 2023 har det vore ein prosess ilag med Norconsult der dei har levert framlegg til ein heilskapleg plan etter medverknad frå elevar, tilsette og FAU.

Nye lærebøker

Om lag alle læreverk i fag er oppgradert etter læreplan 2020. Naturfagbøker til ungsomsskulen er ikkje oppgradert og vert kjøpt i 2024. (Dette vart flytta til driftskostnadar for 2022 etter avklaring rundt reglar for læremiddel)

3.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
220	16	14,55	2
230	35,76	29,07	6,69
230-1200	1		
230-2020	30,37		
230-2131	0		
230-2150	2,05		
230-2310	0,4		
230-3830	1,86		

Barnehagen omfattar Barnehage 2010 og Spesialpedagogisk tilbod 2110

Styrar 100%

4 pedagogiske leiarar

Totalt årsverk: 16

14,44 fast tilsette

2 midlertidig tilsette

Barnehagen har fire avdelingar.

I Ulvik barnehage får pedagogane 5 timar til pedagogisk planleggjing og etterarbeid pr veke, noko som er 1 time meir enn det som er det vanlege. I tillegg får pedagogane ekstra 15 timar i halvåret til mellom anna pedagogisk arbeid, observasjon og etterarbeid.

Fagarbeidar og assistentar får 1 time pr veke til ulikt planarbeid.

Kommunalsjef for oppvekst som vart tilsett 1. august 2023, har teke over nokre av oppgåvene som styrar hadde. Det er eit tett og godt samarbeid mellom styrar, rektor og kommunalsjef.

Barnehagen fekk innvilga 100% ekstraressurs i ein avdeling våren 2023 og fekk innvilga 50% ekstra ressurs i ein annan avdeling frå hausten 2023.

Ein tilsett gjekk ut i svangerskapspermisjon i september 2023, ho er etter planen tilbake på jobb i juli månad 2024.

Lærling gjekk over i skulen 14.08.2023 for å fortsetja utdanninga si der.

Både pedagognorm og bemanningsnorm er oppfylt frå 14.08.2023 - 31.12.2023

Barnehagen har samarbeid med tverrfagleg team, skule, PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor), logoped, helsesjukepleiar, fysioterapeut, spesialpedagog, Hardanger/Voss kompetanseseregion og barneverntenesta.

Særskilt om barnehagen:

Ulvik barnehage ligg fint til og har eit stort og flott uteområde. Det er kort veg til flotte naturområde som vert nytta gjennom året. Gauro, fuglekikkarhytta, Holmen idrettsanlegg, Åsen og dagsturhytta, gardsbesøk og Tunheim. Symnebassbassenget på skulen, biblioteket og Haugesenteret vert nytta av barnehagen delar av året.

Dei tilsette i barnehagen har god og variert kompetanse.

Leike- og opphaldsarealet per born er 7,67 kvadratmeter

Sjølve barnehagebygget er ikkje etter dagens standard. Barnehagen vart bygd som ein to avdelings barnehage i 1983. Grunna barneauke vart det eit hastepåbygg i 1988. Barnehagen ber preg av at dette tilbygget ikkje vart gitt tid. Barnehagebygget slik det er i dag er svært lite funksjonelt og eignar seg svært dårleg for samarbeid mellom avdelingane. Bygget ber også preg av ei rekkje ombyggingar som ikkje fungerer slik intensjonen var. Det er mellom anna ikkje stellemogelgheiter på alle avdelingar, ikkje høve for borna å sova/kvile inne, manglar grupperom til ulik aktivitet, romma erdet er kalde rom om vinteren, vindauger i alle dører.

Grunnskulen har i 2023 vore 10-delt. Eitt trinn har vore delt med eigne kontaktlærarar.

Elevtalet vår 2023 var på 136 elevar og frå hausten 2023 gjekk elevtalet opp til 139 elevar.

Brakanes skule femner om: Grunnskuleopplæring, SFO, Skulefritidsordning og Kulturskulen.

Brakanes skule har i 2023 hatt 20,25 pedagogiske årsverk. I tillegg har tenesteområdet (grunnskuleopplæring) 5,12 assistent/fagarbeidar-årsverk, IKT-medarbeidar i 0,4 årsverk, sekretær i 0,375 årsverk og fagarbeidar i 1 årsverk, med refusjon frå Nav i 0,66 årsverk. Leiarskursen har vore framleis på 1,6 årsverk (rektor og ass rektor) og kommunalsjef for oppvekst 1 årsverk frå 1. august.

Skulen leigde inn konsulentteneste til administrasjonen våren 2023. Skulen har ikkje hatt assisterande rektor i 2023. Assisterande rektor var konstituert som rektor fram til desember 2023, og vart tilsett som rektor frå desember 2023. Det vart lyst etter assisterande rektor hausten 2023. Søkjar til stillinga fekk tilbod og vert tilsett frå 15. mai 2024.

Kulturskulen har i 2023 hatt 1,86 årsverk fordelt på 7 lærarar. Berre rektor og to lærarar er fast tilsette. Hausten 2023 hadde kulturskulen 57 søkjarar som nytta til 66 elevplassar. Kulturskulen har tilbod innan biletkunst, dans, lyd/lys, gitar, elbass, band, slagverk, song, piano, blåseinstrument og korps. Det er blitt tilsett ein korpsdirigent i 25%.

SFO har vore drifta med 2,05 årsverk. Dette er inkludert spesialkonsulent i 1,0 årsverk.

Dette skuleåret var det ved skulestart påmeldt 52 born til SFO. Av desse var 29 born på heil plass, 10 born på redusert plass og 13 born på fredagstilbod. Bemanninga har vore 12 born per vaksen. I tillegg har det vore ekstra bemanning for born med særskilde behov.

3.1.2.3 Oppfølging av mål satt i økonomiplan

GRUNNSKULEN:

Mål 1: Eit godt og inkluderande skulemiljø er hovudsatsingsområdet . Målet har vore å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar.

1. **Status:** Arbeidet med å få til eit godt læringsmiljø som er inkluderande, er framleis satsingsområde og har høg prioritet. Me har arbeidd med å etablera god klasseleing i alle klassar. Planleggingdagen haust 2023 var barnehage og skule samla og hadde foredrag med tema: **Trygt og godt barnehage- skulemiljø, aktivitetsplikt**, samarbeid heim- barnehage/ skule, korleis møte foreldra, læringsmiljø og klasseleing.klasseleing, born og unge som utfordrar og korleis løysa det i klasserommet. Det har vore arbeidd med barne og elevsyn.

Skulen har handlingplan og rutinar for korleis ein sikrar retten til å ha eit trygt og godt læringsmiljø. §9A- 2. Handlingsplanen har vore aktivt i bruk i 2023. I nokre saker er det laga aktivitetsplan.

Økta med fysisk aktivitet vart teken vekk frå hausten 2023 og vert i staden organisert med jamne mellomrom i timane for at alle skal vera med. Fysisk aktivitet knytt til læringsaktivitet som er praktisk- og aktiv læring.

I 2023 har det vore god vaksentettleik i alle friminutt.

Brakanes skule er ein trivselsleiar-skule. TL programmet har som mål å gje auka trivnad, variert aktivitet i friminutt, variert aktivitet i undervaininga, byggja venskap, førebyggja konflikt og mobbing, gje inkluderande og respektfulle elevar. Ordninga har fungert best på mellomsteget dette skuleåret.

Som ein viktig del av arbeid med inkluderande skulemiljø, har det vore auka fokus på det fysiske læringsmiljøet til elevane, orden og trivnad. På uteområdet er ballbingen og aktivitetsløypa flittig i bruk. Klasseromma har blitt oppgraderte med nytt inventar. Det vart på slutten av 2023 kjøpt inn garderobereskåp til ungdomsskuleelevane.

Skulen har også i 2023 hatt tilbod om gratis varmlunsj på omsorgssenteret. Dette er eit godt tilbod som er med å auka trivand på skulen.

I løpet av 2023 har elevane hatt fleire skidagar på Drevtjønn og har hatt skidag i Voss resort. Desse aktivitatane har vore vellukka.

I somme klassar/grupper har skulen fått rettleing frå PPT med tama betre klassemiljø.

Mål 2: Å skapa tilpassa og god læring som fører til betre læringsresultat, noko som vil visa att på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og avsluttande grunnskulepoeng.

Brakanes skule har vore med i oppfølgingsordninga til udir. Tiltaket har vore til hjelp for at skulen skal driva med analysearbeid og det har vore sett inn to gode og relevante tiltak for å auka læringsresultata. Hovudfokus har vore lesing og organisasjonskultur som er ein del av arbeidet med eit godt og inkluderande skulemiljø. Sjølve ordninga vart avslutta våren 2023, men utviklingsarbeidet held fram. Det skal bl. anna lagast ein leseplan for heile skulen. Me håpar at dette på sikt gjev betre resultat. Resultata på nasjonale prøvar haust 2023 syner at 5 trinn ligg over lands- og fylkes gjennomsnitt i engelsk og lesing, medan i rekning litt under snitt. Resultat for 8. og 9 trinn...syner ei skåre so ligg ungder gjennomsnitt for landet i lesing og i rekning. Det er fleire som skårar på det lågaste nivået og ingen som skårar på høgste niv. Det har vore noko variasjon i

korleis det vert tilpassa til kvar einskild elev. Dei avsluttande grunnskulepoenga i 10. trinn, synte i 2023 noko svakare resultat. Tilpassa opplæring vil vera eit utviklingsområde som er sentralt for vidare arbeid for å nå måla.

Mål 3: I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring

Status: Elevane vart på elevundersøkinga 2023 målt på desse hovudtema:

Trivsel, støtte frå lærarane, støtte heimefrå, vurdering for læring, læringskultur, meistring, motivasjon, elevdemokrati og med verknad, felles reglar, utdanning- og yrkesretteleing og faglege utfordringar.

5.-7. klasse skårer her litt under landsgjennomsnittet innan desse hovudtema og skårer likt eller om lag likt som i fjor. Dei områda som merkar seg som låge er **vurdering for læring, læringskultur og motivasjon.**

8.-10.klasse Dei områda som merkar seg som låge er **vurdering for læring, læringskultur og motivasjon og digital mobbing.**

Personalet skal arbeida vidare med å analysa og undersøkje om dei finn ut kor stort omfanget er for å setta inn tiltak.

SFO:

Mål 1: SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod med lek og aktivitetar både inne og ute.

Borna har vore fordelt slik:

29 born har heil plass og 8 born har redusert plass. 1. og 2. trin har hatt 12 timar betalingsfri pr veke.

1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn
15 born	13 born	17 born	7 born

Status:

I vår vart det sett poteter, planta graskar, sukkererter og squash og sådde litt frø i pallekarmane utanfor. Det vart elles lagt opp til ulike aktiveitar knytt til årstidene og merkedagar.

Vinter 2023 har borna på ettermiddag fått velja ein del aktivitetar sjølv. SFO har brukt hallen og skøyter på isen var populært. Elles har teikning, måling, fargelegging, strikking, fingerhekling, klypping og liming vore populært. Play mobil vart kjøpt inn og har vore veldig populært og mykje brukt. Aking, hulebygging og ski har vore kjekt for mange. Til jol henta SFO joletre, baka, laga jolepynt og gåver.

Frå august 2023 hadde SFO kring 50 born på fredagar. Det har vore utfordrande med tanke på plass, derfor har Hallen vorte mykje brukt til aktivitetar. SFO har hatt ein lærling og ein som har vore i språkpraksis i 2023, noko som har fungert fint.

VAKSENOPPLÆRINGA:

Mål 1: Ulvik herad skal gje vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Dette gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.

Status: Grunnskule for vaksne er ein rett den enkelte har jf. følgjande vilkår:

1. Er over opplæringspliktig alder
2. Har ikkje rett til vidaregåande opplæring etter oppl. § 3-1
3. Har lovleg opphald i Noreg
4. Treng grunnskuleopplæring

Dei 3 første er absolutte krav, medan punkt 4 er ei skjønsmessig vurdering.

Ulvik har i 2023 hatt grunnskule for vaksne. Denne tenesta kjøper Ulvik herad frå Voss herad.

Ulvik herad har ukrainske flyktningar som har fått norsk- og samfunnskunnskapsopplæring hjå Voss Herad.

KULTURSKULEN

Mål 1: Å halda fram med å ha eit godt og variert tilbod i Kulturskulen

Status:

Status: Kulturskulen har aktive tilbod i hardingfele, song, piano, gitar, bass, slagverk, skulemusikk, dans, lyd/lys og biletkunst. Kulturskulen har eit godt samarbeid med grannekommunane med kjøp og sal av tenester, og skaffar oss naudsynt kompetanse gjennom dette. Dette betyr også at dersom det er få søkjarar lokalt på eit tilbod, kan me selge denne tenesta til ein nabo. Slik opprettheld me stillingane til våre lærarar utan at ressursen står ubrukt for Ulvik herad. Me samarbeider tett med Eidfjord, Voss og Ullensvang om å gjere avtaleverket mest mogeleg likt. Slik at dei tilsette som arbeider i fleire kulturskular opplever same praksis i dei ulike herada. Me har også hatt planleggingsdagar saman.

Ulvik kulturskule har god deltaking i forhold til antal elevar i grunnskulen. Me har vore aktive og levert underholdning ved fleire høver til sjukeheimen, bygdekvinnelag, Hardangerkonferansen og liknande.

Skulemusikken har fått ny dirigent. Dei hadde jubileumskonsert i haust, i tillegg til dei tradisjonelle oppdraga i kyrkja, 17 mai og på oktobertorg.

Ukm skipa me på Voss saman med Eidfjord kommune og Voss herad.

Mål 2: Målet til Ulvik kulturskule er å tenna gnisten i dei unge, og få opp interessa rundt kunstnarlege uttrykk.

Status: Me har godt driv på dei fleste felte innan kunstnarlege uttrykk.

AKTIVITETAR FOR BORN OG UNGE/ ungdomsklubben Ameron:

Mål 1: Gjennom stor grad av medverknad frå ungdommane sjølv, skal me skapa eit godt og variert tilbod til ungdommane i bygda. Dette gjeld både på ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar.

Status:

Det vart tilsett ny ungdomsarbeidar i 40% den 01.01.2023. Ho har vore på kurs i regi av ungdom og fritid. Det er også etablert eit samarbeid med koordinator for ungdomsrådet. Det er planlagt eit

besøk på ungdomsklubben i Eidfjord.

Ungdomsklubben har klubbkveldar onsdag og fredag. Ungdomsarbeidaren er vakt der på onsdagar og på fredagar er det foreldre som har vakt.

Det har vore arbeidd med å få til eit jamleg reinhald av teknisk etat av klubblokalene til Ameron, men me har ikkje lukkast med å få dette til ennå.

Det har vore arrangert LAN-party og arrangement 16.mai i Kinsarvik.

Det har vore prøvd utekino for både elevar frå 5.-7. og 8.-10.klasse, men det var lite oppmøte.

I adventshelga hadde dei Taco og brus på Ameron.

5.-7.klasse har hatt ein filmkveld i Blackboxen, men det vart gjort hærverk som hadde ein stor kostnad. Denne gjengen treng meir fleire vakter, men foreldra har ikkje vore så frampå med å vera vakter.

Det er gjort nokre innkjøp:

- Playstation 5 m/VR-briller
- FIFA 23
- FC24
- Mikro
- Ladere (2 til Iphone og 2 til Samsung)
- Headset (2 stk)

Mål 2: Å skapa eit aktivt og engasjert ungdomsråd, som bidreg til å påverka politiske avgjerder.

Ungdomsrådet skal drivast i tråd med kommunelova, på lik linje med andre kommunale råd og utval. Ungdomsarbeidaren (koordinator)som vart tilsett i 2021 har ansvaret for ungdomsrådet i 20%. Ungdomsrådet som fungerer som andre råd og utval. Politisk sekretær er med på møta som i andre råd og utval.

Møte og anna aktivitet i samband med Ulvik Ungdomsråd 2023.

Ulvik Ungdomsråd hadde 5 ordinære møte i 2023. Dato for møta var på førehand sett i møteplan for Ulvik Herad. Historikk er å finne der. Møta i Ulvik Ungdomsråd finn stad måndagar frå 18.00 til 21.00.

I forkant av kvart møte har koordinator(ungdomsarbeidar) kontakt med representantane for å få opp politisk engasjement og hjelpe til med å førebu saker. Innkallinga skal vere klar og sendt ut ei veke før møta.

Koordinator har god hjelp i at politisk sekretær frå administrasjonen er med på møta. Då er formalitetane teke hand om på ein god måte. Samstundes får koordinator høve til å fungere som mentor/vegleiar i møta. Det er ikkje å legge skjul på at det kan gå litt tregt av og til, og det er naudsynt med ein aktiv part i møta.

Hardanger/Voss Ungdomsråd har og hatt 6 ordinære møte i løpet av 2023. Her er Ulvik Ungdomsråd som oftast representert med minimum 2 representantar på kvart møte. Møteplan for desse møta vert bestemt på første møte kvart år, og møta skjer oftast på ettermiddag kveld på ulike stader i Hardanger og Voss. Koordinatorane for ungdomsråda i regionen har tett kontakt i samband med aktiviteten i Hardanger/Voss ungdomsråd, og deltek på møta med talerett. Om dette er formelt

innanfor regelverk og kutyme for ungdomsråd er uklart, men naudsynt for å halde oppe engasjement og framdrift i diskusjonane. Det er stor skilnad på modningsnivå og politisk engasjement hos dei unge representantane. Deltaking på møta i det regionale rådet gjer soleis eit særst godt høve til å utvikle seg som politikar. Det er sekretær for Hardangerrådet som koordinerer møta i Hardanger/Voss Ungdomsråd. Her er det endringar på gang, så vi må følgje med på utviklinga. Det er viktig å halde fram med regelmessige møter på dette nivået. Protokoll for møta i Hardanger/Voss ungdomsråd er arkivert i Websak, Ulvik Herad.

23. januar 2023 var det opplæringskonferanse i Norheimsund. Her var heile Ulvik Ungdomsråd til stades, og dette var ein nyttig dag. Koordinator var med og det var ein heil del førebuing i samband med dette.

I mai 2023 var Koordinator engasjert i å få til ein ryddeaksjon i samband med den årlege aksjonen som «Framtidshavet» tar initiativ til. I 2022 tok Koordinator ei aktiv rolle i håp om å skape eit lokalt politisk engasjement for å halde Hardangerfjorden rein. Aksjon vart gjennomført 15 september. Denne aksjonen er viktig reint praktisk, men og som symbolsak for unge. Difor ynskjer koordinator å bruke dette som høve til å vise korleis politikk og praksis høyrer i hop. Det er viktig med tidleg involvering og forpliktande deltaking frå både skule og Heradet si side. Arbeidet med dette prosjektet startar i mai. For 2023 vart det reagert for seint og for lite til at det vart eit godt resultat. Håp om større oppslutnad for inneverande år!

21-22 oktober var Leiar for rådet representant på Ungdomens Fylkesting, Scandic Kokstad.

8 og 9 november deltok 3 ungdomsrepresentantar på Hardangerkonferansen som var på Brakanes Konferansesenter. I tillegg til dette var det ein delegasjon frå Brakanes Skule til stades på deler av konferansen i samband med Ungt Entreprenørskap. Koordinator var involvert i førebuing av dette i samarbeid med lærarar på skulen og Ungt Entreprenørskap Vestland.

Koordinator er i tillegg involvert i «lettare sakshandsaming» i samband med saker som har med ungdom å gjere. Her er det eit potensiale, men med 20 % ressurs er det noko begrensa kapasitet. Mykje av jobben består i kontinuerleg kontakt og informasjonsflyt mellom ungdomane, politisk og administrativt nivå i kommunen og regionen. Det er og ein relativt god dialog med skulen. Her kunne vi hatt noko tettare kontakt. Mykje av det vi driv med er med god erfaring å ta med seg for å nå kompetansemåla for ungdomstrinnet.

Frå januar 2024 har Koordinator fått kontor plass i administrasjonen til Ulvik Herad. Det vil vere ei målsetting å få mest mogeleg av det administrative arbeidet knytt til ungdomsrådet inn t den tida. Unntak er møteverksemd som fell utanom dette.

3.1.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Barnehagen

Utfordringar 2023:

Det har vore eit konstant behov for ei styrka bemanning gjen

Barnehagen har inkluderande barnehagemiljø som hovudsatsing med fokusområde på leik,

natur, miljø og teknologi, nærmiljø og samfunn.

Barnehagen har som mål å arbeida for ei god utvikling og ein god kvardag for alle born og tilsette.

Barnehagen har tidlegare vore knytt til samarbeid med Høgskulen Innlandet, med tema Inkluderande barnehage men har ikkje hatt rom for dette samarbeidet i 2023. Barnehagen har hatt halvannan planleggingsdag felles med skulen, med tema inkluderande barnehage og skulemiljø, mobbing og gruppeleing.

Plantida og personalmøta i barnehagen er nytta til utvikling av barnehagen, der det er fokus på utviklinga til kvart einskild barn og barnegruppe. På personalmøta har det mellom anna vore arbeid med barnehagen som lærande organisasjon og leik. Førebuinga til 10 faktor undersøking hausten 2023 var engasjerande og positiv. Det var svært høg svarprosent frå barnehagen og personalet er positiv til vidare arbeid med 10-faktor.

På eit personalmøte haust 2023 gjennomførte styrar og kommunalsjef eit opplegg med foredrag der også heile personalet vart inkludert i ein arbeidsprosess. Arbeidet enda ut i fleire konkrete tiltak til forbetring av organisasjonen. Desse vert arbeid vidare med i 2024.

Styrar har tilrettelagt, gjennomført og fylgt opp personalmøter, teamleiar møter, arbeidsmiljøgruppemøter og samarbeidsutvalmøter i 2023.

Styrar er alltid tilgjengeleg for borna, føresette og personal. Styrar er rettleiar for personale når det er trong for det.

I foreldreundersøkinga 2023 fekk foreldre og føresette seie meininga si om barnehagetilbodet, borna sin trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage. Resultat frå undersøkinga syner at borna trivst i barnehagen, det er god relasjon mellom vaksne og born og dei er nøgde med utviklinga til borna. Område der det er lågare skåre er på ute- innemiljø, tal vaksne pr born og på informasjon frå barnehagen. Desse områda skal forberast, og vert lagt inn i utviklingsarbeidet.

I lov om psykososialt barnehagemiljø, §41 *Nulltoleranse og forebyggende arbeid*, §42 *Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)* og §43 *Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn*. For å oppfylle plikta, krev det eit stabilt personale. I 2023 har fråværet vore stort og det har vore store vanskar med å få tak i kvalifisert og stabil arbeidskraft. Røynde vikarar med kompetanse og kjennskap til borna i barnehagen som meisatrar å fylgje opp rutinar, observasjonar og rett oppfylgning i saker som gjeld plikta til sikring av at borna eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Kompetanseutvikling.

Styrar er med i Hardanger/Voss kompetanseregion der ho jamnleg deltek i vurderingsarbeid av andre barnehagar i Hardanger, dette er også i samarbeid med Høgskulen Vestland. Det har også vore nettvekrsmøter for barnehagane som er knytt til Hardanger/Voss kompetanseregion.

Styrar har teke initiativ, og sett inn tiltak og oppfylgjing med pedagogisk arbeid og prosjekt.

Barnhagen har hatt faste avdelingsmøter der styrar deltek. Barnehagen har hatt tverrfagleg samarbeid med relevante institusjonar som skule, helsestasjon, den pedagogisk- psykologiske tenesta, barnevernet og logoped.

Det vert arbeid med å byggja kompetanse innan familierettleing. 2 i personale har sertifisering innan Cos og det er palnar om at fleire skal ta ICDP serifisering.

To av dei pedagogiske leiarane, som også har utdanning innan spesialpedagogikk, er med i nettverk

i Vestland. Nettverk for forebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep i Vestland. Dei som er med i nettverket frå Ulvik, er sett saman av spesialpedag og miljøterapeut på skulen og helsesjuepleiar i tillegg ti dei to frå barnehagen. Kommunalsjef for oppvekst er med i styringsgruppa i Vestland og er oså med i den lokale gruppa.

Pesonale har fått opplæring i Betre tverrfagleg innsats BTI, som er eit verktøy til bruk i tverrfagleg arbeid.

nom 2023 dette på grunna av høgt sjukefråvær, ferieavvikling og anna fråvær i personalgruppa. Det har i tillegg vore behov for å styrkja einssilde og barnegruppa. Det må setjast inn tiltak for å få ned sjukefråver i 2024.

Det har i periodar vore eit auka behov for overtids-/kveldsarbeid for pedagogane og fagarbeidar/assistent. Det har vore utfordrande at personalet har mykje ferie som skal takast ut gjennom året. To veker må alle ta ut då barnehagen var stengd dei to siste vekene i juli. Me har prøvd å la personalet ta ut mykje ferie om sommaren, men det har vore utfordrande å skaffe nok vikarar. Dette gjeld gjennom heile året også og kjem i tillegg til sjukefråver og anna fråver. Resultat er at fleire må overføre ferie til neste ferieår. Det er svært ugunstig då ein berre flyttar problemet til det neste ferieåret.

I 2024 vert barnehagen stengd 3 vekeer i juli, og det vil løysa på ein del av utfordringa.

Det har vore høgt arbeids- og emosjonelt press på styrar i 2023. Styrar har 100% administrasjon og har hovudansvar for personale, pedagogisk utviklingsarbeid og administrasjonsarbeid.

Styrar har 100% stilling, men i 2023 har dette ikkje vore nok for å handtera arbeidsmengda og offisielle krav til styrarrolla. Ein vil sjå på organiseringa og fordeling av arbeidsoppgåver i 2024. Spesialkonsulent skal gje 20% merkantil støtte til barnehagen i tillegg til IKT støtte frå IKT ansvarleg frå skulen i 5%, gjeld frå 2024.

Pedagogisk utviklingsarbeid med fire timar per veke for pedagogisk personale har vist seg å ikkje vera nok. Dette grunna statlege krav, forventingar frå føresette, individuelle utviklingsplanar for dei einssilde borna, krav frå styrar, arbeid med det psykososiale arbeidsmiljøet, rapportskriving, førebuing av og oppfylgjingsarbeid etter avdelings- og personalmøte og møte med eksterne samarbeidspartar som PPT og logoped, samt rettleiing og oppfylgjing av borna og personalet i avdelingane. Pedagogane har frå august 2022 fått 5 timar pr veke til pedagogisk utviklingsarbeid, samt 15 timar ekstra per halvår.

Fagarbeidar/assistent får ein time til utvikling/planarbeid pr veke.

Ein auke i pedagogisk utviklingsarbeid/planleggjing for pedagogane til 7,5 timar per veke bør utgreiast i 2024.

Det har og vore utfordringar med å få til rullering mellom avdelingane. Ei vil prøva å koma inn i ein tre års syklus der ein frå kvar avdeling må byta avdeling kvart år. Dette vart ikkje gjennomført slik planen var hausten 2023. eit argument var at det var natuyrleg utskifning i delar av personalgruppa fordi nokre medarbeidarar søkte seg til andre organisasjonar og nye medarbeidarar kom inn. Målet er at ein ved ein rullering skal få kjennskap til andre måtar å arbeide på, lære å kjenna kvarandre betre å unngå at ukultur får rotfeste.

Undervisning

Oppfølgingsordninga til Udir 2020-2023 - Dette er ei ordning for kommunar som over tid ikkje oppnår tilfredsstillande resultat på sentrale område i opplæringa. Gjennom ordninga vert desse kommunane pålagt deltaking i statleg støtta rettleiing over ein periode på 3 år. Kommunane vert identifiserte ved bruk av eit indikatorsett. Indikatorar for sentrale område innan læringsmiljø og læringsutbytte dannar utgangspunkt for ei nedre grense for kvalitet. Innsatsperioden består av ein førfase og ein gjennomføringsfase. På grunn av utfordringar kring pandemien, fekk ikkje skulen fulkt utbytte av oppfylginga og har framleis avsette midlar til utviklingsarbeidet og igjen og held fram utviklingsarbeidet i samarbeid med UIS læringsmiljøsentret. Dette er avklara med Statsforvaltar. Det skal rapporterast korleis ein nyttar midlane. Skule og barnehage har etablert eit samarbeid som held fram 2024. Hovudsatsing er inkluderande barnehage og skule med hovudfokus på læringsmiljø.

Ulvik kulturskule er med i eit interkommunalt samarbeid med Eidfjord, Voss, Kvam og Ullensvang. Dette samarbeidet er både godt og viktig for dei små kulturskulane. Me deler på lærarane og held såleis på den gode kompetansen då lærarane får samla sett gode stillingstorleikar.

Kulturskulen kjøper:

Danselærer 5,15% frå Eidfjord

Felelærer 10,26% frå Ullensvang.

Me seljer:

19,23% av rektorstillinga vår til Voss

5,15% av dirigentstillinga vår til Voss

5,15% av teiknelærarstillinga til Voss

Dirigent har har og ein time blåseundervising i grunnskulen i stillinga si.

Sjukefråværet har vore høgt i dette året

2023 har vore eit krevande då det har vore store vanskar med med å skaffa kvalifiserte vikarar. Me har brukt nokre eksterne vikarar og tilsette som har dekkja opp for fråværet så godt me har kunna. Me har vore kreative ved å slå saman grupper og flytta på tilsette for å få dette til.

3.1.3 Internkontroll og tilsyn

Barnehagen

Det var miljøretta helsevernkonroll hausten 2023. etter rapporten her vert ikkje barnehagen godkjend slik bygget er i dag.

Det var også branntilsyn våren 2023, her var det ingen avvik.

Undervisning

Mobildekning i Hallen.

Det er oppdaga at det er dårleg mobildekning i Hallen, garderobane og symjebassenget. Dette er ikkje bra med tanke på tryggleik både på dagtid og kveldstid. Skulen har erfart at om ein ringar 113 er det fleire stadar det ikkje er dekning. Om ulykka skulle vera der, må ein vera nær pasienten samstundes som ein er i kontakt med 113. Dette er veldig alvorleg. Arbeid med å få dette på plass er

i gang.

HMT-arbeid:

Brakanes skule har revidert ein del planar, instruksar og rutinar med omsyn til HMT og brannvern. Kvar haust får dei tilsette opplæring i HLR av ein godkjent instruktør. Dei som skal ha symjeundervisning får opplæring i livredning i vatn av same instruktør.

TILSYN

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Rutineskildring i høve røykutvikling og brann, branninstruksar:

Me gjennomgår branninstruksen kvar haust, har opplæring på branntavlene og øving med Evacstol. Gjennomgang av branninstruksen og øving med Evacstol vart gjort i august/september 2023 og opplæring på tavlene er ikkje gjennomført denne hausten. Gjennom skuleåret 2023/2024 skal me ha 2 brannøvingar, den eine varsla og den andre uvarsla.

Felles avvikssystem i Ulvik herad der tilsette melder avvik på nett. Hausten 2020 vart det innført bruk av avvikssystemet Compilo. Dette verktøyet har heile personalet fått opplæring i å bruka.

Rutiner og system for handsaming av personvernopplysningar GDPR. Skulen har utarbeidd eigen protokoll med oppsett av rutineoversikt i høve lagring og handsaming av personopplysningar

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018- 2020. Denne skal reviderast i 2024 og det skal knytast til ein førebyggjande plan.

Rutineskildring i høve mobbing og krenking §9A-2

Me har ein handlingsplan, mal for meldeskjema og aktivitetsplan.

Plan for tryggleik og beredskap på Brakanes skule 2020 – 2021 - med tiltakskort er under arbeid. Tiltakskorta er ikkje ferdige. Dette arbeidet vert ferdigstelt i løpet av skulåret 2023-2024.

Anna planverk som skulen har:

- * Plan for alvorlege hendingar på Brakanes skule
- * Plan for urovekkande fråvær på Brakanes skule

4 Helse og velferd

4.1 Drift og økonomi


4.1.1 Innleiing

Helse og Velferd

Ved utgangen av 2023 hadde eininga Helse og Velferd om lag 50 årsverk inkludert stillingar som er mellombels og vikariat. Gjennom 2023 har det vore endringar i struktur og leiing.

Eininga yt lovpålagde tenester og tenester som er lokalt forankra. Totalt er det over 70 dyktige medarbeidarar i tilknytt eininga som legg ned ein innsats for at innbyggjarane i Ulvik skal ha gode helse- og velferdstenester. Mange står i krevjande stillingar med mange tøffe vurderingar og få andre fagfolk å støtte seg på. Eininga samarbeider tett med spesialisthelsetenestene og andre kommunar både fagleg og administrativt.

Organisasjonskart helse og velferd per 31.12.2023:



Helseavdelinga:

Lokalisert på sentrumsbygget og omfattar tenestene helsestasjon, skulehelseteneste, jordmor (samarbeid med helse-Bergen), fastlegekontor inkludert daglegevakt, og tilsynslege for sjukeheim. Hadde ved utgangen av 2023 9 tilsette inkludert LIS1 (turnuslege), inkludert leiarfunksjon og kommunelegefunksjon. i 2023.

Institusjonskjøken

Kjøkken lokalisert på Ulvik omsorgstun. Leverer mat til heimebuande, bebuarar på institusjon. Skulemåltid x4 per veke. 9 tilsette inkludert leiarfunksjon. Driftsavvik i 2023 knytt med utfordringar knytt til tekniske installasjonar: kjøll og frys.

Heimebaserte tenester:

Heimesjukepleie og praktisk bistand. Tenester etter vedtak. Store budsjettavvik som må sjåast i samanheng med Ulvik omsorgstun. Eigen leiarfunksjon.

Ulvik omsorgstun:

Sjukeheim med to avdelingar: skjerma og somatisk. Totalt 18 plassar i 2023. Varierende belegg. Stabilt lågt belegg på skjerma eining i 2023. Store budsjettavvik som må sjåast i samanheng med heimebaserte tenester. Eigen leiarfunksjon som har vore vakant store delar av 2023.

Omsorgstunet og heimebaserte tenester hadde Totalt 38 tilsette ved utgangen av 2023, inkludert administrative funksjonar.

Tildelingskontor og skjenkesaker. Ergoterapi.

Nyoppretta teneste i 2023. Skal handsame søknader om helse- og velferdstenester, skjenkesaker, drive vederlagsberekning og fakturering, følgje opp vedtak, og drive koordinerande eining. 2 tilsette ved utgangen av 2023. Organisert saman med Ergoterapi. Næraste leiar er leiar for Ulvik omsorgstun.

Andre tenester:

Tenester som er organsiert med kommunalsjef som næraste leiar omfattar eit bredt spekter av fagområde. Dette inkluderer fysioterapi, flyktningteneste, NAV, rus- og psykisk helse, brukarstyrt personleg assistent, folkehelsekoordinator/prosjektleiar. Barnekoordinator nyoppretta stilling i 2024. Totalt 10 tilsette ved utgangen av 2023.

I rekneskaper er tenestene inndelt under to ansvar med følgande tenestenummer:

Eining 240

	Tenester
1200	Felles administrasjon
1209	Adm. fagområde
2320	Helsestasjon og jordmorteneste

	Tenester
2340	Drift av nr.10/Brakanestunet
2342	Støttekontaktteneste
2340	Dagavdeling for demente
2410	Kommunelegeteneste
2411	Legevakt
2412	Fysioterapiteneste
2422	Skjenkekontroll
2423	Krisesenter
2430	Edruskap og behandling
2440	Barnevernteneste adm
2510	Barnevernstiltak i familie §4-4
2520	Barnevernstiltak utanfor familien
2530	Ulvik omsorgstun
2533	Annan bustad/institusjon
2541	Heimesjukepleie
2542	Ergoterapi
2544	Psykologteneste
2546	Omsorgslønn

Eining 270

	Tenester
1200	Felles administrasjon
1209	Adm. fagområde
2420	Sosialrådgjevar
2430	Edruskap og behandling
2750	Introduksjonsordning
2810	Bidrag livsopphald §5-1/5-2

4.1.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarsseininger

4.1.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - drift

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Helse og velferd				
Driftsinntekter	-19 770 000	-13 620 000	-12 836 000	-15 455 000
Driftsutgifter	79 480 000	60 052 000	66 707 000	64 790 000
Netto	59 711 000	46 432 000	53 871 000	49 335 000

Historiske avvik:

Skildring	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Regulert budsjett 2022	Avvik 2022
240 Helse og omsorg						
Inntekt	-12 053 000	-12 110 000	- 7 849 000	-7 980 000	-7 980 000	-4 119 000
Utgift	59 940 000	60 923 000	42 450 000	46 568 000	49 301 000	11 621 000
Netto	47 887 000	48 823 000	37 601 000	38 587 000	41 321 000	- 7 502 000
270 NAV						
Inntekt	-1 541 000	-6 771 000	-22 000	-22 000	-283 000	-6 488 000
Utgift	5 375 000	9 585 000	3 060 000	3 060 000	2 916 000	6 669 000
Netto	3 834 000	2814 000	3 03800	3 038 000	2 634 000	180 000
Totalt 240 og 270						
Inntekter	-13 594 000	-18 870 000	-7 871 000	-8 263 000	-8 263 000	-10 608 000
Utgifter	65 315 000	70 507 000	48 511 000	49 447 000	52 218 000	18 290 000
Netto	51 721 000	51 637 000	40 640 000	41 184 000	43 955 000	7 682 000

Dei største avvika i 2023 er på kostnadssida i pleie og omsorg:

Særleg Ulvik sjukeheim har hatt store utfordringar. Biletet er samansett av særskilte driftsutfordringar med behov for oppbemanning tross lågt belegg, store omveltningar i tilsette både i drift og i leing. Store delar av året har vore prega av vakanse, og rekrutteringsvanskar. På toppen av dette er det gjort feil i budsjetteringa for 2023, med underbudsjettering av kostnader og budsjettering av tilskotsinntekter som har blitt "hengande ved" frå tidlegare år.

Teneste		Skildring av avvik	Storleik avvik
1209	Adm. fagområde	Kommunalsjef og fellesfunksjonar. Fylgjefeil frå 2021 knytt til overlapp mellom tilsette og feil budsjettering av tilskotsinntekter.	-kr 1 018 466,00

Teneste		Skildring av avvik	Storleik avvik
2320	Helsestasjon og jordmorteneste	Tilsett under utdanning og overlapp mellom tilsette har skuld i ein del av avviket. Ein del skuldast feil i budsjetteringa av tilskot.	-kr 1 039 093,00
2411	Legevakt	Auke i kostnader til IKL har ført til eit mindre budsjettavvik	-kr 347 312,00
2412	Fysioterapiteneste	Talgrunnlaget som låg til grunn for omlegging av fysiotenesta for nokre år tilbake har ført til ein urealistisk budsjettering av inntekter med påfølgjande budsjettavvik.	-kr 418 359,00
2440	Barnevernteneste adm	Den administrative delen av kostnadar til barnevern. Kraftig auke i kostnad dei siste åra. Viser ellers til revisjonsrapport.	-kr 625 466,00
2520	Barnevernstiltak utanfor familien	Store kostnadar etter enkeltvedtak. Eininga har liten kontroll over dette då vedtaksmynde er delegert til Hardanger Barnevern og me har avgrensa innsikt.	-kr 1 811 537,00
2530 og 2541	Ulvik omsorgstun og heimebaserte tenester	Store avvik i 2023. Har vore varsla i alle tertialar. Ressurskrevjande brukar med bemanning 1:1. Vakante stillingar både i drift og leiing. Mangelfull arbeidsplan. Dei store postane er knytt til kjøp av tenester frå vikarbyrå, og lønskostnad til egne tilsette. På toppen av dette har det vore fylgjefeil etter feilbudsjettering av tilskotsmidlar i 2021.	-kr 7 706 676,00
2531	Kjøkken	Avvik som skuldast kombinasjon av høgare matvarekostnad og lågare omsetning enn budsjettert.	-kr 572 984,00
SUM			-13 539 893

Som ein kan lese frå tabellen er dette store avvik som forklarar budsjettoverskridelsane i 2023. Mindreforbruk på andre tenesteområder/postar er orsak til at det samla avviket for 2023 er mindre enn det som kjem fram av tabellen.

For Ansvar 270 har det ikkje vore budsjettoverskridelsar når ein inkluderer fondsavsetningar (bruk av integreringstilskot frå tidlegare år).

§5-5 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - investering

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Helse og velferd				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
3 320	Digihelse og Kj-HST 2023				
	Utgift Digihelse og Kj-HST 2023	104 000	0	29 000	0
	Netto Digihelse og Kj-HST 2023	104 000	0	29 000	0
3 409	Utkjøp bilar PLOMS				
	Inntekt Utkjøp bilar PLOMS	-8 000	0	0	0
	Netto Utkjøp bilar PLOMS	-8 000	0	0	0
3 436	Sosio-programvare implementering				
	Inntekt Sosio-programvare implementering	0	0	-19 000	0
	Utgift Sosio-programvare implementering	324 000	0	339 000	0
	Netto Sosio-programvare implementering	324 000	0	320 000	0
4 254	Helseutstyr og inventar 2021				
	Utgift Helseutstyr og inventar 2021	0	0	0	346 000
	Netto Helseutstyr og inventar 2021	0	0	0	346 000
	Inntekt	-8 000	0	-19 000	0
	Utgift	428 000	0	367 000	346 000
	Netto	421 000	0	348 000	346 000

Det vart løyvd midlar til digihelse og digikjernejournal våren 2023. Prosjektet har ikkje gått som planlagt og ein har måtte legge innføringa av digihelse på is. Digikjernejournal har blitt innført som planlagt og er i drift.

Ein har vurdert sal av eldre bilar i eininga. Det har ikkje blitt gjennomført grunna svært lave bud på bilane, og behov i drifta. Nye bilar har me hatt utfordringar med i dagleg bruk på vinteren. Mange tilsette opplever dei eldre bilane som enklare og meir driftssikre i den kalde perioden. Noko av dette hadde vore løyst om ny carport kom på plass, men der har ein førebels ikkje funne ei løysing i dialog med fylkeskommunen. Ein av dei eldre bilane er seld som delebil etter havari. Samla sett har det vore behov for dei bilane me har, inkludert dei eldre.

Innføring av Sosio-programvare var tenkt finansiert innanfor ramma utan ekstraløyving. Det har vore endringar i leing siste året, og det er ikkje klart for noværande leing korleis dette var tenkt løyst. I rekneskapen ligg prosjektet som ei budsjettoverskriding på investering som me ikkje har dekning for andre stader.

4.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige	
Kommunelegeteneste	5,7	4,7	1	Lege i spesialisering. Mellombels auke kommunelege og leiar legekantor
Omsorgstunet	26,1	26,1	0,7	Inklusiv 2,4 administrativt. Mellombels stilling er pågåande lærlingløp
Adm hspl	1	1		Avdelingssjukepleiar
Administrasjon Helse og Velferd	1	1		Kommunalsjef
Ergoterapi	0,6	0,6		
Fysioterapi	2	2		
Flyktingteneste	1,17	1	0,17	
Heimehjelp	1,65	1,65	0	
Helsestasjon/skulehelseteneste	1,4	1,4	0	Overlapp 6mnd. Reduksjon til 1 fast årsverk medio 2024.
Folkehelse	1	1		Folkehelsekoordinator, 0,6 årsverk finansiert med prosjektmidlar.
Kjøkken	4,69	4,69		
NAV	1	1		
Rus og psykisk helse	1,6	0	1,6	Delvis Prosjektfinansiert
Brukarstyrt personleg assistent	1,4	0,7	0,7	
Forvaltning og tildelingskontor	1	1		0,4 +0,6 2 personar
Betre tverrfagleg innsats og barnekoordinator	0,4	0,4		
TOTALT	51,71	47,54	4,17	

4.1.2.3 Oppfølging av mål satt i økonomiplan

NAV og flyktning:

Mål frå økonomiplan 2023-2026: "Å få fleire ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønnstilskot).

Å nytta dei statlege økonomiske ordningane nokre brukarar har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak.

Få minst ein brukar over på kvalifiseringsstønad.

Hjelpa minst ein familie til å få kjøpt huset dei har leigd i fleire år, gjennom startlån/Husbanken"

- Ein brukar er på kvp (kvalifiseringsstønad) – to personar har starta opp, ei av desse er avslutta.
- Fleire er komme i arbeid, men det er ikkje nytta lønnstilskot.
- Fleire brukarar er i arbeidspraksis og får tiltaksstønad
- Ingen har kjøpt bolig

Blant ukrainske flyktningar så er det 5 personar som har kome seg ut i lønna arbeid i løpet av 2023. Då me først busette ukrainske flyktningar i 2022, var det 8 ukrainske deltakarar som deltok i introduksjonsprogram. 5 av 8 kom seg ut i fulltidsarbeid i løpet av 2023.

Helse og omsorg

Etter måla i økonomiplan 2023-2026:

1. Kutt i overtidbruk, ekstravakter og vikarar

Me har ikkje lukkast med å kutte kostnader. Vikarbruken har vore høg gjennom 2023, det same gjeld overtidbruk og ekstravakter. Eininga har dette høgt på agendaen og utfordringane er primært knytt til døgn drifta på Ulvik omsorgstun. Eininga har jobba parallelt med fleire prosessar i 2023: TØRN, ekstern revisjon, 10-faktor og endringar i leiarstruktur. Arbeidet held fram inn i 2024.

2. Skal skape ei robust eining

Det positive er at eininga har svært mange dyktige medarbeidarar med mykje kompetanse. Tenestene som vert levert er jamt over gode. Det manglar likevel mykje når det kjem til struktur, systematisk kvalitetsarbeid og effektiviseringstiltak. Delar av eininga fungerer godt, men er sårbar grunna få tilsette og små fagmiljø. Andre delar av eininga fungerer ikkje like godt, og slit med høge budsjettoverskridingar og avgrensa utviklingskapasitet.

Eininga jobbar kontinuerleg med å utvikla tenestene og å skape ei robust eining, men arbeidet i 2023 har ikkje kome like langt som ynskjeleg. Likevel må me trekke fram positive tiltak som TØRN-prosjektet og 10-faktorarbeidet.

3. Rekruttere

Rekruttering er og vil vere eit punkt høgt på agendaen i åra framover. Det har vore krevjande å rekruttere i 2023, og stillingar har stort sett vore ute i fleire rundar. Me har få søkjarar. Likevel har helse og velferd lukkast med å tilsetja i alle ledige stillingar i 2023. Det inkluderer fast tilsetjing i 4

leiarstillingar, 2 sjukepleiarar, kommunelege, 2 fysioterapeutar, sakshandsamar og flyktningskoordinator.

4. Utvikle samarbeid med andre

Gjennom 2023 har me samarbeida godt med andre på mange måtar. Administrativt er det god dialog med andre kommunar og helseforetak gjennom helsefellesskapet der me har representasjon både på leiarnivå og i faglege fora. Samarbeidet med Voss rundt friskliv og meistring fungerer godt og er ei svært positiv utviding av tenestetilbodet i Ulvik Herad. Samarbeidet med Eidfjord er godt og i 2023 har me samarbeida om prosjektleiar og BTI-koordinator.

4.1.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Legekantoret:

I første halvår gjekk drifta som normalt. Vi fekk ny LIS1 (turnuslege) etter vanleg årshjul 1.mars og 1.september. Fastlegestilling vart lyst ut, og ny lege tilsett frå 1.september. Han har ein ALIS-avtale med kommunen, dvs ei opplæringsstilling for spesialisering i allmenntmedisin, der kommunen må stilla med rettleiar. Han overtok pasientlista til kommunelegen, som samstundes gjekk ned til 50% stilling (kommunelege-, avdelingsleiar- og rettleiarfunksjon). Ny fastlege tok og over som tilsynslege ved Omsorgstunet.

Dei to fastlegane og LIS1 har vakter utanom arbeidstid etter oppsett plan ved Voss interkommunale legevakt. I tillegg deler dei på daglegevakt i Ulvik 08-16.

2.halvår vart vanskeleg for drifta grunna langtids sjukefråver for to sentrale medarbeidarar. Heldigvis kunne helsesekretær auka opp stillinga si, ein fekk låna 40% sjukepleiarressurs frå Omsorgstunet, og på hausten leigde kantoret inn pensjonert helsesekretær. Denne ordninga held fram i 2024.

Legekantor og helsestasjon planla og gjennomførte vaksinasjon saman, slik ein brukar gjera. I 2023 var det noko covid-vaksinar gjennom året, og influensa- og covid massevaksinasjon av risikogrupper i oktober.

Helsestasjonstenesta 2023

v/ Fagleg leiar for helsestasjon og skulehelsetenesta Gunnlaug Lekve

Totalt ca 60 born i helsestasjonsprogrammet pr. dags dato. 14 konsultasjonar og oppfølging frå 0-5 år pr barn.

- Tilstades på Hjeltnes Produksjonsskule som helsesjukepleiar kvar veke
- Barseltreff kvar onsdag, helsesjukepleiar deltek med tema. Tverrfagleg samarbeid med fysioterapeut, tannpleiar, lege, logoped, kommunepsykolog, bibliotek om tema/undervisning.
- Prosjektmedarbeidar Leik og le.
- Fagleg gjennomgang av nye rutinar
- Rettleiing helsesjukepleiar i skulehelsetenesta
- Vaksinasjon skuleelevar

- Helsetilbod flyktningar
- Vaksinasjon korona/influenza
- Open dør helsestasjon
- Telefonkonsultasjonar
- Merkantilarbeid (innkallingar og liknande)
- Interne og eksterne møter
- Administrative arbeidsoppgåver: internkontroll, rapportering og kvalitet sikringsarbeid
- Kompetanseheving, kurs
- Årshjul barseltreff
- Arkivering papirjournalar

Deltek i:

- Ressursteam for barn med overvekt
- Barnehageteam
- Markering av verdsdagen for psykisk helse i barnehage, Brakanes skule og Hjeltnes

Produksjonsskule

- Underutval for barn og unge
- Samarbeidsmøter Føde/barsel og helsestasjonane i lokal sjukehusområde
- Nettverkssamlingar for fagleiarar i helsestasjon og skulehelsetenesta
- Nettverkssamling for flyktninghelse
- Ansvarsgrupper/samarbeidsmøter (internt og eksternt)
- Barnevekststudien 2023

Skulehelsetenesta

v/ Helsesjukepleiar Åshild Lekve Eide
142 elevar på skulen

- Skulestartundersøking 1. klasse (med lege/fysioterapeut og helsesjukepleiar)
 - Vekt/høgdemål 3. klasse
 - Helsesamtale 8. klasse
 - Helsestund 9.klasse (med fysioterapeut og helsesjukepleiar)
 - Vaksinerings 2. kl., 6 kl., 7.kl, 10.kl.
 - Markering av verdensdagen for psykisk helse for heile skulen, samt barnehage og Hjeltnes
- Produksjonsskjema i veke 40-42. (helsesjukepleiar 2 stk og miljøterapeut)
- Undervisning:
 - 1.klasse «klassevenner» 3 timar.
 - 2.klasse «Vald og overgrep».
 - 3.klasse- undervisning om søvn, kosthald, skjermtid
 - 4. klasse- Følelsar
 - 5. klasse- pubertetsundervisning
 - 6. klasse – Sosiale media, veke 6 (seksualitet, kropp og pubertet).
 - 7. Følelsar og veke 6 (seksualitet, kropp og pubertet).
 - 9.klasse- seksualitetsundervisning 4 timar «Spør først» (med lege)

Skulehelsetenesta er styrka frå 6 timar i veka til 50% stilling. Tilstades på skulen 2 ½ dag i veka.

- Ungdata (2021) viser til at 15% har brukt helsesjukepleiar på skulen, mens talet for heile Norge er 34%. Open dør tilbodet er styrka. Forsking visar at born/ungdom ønskjer at helsesjukepleiarar skal

vere meir synleg og tilgjengeleg. Vere ute i friminutt, møte barn/ungdom der dei er. Økt behov i skulane. Ikkje berre Ulvik, gjeld heile landet.

- 50% stilling i skulen gjer at ein har mogelegheit til å gå meir inn i undervisning i klassane. Tema som vald/overgrep/seksuelle overgrep, psykologisk førstehjelp, grenser/kropp, pubertet, følelsar, samtykke, vennskap, utanforskap, mobbing, søvn, kosthald, skjermbruk, aktivitet, sosiale media, tryggleik i heimen, bildedeling. Satt opp undervisning i alle klassane, nokre klassar har fleire økter enn andre utifrå tema.
- Forbedringsarbeid for helsestasjon for ungdom. Vil bli gjennomført saman med markering av veke 6 kampanjen (SEX) på heile skulen. For ungdomsskuleelevane vil lege og helsesjukepleiar i helsestasjon ungdom dele ut spørreundersøkelse, slik at brukarane kan vere med å påverke korleis denne tenesta skal vere. Ønskjer å få opp brukartalet som frå Ungdata er 0% (tal frå 2021).
- Markering av verdsdagen for psykisk helse for både barnehage, Brakanes skule og Hjeltnes Produksjonsskule. Tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, helsesjukepleiar, styrar og fysioterapeut. Markering på skulen er samarbeid med lærarar, miljøterapeut og rektor.
- Ved vaksinasjon av skuleelevar nytta ein tidlegare sjukepleiar frå legekontor ved vaksinerings, i år vaksinerer helsesjukepleiarane saman og frigjev sjukepleiaren frå desse oppgåvene.
- Utarbeida ny digital brosjyre for heimebesøk saman med fagleiar.
- Utarbeida informasjonsskriv til føresette knytt til undervisning i skulen.
- Laga årshjul for skulehelsetenesta (inndelt i barneskule og ungdomsskule).

Andre arbeidsoppgåver:

- Skulehelseteam
- Tverrfagleg team
- Helsestasjon for ungdom (onsdagar)
- Ressursteam Zippys venner/Passport (livsmeistringsprogram i skulen)
- BTI prosjektmedarbeidar
- Koordinator for foreldrerettleiingsprogrammet ICDP
- Prosjektleiar for DigiHelsestasjon
- Fagnettverk barn som pårørnde
- Barn som pårørnde i småkommunane
- Ansvarsgrupper/samarbeidsmøter (internt og eksternt)
- Skriv nye rutinar for helsestasjon og skulehelsetenesta Compilo
- Tillitsvald for NSF
- Open dør tilbod
- Ressursperson i nettverk Snakkemedbarn RVTS
- Deltek i foreldremøter skule og barnehage
- Merkantilarbeid (innkallingar og liknande)
- Interne og eksterne møter
- Kompetanseheving, kurs

Institusjonskjøken

Kjøkenet på Ulvik omsorgstun jobbar kvar dag med å sikra god og variert mat til alle måltid for dei som bur på omsorgstunet. Me har søkelys på ernæring, smak og utsjånad av maten. Dette året har kjøkenet smurt frukost til begge avdelingane, då det har kunn vore bemanna med 1 personale, pga. ekstra resurskrevjande pasientar på somatisk. Normalt ordnar skjerma avdeling med frukost og kvelds sjølve. Somatisk får begge desse måltida tillaga. Begge avdelingar får lunsj, måndag til fredag, og middag kvar dag. På helg er det ikkje lunsj, men middagen er tidlegare på dagen, og ein serverar kake og kaffi i 16. tida, og noko ekstra godt til kvelds på laurdagen. I tillegg til mat til dei på huset, har me fleire heimebuande som etter behov får utkøyrte middag med dessert/kake kvar dag. Me har og hatt fleire som får frukost og kvelds heim.

Kjøkkenet har gjennom 2023 hatt ansvar for, eller arrangert:

- Skulemåltid:
- Seniorettreff:
- Ukrainas nasjonaldag:
- Haustfest:
- Julebord:
-

Året har vore prega av mykje langtids sjukemeldingar, der det på det meste har vore 2 – 3 personar sjukemelde samstundes. Me har heldigvis hatt tilgang på dyktige ringevikarar, som har letta noko av slitasjen. Kjøkenleiar som var i permisjon sa opp stillinga si i april, og det blei derfor ledig kokkestilling på kjøkenet då fungerande kjøkenleiar blei tilsett fast i stillinga.

Kokkestillinga som då blei ledig, blei då på 75% fast etter at ein ansatt på kjøkenet fekk auka opp stillinga si. Personen som hadde vikariert i stillinga søkte og fekk denne, fekk og samstundes eit 25% vikariat som går ut mars 2024. Desse 25% er frå ein fast stilling som blei redusert på bakgrunn av helsemessige årsak.

Kjøkendrifta blei heile 2023 påverka av at fryserommet vårt ikkje fungerte, og me hadde frysekonteinar ståande på «tunet». Frysekonteinaren var stabil, men drifta blei mykje tyngre fordi ein måtte gå lengre og dørene var tunge og vanskeleg å få opp og igjen. Når hausten kom med dårleg vêr bad me om å få eit midlertidig tak i overgangen mellom omsorgstun og konteinaren slik at me kunne stå tørt medan me opna frysen, og slapp at mat som skulle inn/ut blei våt. Me fekk taket i løpet av november. Tinga me nytta dageleg som brød og pålegg hadde me i alle frysarar på avdelingane, og i ein liten frys på gangen, som me fekk kjøpt då frysen rauk fyste gongen i 2022.

Frysen blei forsøkt reparert og satt i drift fleire gonger, men resulterte alltid i feil og alarmer, som var ei stor utfordring, me prøvde å nytta frysen til ned frysing av restar og brød. Men det var rett og slett ikkje råd og nytta den, og frå juni til 9 november var frysen heilt ute av drift, og belastningane frå alarmer forsvann. Frå november blei frysen reparert og etter ei stabil prøvedrift starta me så smått å flytta inn ting, slik at frysen skulle bli «stressa» litt.

Eit heilt år med frysekonteinar er lagt bak oss, og (bank i bordet) ser det ut til at frysen fungerer.

Ulvik omsorgstun og heimebaserte tenester:

2023 har vore eit krevjande år for omsorgstunet. Det har vore faktorar som har vore særleg krevjande for drifta med behov for ekstra bemanning. Underliggende utfordringar i drift har gjort seg gjeldande. Ved fråvær ender ein svært ofte med å ta inn personell på overtid fordi det ikkje er

andre å ta av. Fråværet har i periodar vore høgt. Ein har forsøkt i det lengste å unngå å ta inn ekstra folk. Det har til dømes vore lågt belegg på skjerma eining gjennom året. Her er det normalt 2 personar på vakt, men gjennom våren har ein svært ofte nytta eit personell frå skjerma til å styrke bemanninga på somatisk eining. Løysinga har ikkje vore optimal for dei tilsette, og det har vore ein del utfordringar undervegs for å få ressursflyten til å fungere. Ein har berre delvis lukkast.

Somatisk eining har hatt eit høgt arbeidspress store delar av året. Me har hatt ein situasjon med 1:1 bemanning for ein tenestemottakar. Det skapar bemanningsutfordringar for alle vakter. Ein har kontinuerleg vurdert bemanningsbehovet og redusert der ein kan. Mykje av belegget er kortidsplassar av ulik årsak. Desse har ein svært lite inntekt på, samstundes som dei ofte er dei mest ressurskrevjande. Det er store og brå variasjonar i arbeidsbelastning som gjer det krevjande å planlegge. Dette skuldast blant anna hyppige inn og utskivingar og akutte behov som oppstår. Ofte fører dette til rapportar om utslitte medarbeidarar som ikkje har fått pause, men det hender og at ein er for mange på jobb grunna plutsleg bortfall av behov ein har planlagt for.

Ferieavviklinga var som varsla svært krevjande også i år. Me gjekk inn i sommaren med fleire vakante stillingar og ein arbeidsplan med eit stort behov for ekstra arbeidskraft. Det var planlagt noko bruk av vikarbyrå, og me klarte å rekruttere noko lokalt. Oppbemanningsbehovet og vakante stillingar inn mot sommaren gjorde det naudsynt med totalt 5 vikarar frå byrå gjennom ferieavviklinga, i tillegg til sommaravtalar med eigne tilsette for å dekke forsvarleg drift.

Arbeidsplanen har generelt vore utfordrande gjennom året. Det har vore svært store manglar særleg på helg. Me har ikkje nok personar tilsett til å dekke helgevaktene og må stadig ha inn folk på ekstravakter. Dette skapar fort overtid og auka lønskostnader.

I tillegg til driftsutfordringar og vakante stillingar i drift har det vore vakanse på leiarsida. Fagsjukepleiar på omsorgstunet slutta i mai og avdelingsleiar for omsorgstunet slutta i juni. Det var beslutta å legge om strukturen og tilsette to leiarar. Avdelingssjukepleiar for heimebaserte tenster starta i august, men avdelingsleiar for omsorgstunet var ikkje på plass i stillinga før på nyåret 2024.

Heimesjukepleien har hatt mellom 30 og 40 brukarar i 2023, og heimehjelp (praktisk bistand) har hatt mellom 20-25.

Tildelingskontor og skjenkesaker:

På grunn av stor saksmengde over tid var det behov for å gjere endringar i organseringa av sakshandsaming for helse og velferdstenester. Skjenkesaker har og vore eit saksområde med ein del mellombelse løysingar over tid. Ein har vore avhengig av å leige inn konsulent for å handsame saker siste åra. Konsulent ved Ulvik omsorgstun gjekk av med pensjon ved nyttår 23/24 og hadde ei rekke oppgåver som måtte bli ivareteke.

Det vart derfor oppretta ei ny sakshandsamarstilling som skulle fungere i team med eksisterande sakshandsamar i kombinert stilling som ergoterapeut. Den nye organsieringa vert kalla tildelingskontoret og har ansvar for å handsame innkomne søknader om helse og velferdstenester og fatte vedtak, leie inntaksnemnda, handsame skjenkesaker, følgje opp vedtak (fritidskontaktar, avlastning, omsorgsløn), drive vederlagsberekning og fakturering, og ha eit ansvar for koordinerande eining.

Oversikt over søknadar på helse- og omsorgstenester 2023													
Omsorgsbehov	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Totalt
Langtidsopphald	0	1	4	0	1	2	1	1	1	0	2	0	13
Korttidsopphald	7	2	3	5	3	6	3	3	3	0	3	3	41
Avlasting	0	0	0	0	1	0	2	0	0	2	1	1	7
Heimesjukepleie	4	1	1	1	2	0	1	5	3	0	4	0	22
Heimehjelp	2	0	2	1	0	2	0	4	0	1	1	0	13
Tryggleiksalarm	2	0	2	0	0	1	0	1	1	0	1	1	9
Fritidskontakt	1	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	3	5
Matombringing	1	1	2	0	0	0	0	1	0	0	2	0	7
Omsorgsbustad	0	0	1	1	3	1	0	0	1	0	0	0	7
BPA	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
Omsorgsstønad	1	0	0	0	0	0	2	0	0	0	0	2	5
Følgjekort	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	1	2
Parkeringskort	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	2	4
Psykisk helse	0	0	2	1	0	0	0	0	0	0	0	0	3
Dagavdeling	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Antall søknader	19	5	18	9	10	12	11	15	9	4	14	13	139

Saksmengd skjenkesaker	
Avholdt kunnskapsprøve alkohollova	2
Avholdt etablerarprøva serveringslova	1
Tal løyvegebyr sendt ut	14
Tal sakar prikktildeling	1
Søknadar om skjenkeløyve for enkelthøve	5
Søknadar om skjenkeløyve for enkelthøve (utvida tid/stad)	3
Søknadar om skjenkeløyve (fast)	1
Søknadar om salsløyve	1
Søknadar om serveringsløyve	1
Søknadar om endringar i eksisterande løyve	2
SUM	31

Ergoterapi:

- Opphald i tenesta grunna sjukefråvær.

- Stor pågang på hjelpemiddelsentralen

Fysioterapi:

- 2 nye fysioterapeutar
- Fagleiar slutta i haust.
- Mindre endringar i organisering. Utfordrande.
- Tal brukarar
- BHT- rapport, lokalar.

For året 2023 er det rapportert fylgjande tal:

Pasientar i behandling i 2023: 262 pers.

Nye pasientar (tilkomst i løpet av året) 182 pers.

Flyktingteneste:

Blant ukrainske flyktingar er det 5 personar som har kome seg ut i løna arbeid i løpet av 2023. Me hadde også ein som hadde sommarjobb på Hjeltnes gartneri (sesongarbeid) og ein som hadde deltidsjobb på Coop Ulvik.

Då me fyrst busette ukrainske flyktingar i 2022 var det 8 ukrainske deltakarar i introduksjonsprogrammet. 5 av 8 kom seg ut i fulltidsarbeid i løpet av 2023. Me har i stor grad lukkast med å nå målsetninga, då flyktingar frå Ukraina har mykje kortare programtid enn flyktingar som får permanent opphald.

Aktivitetar i regi av flyktingtenesta og friviljuge i løpet av 2023 med mål om betre integrering og språktrening:

- Språkkafe 2-3 gonger
- Tur til Eidfjord i sommar 2023 (Vøringsfossen, Norsk Natursenter, lunsj på Hardangerviddahallen)
- Feiring av ukrainsk nasjonaldag på Omsorgstunet med mat og kaker
- Matkulturkveld med Bygdekvinnelaget
- Juleverkstad + graut på Den Grøne Kafé
- Julelunsj på Omsorgstunet
- Pensjonistnorsk x1 per veke.

NAV:

Sosialhjelpsmottakarar varierer - ligger mellom 30 – 40 jevnt over. Sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i Nav - er primær oppgåva – Både § 18, 19 og 29 (KVP). Sakshandsaming av introduksjonsprogram m/stønad

Økonomisk råd og rettleiing – få saker i 2023

Disponering av forvaltningskonti

Husbanksøknader- journalføring

Tiltaksarbeid – personar skal i aktivitet som fører til inntekt

Veldig mykje arbeid med Ukrainske flyktingar – eit høgt tal tolkesamtalar

Samarbeidsmøter

Rus- og psykisk helse:

Frå utgangen av mars 2023 har eininga ikkje hatt psykiatrisk sjukepleiar i klinisk arbeid som tidlegare. Tenesteområdet har vore dekkja av 2 miljøterapeutar i tett samarbeid særleg med NAV. Me har gjennom 2023 drifta eit lågterskeltilbod med utgangspunkt i Brakanestunet. Oppmøte er lågt men stabilt, og det er eit viktig tilbod for dei som nyttar det. Tenestene har i stor grad vore oppsøkkande og fleksible. Omfanget av tenesteområdet ligg på om lag 15 brukarar og personar i målgruppa ein har hatt kontakt med. Miljøterapeutane har samarbeida tett med legekontor, spesialisthelseteneste, NAV, helsestasjon, heimesjukepleie og heimehjelp. Miljøterapeut har og vore inne med eit tilbod på produksjonsskulen gjennom året, med gode tilbakemeldingar.

BPA:

- 2 tilsette i 2023
- 1 vedtak

Folkehelse:

- Folkehelseoversikt er utarbeida i 2023 som del av kunnskapsgrunnlaget til samfunnsdelen
- Samarbeid med friskliv og meistring på Voss er planlagt inn som del av det ordinære tenestetilbodet.

EKSTERNE TENSTER OG INTERKOMMUNALE TENESTER

Barnevern

Skal gjennomføre eiga orientering til HST.

IKL og ØHD

Interkommunale samarbeid. Eige årsmelding blir meldt opp til HST.

Krisesenter

Drift og kostnad i tråd med avtale og budsjett.

Kommunepsykolog

God dialog med eininga lokalt. Har gjennom siste del av året hatt 2 ulike psykologar inne, med ulike faglege fokus. Ein har fulgt opp vaksne, medan ein har hatt fokus på born og unge. Tilkomst av nye pasientar til individuell oppfølging ser ut til å være stabil. Det er gjennomført grupperettleiing for tilsette samt internundervisning.

PROSJEKTARBEID HELSE OG VELFERD 2023

Pågåande prosjekt

Tørn 2023-2024

Prosjektkode:

WebSak: 23/324

Status: Pågåande

Rapportering: Manglar informasjon

I Tørn-prosjektet gjøres det forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer på omsorgstunet.

Forsøka skal bidra til ein meir bærekraftig sektor ved å auke heiltidsdelen og delen tilsette med formell helsefaglig kompetanse. Tørn er nybrottsarbeid, og det krev langsigtig arbeid utover prosjektperioden som er slutt 2024. Prosjektet er i regi av KS. Frikjøpt prosjektleiar i 20% stilling ut 2024. Målet er nye arbeidstidsordningar, oppgåvedeling og tenestestyrt bemanning.

Økt digital deltakelse og kompetanse 2024-2025

Prosjektkode: Ulvik

WebSak: Ulvik

Status: Ikkje starta

Rapportering: 31. august 2025.

I interkommunalt samarbeid fekk Ulvik og Eidfjord 300 000 kr i tilskot til å legge til rette for etablering av eit lågterskel veiledningstilbud hvor personer med liten eller ingen digital kompetanse kan få hjelp og veiledning. Veiledningstilbudet skal gi innbyggere som har behov for det mulighet til å tilegne seg grunnleggende digital kompetanse, eller erfaring og trygghet til å lære seg å bruke digitale tjenester i egen hverdag. Me skal ha gjennomført tiltaket og planlagte aktiviteter innen 30. juni 2025. Ulvik herad har hovedansvar for gjennomføring av prosjektet. Tilskotet skal nyttast til engasjement av ien prosjektmedarbeidar, som på vegne av Ulvik og Eidfjord, arbeider for å få etablert veiledningstilbud i kommunene, prosjektleiing 10 % stilling ut prosjektperioden, samt kostnader i forbindelse med gjennomføring av kurs og veiledning.

Friskliv og meistring 2022-2025

Prosjektkode: 3318

WebSak: 22/192

Status: Pågåande

Rapportering: 01.04.2024

Voss etablerte i 2022 eit FoM som i 2024 har eit kunnskapsbasert basistilbud. Tilbudet er basert på helsedirektoratet sin vegleiar for FoM-sentralar. I 2023/24 har Voss tilbydt frisklivstilbod til innbyggjarar i Ulvik, Eidfjord og Vaksdal gjennom eit interkommunalt prosjekt, tilbudet blir nytta. Prosjektåret har gitt oss viktig erfaringsdata som vil vera viktig når me no skal sjå vidare på samarbeidsmodellen. Ny prosjektperiode vil vere vidare samhandling mellom nabokommunar og politisk forankring i kvar kommune. Vidare dele kunnskap og oppnå betre ressursutnytting på tvers av tenester, sektorar og kommunegrensar. Me ynskjer å forsetje i same modell i 2024/25.

Styrking og utvikling av helsestasjon 2024

Prosjektkode: 3442

WebSak: 24/174

Status: ågåande

Rapportering: 01.04.2024

Tilskot frå HD 431 369 kr i lønnsmidlar til helsesjukepleiar, arbeid med psykisk helse frå 01.01.2024.

Forprosjekt - Styrket arbeid med spiseforstyrrelser 2024

Kvam Herad har prosjektleiinga. Samarbeid gjennom kommunalsjefnettverket.

Avslutta prosjekter per. 31.12.2023

Leik og le 2021-2023

Prosjektkode: 3190

WebSak: 22/446

Status: avsluttast 31.12.2023

Rapportering: Endeleg rapport 01. April 2024

Prosjektet har gjort ei styrking av helsestasjonen og auke det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge i heradet. Det har kome fleire konkretiserte og standardiserte tiltak for barn og unge og deira familiar, gravide og deira partnarar og barselfamiliar. Prosjektet har opna opp for eit breiare samarbeid og gjort det i nokre tilfelle lettare å ta kontakt på tvers av yrkesgruppene. Arbeidet som er gjort til no er godt dokumentert og forankra i helsestasjon, skulehelsetenesta og fysioterapitenesta i heradet. Resultatet av Leik og Le- Aktive barn og unge vil bli vidare brukt til å bygge tenesta på tvers for å utvikle tilbodet i heradet i tråd med dei nasjonale og lokale retningslinjene.

Tilskot til foreldrestøttande tiltak 2021-2023 (ICDP-foreldrerettleiing i Ulvik og Eidfjord)

Prosjektkode: 3430

WebSak: 22/10

Status: avsluttast 31.12.2023

Rapportering: Endeleg rapport 01. April 2024

I 2021 søkte me og fekk 630 000 kr i midlar frå Bufdir til å sertifisere helsesjukepleiarar i Ulvik og Eidfjord, samt tilsette på skule og i barnehage i begge kommunar i ICDP foreldrerettleiing. Målet med prosjektet var å etablere og forankre eit universelt tilbod for foreldrerettleiing på Ulvik helsestasjon og Eidfjord helsestasjon. For å sikre breiare forankring av foreldrerettleiing utvida me prosjektet til at tilsette på skule og barnehage i Ulvik og Eidfjord kunne sertifiserast i ICDP. Åshild Lekve Eide starta som ICDP-koordinator april 2022. Åshild koordinerte oppstart og kursing med helsestasjon i Eidfjord, samt oppvekst i Ulvik og Eidfjord. Sommaren 2022 var det avtalt at det skulle gjennomførast ICDP-kurs hausten 2022. Det var påmeldt 2 tilsette frå skule i Ulvik, 4 tilsette frå barnehage i Ulvik samt helsesjukepleiar i Ulvik og Eidfjord. Skule og barnehage i Eidfjord ynskja ikkje å delta i prosjektet. Åshild kom inn på vidareutdanning i helsesjukepleie hausten 2023 i Bergen, og eg som prosjektleiar gjekk ut i foreldrepermisjon. Det var ikkje tilgjengelege ressursar i Ulvik til å koordinere prosjektet vidare hausten 2022 til våren 2023. Prosjektet stoppa midlertidig opp, det vart sendt ut informasjon om dette. Prosjektet fekk overført midlar til 2023. Åshild starta opp igjen i stillinga si i Ulvik juni 2023, og starta då med å koordinera oppstart av kursing av tilsette i ICDP. Dessverre var det slik at Bufetat som held ICDP-kursa i Bergen ikkje hadde moglegheit å setja opp nye kurs verken hausten 2023 eller våren 2024 pga. kapasitet. Alle påmelde frå førre runde står fortsatt på venteliste hjå Bufetat. Åshild har oversikten over påmelde deltakarar og vil gjennomgå denne på nytt ved ein ev. ny søknadsrunde. Me søker nye midlar til å prøve på nytt med sertifisering i ICDP for helsesjukepleiarar og tilsette i oppvekst i Ulvik og Eidfjord mtp. oppstart i 2025.

Tilskot til opplæring og implementeringsstøtte for å styrke den digitale kompetansen 2021-2023

Ulvik herad fekk 110 000 kr i tilskot til datahjelp for seniorar. Bibliotekar auka stillinga si med 20% for å arrangere datahjelp på biblioteket. Datahjelp for seniorar arrangerast som eit drop-in tilbod på biblioteket på fredagar. Prosjektet har fått positive tilbakemeldingar frå seniorane. Prosjektet starta opp i september og varer til mars 2022. Datahjelp er i drift som eit fast tilbod på biblioteket.

Tilskot til aktivitet og felleskap for eldre Ulvik herad 2022-2023

Status: Avslutta 31.12.2023

Rapportering: 01.04.2024

Aktivitetsskapar på omsorgstunet, seniortreff. Me fekk overført ein mindre sum pengar frå 2022 til 2023. Seniortreffet er no etablert med godt oppmøte og vert drifta utan bruk av prosjektmidlar.

Tilskot til kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg 2022-2023

Prosjektkode: 3434

Websak: 22/115

Status: Avslutta

Rapportering: 01.03.2024

Tilskot på 100 000 kr frå statsforvaltaren. Prosjektet har bidratt med å styrka kvaliteten i tilbodet til personar med behov for lindrande behandling og omsorg og deira pårørande, gjennom å auke kompetansen til palliativt team, samt å styrke forankringsarbeidet av teamet i planverket til heradet. Midlane har vore nytta til Lønn til kreftsjukepleiar, samt arrangement av fagdag og kompetanseheving.

Tilskot til betre tverrfagleg innsats: implementering

BTI-implementeringsprosjekt. Kjøp av prosjektleiar/BTI-korrdinator frå Eidfjord i 40% stilling.

Finansiert av prosjektmidlar. Byggar på tidlegare tilskot. Implementeringsarbeidet er i gang og held fram i 2024. Prosjektet er avslutta.

Status: Avslutta

Søknader	Søknadsfrist	Notat	Søknadsbeløp	
Seksuell helse	11.12.2023	Interkommunal søknad med Ulvik – skulehelsetenesta	410 000 kr	
Aktivitetstiltak for å motvirke ensomhet og passivitet	01.12.2023	Interkommunal søknad med Ulvik – møteplassar	441 000 kr	Avslått
Helseteknologiordningen: Tilrettelegging for å ta i bruk teknologi i den kommunale helse- og omsorgstjenesten	15.01.2024	Kompetanseheving i Velferdsteknologi og journal, Midlar til prosjektmedarbeidar	856 000 kr	Avslått

Søknader	Søknadsfrist	Notat	Søknadsbeløp	
Kompetanse- og tenesteutviklingsstilskot 2024	15.03.2024	Kompetansetilskot og tenesteutviklingsprosjekt	Ikkje sendt inn enda	
Tilskudd til inkludering av barn og unge 2024	03.11.2024	Søkt tilskot frå bufdir for å etablere utstyrssentral i Ulvik. Målsetninga er å kunne tilby utlån av fritidsutstyr til born og familiar. Fritidskort: Målsetninga er å tilby aktivitets/fritidskort til born og ungdom frå Ulvik. Kortet skal kunne nyttast som betalingsmiddel for fritidsaktivitetar.	2 073 008 kr	
Tilskot til inkluderings- og integreringsfremjande tiltak	01.03.2024	Søkt tilskot til å auke stilling til flyktningkoordinator med 30% - prosjektarbeid som frivilligheitskoordinator.	205 000 kr	
Foreldrestøttene tiltak	01.03.2024	Sendt inn søknad for ny periode 2024-2026. Fortsette ICDP-prosjektet der det stoppet opp.	408 417 kr	
Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringsstilbud (VFK)	01.03.2024	Siste året me søker midlar. Samarbeid med Voss, Eidfjord, og Vaksdal. Med tilskotsmidlar kjøper med tilgang til heile frisklivstilboda til Voss herad.	200 000 kr	
Prosjektskjønn 2024				Avslått

4.1.3 Internkontroll og tilsyn

Det har vore gjennomført branntilsyn ved Ulvik Omsorgstun i 2023.

5 Samfunn og plan

5.1 Drift og økonomi

5.1.1 Status på drift og måloppnåing på ansvarsininger

5.1.1.1 Økonomi

§5-4 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - drift

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Samfunn og plan				
Driftsinntekter	-13 280 000	-11 357 000	-11 874 000	-13 317 000
Driftsutgifter	37 579 000	32 440 000	33 492 000	37 047 000
Netto	24 299 000	21 083 000	21 618 000	23 730 000

Utfordringane i drift av teknisk eining i 2023

280 - Teknisk administrasjon

Snørik vinter i forhold til budsjett gjorde at budsjettet for vintervedlikehald for veg sprakk tidleg på året. Overskriddinga for 2023 er på om lag 400.000,- Snømengda varierar år for år og er utfordrande å budsjettera for. Ein legg difor opp til at dette vert justert i 1. tertial kvart år framover ut frå reell kostnad med vintervedlikehald.

I 2023 er det kjøpt inn tenester frå ekstern konsulent innan byggesak, plan, kart og oppmåling. Dette gjer at kostnadane pr sak er forholdsvis høge, og gebyra dekkja ikkje inn dei kostnadane ein har. Desse tenestene er difor i dag langt unna sjølvkost. Planprosessar vert stadig meir omfattande, og krev stadig nye utgreiingar. Utarbeiding av reguleringsplanar vert difor meir omfattande, noko som igjen fører til høgare kostnader for ein plan er endeleg vedteken. Reguleringsplan Hjelmvoll vart endeleg stadfesta av Statsforvaltaren.

Det har i 2023 ikkje vore lagt inn løn til prosjektstillinga i budsjettet. Dette, samt mindre andre feil i lønsbudsjettet er grunn til om lag 1 million av overskriddinga i 2023.

281 - Brann og brannførebyggjande arbeid

Brann og redning har i fleire år opplevd kostnadsauke knytt til husleige, tenestekjøp frå Voss og Bergen og kompetanseheving i tillegg til kostnadar knytt til utrykningar. 2023-budsjettet har teke høgde for mykje av dette, og budsjettet for 2023 vart stort nok til å dekkja utgiftene. Det vart brukt litt mindre kursmidlar enn det ein hadde lagt opp til. Grunna havari på ei brannpumpe vart det kjøpt inn ei lite brukt Pumpe frå Voss brannvern.

282 - Vatn og avløp

Det vart i 2023 jobba vidare med ny delplan for vatn og avløp. Denne vart diverre ikkje klar før året vart slutt, men er i sluttfasen.

Ulvik herad driv vassbehandlingsanlegg i Osa med to grunnvassbrønnar der me hentar ut råvatn med god kvalitet, vatnet treng lita behandling før det vert sendt ut på nettet. Høgdebassenget på Øydve sikrar jamn levering vidare. Det vert teke jamnlege prøvar av både råvatn i Osa, tappevatn på ulike stadar på nettet, badevatn i bassenget på skulen og i Holmen på sommaren. Anlegget har god kapasitet og leverer godt drikkevatn. Det er likevel naudsynt med sparing av vatn i lange tørkeperiodar, sidan vatning medfører eit enormt vassforbruk i periodar.

Slamavskiljaranlegget på Hjeltnes tek imot avløpsvatn frå store delar av Ulvik, det har god kapasitet og kan ta imot meir, det krev lite drift og vedlikehald. Den vert tømt ved behov etter avtale med Norva 24. Det har vore problem både med lukt og lekkasjar på sjøleidningen i 2023. Det er framleis utfordringar med pumpestasjonen på heradskaien.

Ulvik herad har ordning med tømning kvart andre år for bustadhus og fjøre år for fritidsbustad. Tenesta vart skild ut frå avlaup med eige sjølvkostrekneskap. I slutten av 2023 vart konklusjonen at heradet må ta ein gjennomgang av denne delen av sjølvkostrekneskapet. Totalt har heradet sitt ansvar for slamtømming for ca. 250 private abonnentar. Det praktiske arbeidet er utført av Norva 24.

Renteauke og generell kostnadsauke er med på å driva utgiftene til VA sektoren oppover. I tillegg har det vore naudsynt å bytta pumper, kolfilter og reparera sjøleidningen frå heradskaien til Hjeltnes i 2023. Dette er meirkostnader ein gjerne skulle vore utan, men er tilhøve ein ikkje rår over.

Mattilsynet gjennomførte tilsyn innan vatn i 2023, utan at det avdekka manglar som ikkje kunne løysast med egne ressursar.

Samla sett vart det ei overskriding av budsjettet i 2023. Mesteparten av summen er knytt til auka renteutgifter (ca 1,1 mill). I tillegg har det vore litt lågare gebyr enn budsjettet.

283 - Kommunale bygninger

Kommunale bygningar er omlag i balanse i 2023, og straumprisen er kome ned på eit litt lågare nivå enn den var på det høgaste. Det er framleis eit godt stykke ned til det som før vart rekna som ein normalpris.

Det var i 2023 ein del problem spesielt med fryserom på omsorgstunet, men like før året var omme vart problemet løyst og frysen fungerer no slik den skal.

§5-5 2. ledd Løyvingar til budsjettområda - investering

Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Samfunn og plan				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
2 135	Møterom kultur				
	Utgift Møterom kultur	49 000	0	10 000	0
	Netto Møterom kultur	49 000	0	10 000	0
4 025	Reguleringsarbeid Nedre Hjelmavoll/Ø.Skeie				
	Utgift Reguleringsarbeid Nedre Hjelmavoll/Ø.Skeie	0	0	14 000	0
	Netto Reguleringsarbeid Nedre Hjelmavoll/Ø.Skeie	0	0	14 000	0
4 026	Reguleringsplan Holmen 2022-2023				
	Utgift Reguleringsplan Holmen 2022-2023	0	0	8 000	0
	Netto Reguleringsplan Holmen 2022-2023	0	0	8 000	0
4 027	Reguleringsplan Brakanes 2022-2023				
	Utgift Reguleringsplan Brakanes 2022-2023	0	0	3 000	0
	Netto Reguleringsplan Brakanes 2022-2023	0	0	3 000	0
4 250	Fortau Storøyeni				
	Utgift Fortau Storøyeni	0	0	0	47 000
	Netto Fortau Storøyeni	0	0	0	47 000
4 367	Sjukeheim/omsorgsbustader				
	Utgift Sjukeheim/omsorgsbustader	0	0	0	5 000

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Netto Sjukeheim/ omsorgsbustader	0	0	0	5 000
4 428	Trafikksikringsplan 2018-2027				
	Utgift Trafikksikringsplan 2018-2027	0	1 150 000	1 150 000	0
	Netto Trafikksikringsplan 2018-2027	0	1 150 000	1 150 000	0
4 429	Kjøp areal Holmen 2018				
	Utgift Kjøp areal Holmen 2018	591 000	0	0	0
	Netto Kjøp areal Holmen 2018	591 000	0	0	0
4 430	Inventar barnehage 2019				
	Utgift Inventar barnehage 2019	0	0	0	142 000
	Netto Inventar barnehage 2019	0	0	0	142 000
4 437	Sal sjukeheim i Prestagarden				
	Inntekt Sal sjukeheim i Prestagarden	0	0	0	-3 734 000
	Utgift Sal sjukeheim i Prestagarden	0	0	1 000	231 000
	Netto Sal sjukeheim i Prestagarden	0	0	1 000	-3 503 000
4 446	Bilar helse				
	Utgift Bilar helse	0	300 000	300 000	0
	Netto Bilar helse	0	300 000	300 000	0
4 453	Inneklima Brakanes skule				
	Utgift Inneklima Brakanes skule	5 476 000	0	6 280 000	1 052 000
	Netto Inneklima Brakanes skule	5 476 000	0	6 280 000	1 052 000

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
4 455	Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg				
	Utgift Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg	0	0	0	84 000
	Netto Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg	0	0	0	84 000
4 457	Bagne skule sal				
	Inntekt Bagne skule sal	-270 000	0	-375 000	3 000
	Utgift Bagne skule sal	34 000	0	41 000	22 000
	Netto Bagne skule sal	-236 000	0	-334 000	25 000
4 458	Promenade 2020				
	Utgift Promenade 2020	0	500 000	500 000	0
	Netto Promenade 2020	0	500 000	500 000	0
4 459	Rehabilitering Finse skule				
	Utgift Rehabilitering Finse skule	0	0	0	48 000
	Netto Rehabilitering Finse skule	0	0	0	48 000
4 460	Utskifting panelomnar				
	Utgift Utskifting panelomnar	0	0	0	58 000
	Netto Utskifting panelomnar	0	0	0	58 000
4 461	Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg				
	Utgift Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg	1 242 000	0	248 000	0
	Netto Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg	1 242 000	0	248 000	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
4 462	Brannalarm tilkopa 110-sentral				
	Utgift Brannalarm tilkopa 110-sentral	0	0	0	145 000
	Netto Brannalarm tilkopa 110-sentral	0	0	0	145 000
4 467	Kommunale bustader div. tiltak				
	Utgift Kommunale bustader div. tiltak	0	0	0	338 000
	Netto Kommunale bustader div. tiltak	0	0	0	338 000
4 469	Utbetring av skulekjøkken				
	Utgift Utbetring av skulekjøkken	0	0	0	1 669 000
	Netto Utbetring av skulekjøkken	0	0	0	1 669 000
4 477	Lys på fotballbanen				
	Utgift Lys på fotballbanen	0	0	0	212 000
	Netto Lys på fotballbanen	0	0	0	212 000
4 478	Grindbygg Holmen				
	Inntekt Grindbygg Holmen	0	0	0	-150 000
	Utgift Grindbygg Holmen	0	0	0	169 000
	Netto Grindbygg Holmen	0	0	0	19 000
4 482	Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan				
	Utgift Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan	0	0	0	202 000
	Netto Universell utforming skule og barnehage jf tiltaksplan	0	0	0	202 000
4 484	Nytt lagerbygg				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Utgift Nytt lagerbygg	169 000	0	29 000	183 000
	Netto Nytt lagerbygg	169 000	0	29 000	183 000
4 486	Male kontor 2.høgd og lækjarkontoret				
	Utgift Male kontor 2.høgd og lækjarkontoret	0	0	0	45 000
	Netto Male kontor 2.høgd og lækjarkontoret	0	0	0	45 000
4 488	Skifte dører og ljøs kontor 2. høgd				
	Utgift Skifte dører og ljøs kontor 2. høgd	11 000	0	2 000	269 000
	Netto Skifte dører og ljøs kontor 2. høgd	11 000	0	2 000	269 000
4 489	Elvatun løpande vedlikehald				
	Utgift Elvatun løpande vedlikehald	0	0	0	64 000
	Netto Elvatun løpande vedlikehald	0	0	0	64 000
4 490	Forprosjekt nytt møterom heradsstyresal Sbygg				
	Inntekt Forprosjekt nytt møterom heradsstyresal Sbygg	0	0	-61 000	0
	Utgift Forprosjekt nytt møterom heradsstyresal Sbygg	61 000	0	61 000	294 000
	Netto Forprosjekt nytt møterom heradsstyresal Sbygg	61 000	0	0	294 000

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
4 492	Oppussing garderobar symjehall				
	Utgift Oppussing garderobar symjehall	84 000	0	0	20 000
	Netto Oppussing garderobar symjehall	84 000	0	0	20 000
4 493	Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun				
	Utgift Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun	79 000	0	13 000	136 000
	Netto Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun	79 000	0	13 000	136 000
4 499	Ombygging Sentrumsbygget				
	Inntekt Ombygging Sentrumsbygget	-6 100 000	0	-13 600 000	0
	Utgift Ombygging Sentrumsbygget	14 352 000	6 200 000	21 111 000	360 000
	Netto Ombygging Sentrumsbygget	8 252 000	6 200 000	7 511 000	360 000
4 502	Andre investeringar stab 2022				
	Utgift Andre investeringar stab 2022	1 847 000	1 540 000	1 747 000	0
	Netto Andre investeringar stab 2022	1 847 000	1 540 000	1 747 000	0
4 503	Investeringar barnehagen 2022-2025				
	Utgift Investeringar barnehagen 2022-2025	40 000	0	8 000	0
	Netto Investeringar barnehagen 2022-2025	40 000	0	8 000	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
4 508	VA-investeringar kloakk 2022-2025				
	Utgift VA- investeringar kloakk 2022-2025	0	500 000	500 000	22 000
	Netto VA- investeringar kloakk 2022-2025	0	500 000	500 000	22 000
4 509	VA-investeringar vatn 2022-2025				
	Utgift VA- investeringar vatn 2022-2025	329 000	1 300 000	1 300 000	22 000
	Netto VA- investeringar vatn 2022-2025	329 000	1 300 000	1 300 000	22 000
4 510	Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025				
	Utgift Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025	0	3 500 000	3 500 000	101 000
	Netto Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025	0	3 500 000	3 500 000	101 000
4 511	Vedlikehaldsplan veg 2022-2025				
	Utgift Vedlikehaldsplan veg 2022-2025	1 595 000	3 400 000	3 640 000	135 000
	Netto Vedlikehaldsplan veg 2022-2025	1 595 000	3 400 000	3 640 000	135 000
4 512	Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022- 2025				
	Utgift Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022- 2025	159 000	0	32 000	0
	Netto Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022- 2025	159 000	0	32 000	0
4 514	Investeringsplan uteområde skulen 2022-2025				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Inntekt Investeringsplan uteområde skulen 2022-2025	-160 000	0	-260 000	0
	Utgift Investeringsplan uteområde skulen 2022-2025	61 000	0	272 000	59 000
	Netto Investeringsplan uteområde skulen 2022-2025	-99 000	0	12 000	59 000
4 522	Etablering fleire ladepunkt ved komm bygg				
	Inntekt Etablering fleire ladepunkt ved komm bygg	-200 000	0	0	0
	Utgift Etablering fleire ladepunkt ved komm bygg	12 000	0	2 000	537 000
	Netto Etablering fleire ladepunkt ved komm bygg	-188 000	0	2 000	537 000
4 523	Leve heile livet reform				
	Utgift Leve heile livet reform	124 000	0	0	188 000
	Netto Leve heile livet reform	124 000	0	0	188 000
4 526	Ekstraordinært vedlikehald Brakanes skule				
	Inntekt Ekstraordinært vedlikehald Brakanes skule	-710 000	0	-710 000	0
	Utgift Ekstraordinært vedlikehald Brakanes skule	0	0	710 000	234 000
	Netto Ekstraordinært vedlikehald Brakanes skule	-710 000	0	0	234 000
4 527	Nytt kjøken til kantina på S-bygg				

	Beskrivelse	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
	Utgift Nytt kjøken til kantina på S-bygg	82 000	0	16 000	0
	Netto Nytt kjøken til kantina på S-bygg	82 000	0	16 000	0
4 528	Møblering utleigeleilegheit 2023				
	Utgift Møblering utleigeleilegheit 2023	15 000	0	0	0
	Netto Møblering utleigeleilegheit 2023	15 000	0	0	0
4 529	Tilrettelegging Holmen 2023				
	Utgift Tilrettelegging Holmen 2023	207 000	0	41 000	0
	Netto Tilrettelegging Holmen 2023	207 000	0	41 000	0
4 532	Ny heis i S-bygget 2023				
	Utgift Ny heis i S-bygget 2023	323 000	0	65 000	0
	Netto Ny heis i S-bygget 2023	323 000	0	65 000	0
	Inntekt	-7 440 000	0	-15 006 000	-3 881 000
	Utgift	26 941 000	18 390 000	41 605 000	7 092 000
	Netto	19 500 000	18 390 000	26 598 000	3 211 000

Samfunn og plan har ansvar over investeringsprosjekt knytt til rehabilitering og vedlikehald av bygg og anlegg.

Det største prosjektet i 2023 var ombygging av S-bygget. Dette prosjektet går over 2 år og vil vera ferdig i 2024. Ny heis, ventilasjon, brannvarslingsanlegg og kontor, møterom og heradsstyresal er ein del av dette prosjektet.

Rehabilitering av kai Tyssevika vart såvidt byrja på i 2023, men grunna tidleg vinter måtte ferdigstilling utsetjast til 2024.

Parkeringsplass barnehage vart utvida i 2024, med ei meir trafikksikker løysing.

Ved rullering av vedlikehaldsplanen for 2022-2023 vart det vedteke å slå saman postane for utbetring av fasaden på dei ulike delbygga på skulen til eitt prosjekt. Samla vart det då gitt ei ramme

på kr 4 200 000 eks. mva. til dei 4 tiltaka: 1. Fasade på symjehallen 2. Tak på B-bygget (administrasjon/bibliotek) 3. Fasade på hovudinngang, B-bygget 4. Fasade på baksida av B-bygget. Heradsstyre løyvde i tillegg kr 1 350 000 eks. mva. i sak 071/22 til dette prosjektet, dvs totalt kr 5 550 000 eks. mva. Dette vart ved ein feil ikkje lagt inn i budsjettet for 2023. Denne posten står difor utan løyving i oversikten, men prosjektet er gjennomført innanfor løyvd ramme. Dette prosjektet må sjåast ilag med 4461 - Taklekkasjar.

Prosjekt 4526 er gjennomført i samsvar med løyving i sak HST-012/23.

Prosjekt 4457 Sal av Bagnstrond skule har vore ein kostbar prosess, men salet er gjennomført og prosessen avslutta.

Det er etablert nytt leikeapparat i barnehagen i 2023.

Det står framleis igjen eit arbeid på kaier og bruer som etter planen skulle gjerast i 2023.

5.1.1.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
280	5,2	5,2	
281	0,5	0,5	
282	2,15	2,15	
283	11,4	11,4	

Stillinger samfunn og plan er fordelt som fylgjer:

280 Teknisk administrasjon har i 2023 5,2 årsverk

Adm. fagområde 100 %

Kommuneplan 100 %

Prosjektleiar samfunnsplan 100 %

Rådgjevar landbruk 60%

Rådgjevar skogsbruk, vilt og fiske 60 %

Kommunale veg 100%

281 Brann, redning og førebyggjande har totalt 0,5 årsverk

Eininga er dimensjonert i tråd med ny dimensjoneringsforskrift som tredd i kraft 1.03.2022.

Brannvernkoordinator 18% stilling

16 brannkonstabler i 2% stilling kvar.

Ulvik herad kjøpar brannsjef teneste frå Voss (interkommunalt samarbeid).

282 Vatn og avløp, har 2,15 årsverk

VA-ingeniør 70 % stilling

Driftspersonell VA 145% stilling

283 Bygningsavdeling har 11,4 årsverk

Byggansvarleg 100 % stilling

Vaktmeister 485 % stilling

Reinhald 555 % stilling

5.1.1.3 Oppfølging av mål satt i økonomiplan

I 2023 har eininga arbeidd etter følgjande mål:

Mål	Tidsaspekt	vilkår
Å levera gode tenesta med kort sakshandsamingstid innanfor dei gitte ramar	Kontinuerleg	Tilstrekkeleg bemanning og tilstrekkeleg kompetanse
Å få betre kontroll over økonomi i eininga og halde økonomiske resultat innanfor gitte ramar, via auka internkontroll og periodisk tertialrapportering	Kontinuerleg i økonomiplanperioden	Realistisk budsjettering
Å gjennomføre vedlikehaldsprosjekt i tråd med vedteken revidert vedlikehaldsplan for kommunale bygg	2023-2024	Tidleg prosjektering, tidleg anbud
å gjennomgå strømforsbruk og utarbeide rutinar for straumsparing på kommunale bygg og anlegg	Innan 01.09.2023	Utarbeida fagrapport
å starte arbeid med kartlegging av kommunale leikeplassar og gjennomføre tiltak etter "lavt hengande frukt" prinsippet	2022-2023	Tilstrekkelig bemanning og kompetanse
Å digitalisere byggesak	Ved utgangen av 2023	Tilstrekkelig bemanning, økonomi og kompetanse
Å ferdigstille detaljreguleringsplan for området Holmen, Hjelmavoll	Innan 1.11.2023	Tilstrekkeleg bemanning og økonomi
Å intensivere arbeid med samfunnsdelplan	2023	Tilstrekkeleg ressursar og økonomi
Å ferdigstille ny VA-plan	Innan 31.12.2023	Tilstrekkeleg ressursar
Å skaffa nytt drifts- og overvåkingsystem	Innan 01.06.2023	Skisseprosjekt i 2022
Å gjennomgå og evt. reforhandla avtalar innan drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg	Innan 31.12.2023	Tilstrekkeleg ressursar

Til tross for ressursmangel har me levert gode tenester til innbyggjarar og brukarar.

Betre økonomikontroll føreset realistisk budsjettering. Det er framleis ein jobb å gjera i forhold til budsjettering både på rett post og realistiske beløp ut frå forventing til tenestene.

Vi gjennomfører prosjekt som planlagt i den grada det er mogleg iht. vedtekne økonomiske rammer.

Me er godt i gang med arbeidet med ny samfunnsplan for Ulvik herad. Kunnskapsgrunnlaget er på plass, og arbeidet med samfunnsdelen vil koma i mål i 2024.

Arbeidet med VA-plan har teke lenger tid enn forventa, men etter ein del justeringar er den vil den verta vedteken i 2024.

